

Periodisk evaluering av samla studieportefølje ved Høgskulen på Vestlandet våren 2021

Rapport frå prosjektgruppe 27.5.21



Innholdsliste

Innholdsliste	2
Samandrag	4
1. Prosjekt periodisk evaluering av samla studieportefølje.....	5
1.1 Forankring	5
1.2 Mål for den periodiske evalueringa 2021	5
1.3 Avgrensing og operasjonalisering av mandatet sitt mål.....	6
1.4 Prosjektorganisasjon.....	6
1.5 Rammer for prosjektet.....	7
1.6 Organisering av arbeidet – medverknad og samarbeidsflater/grensesnitt til andre prosjekt.....	9
2. Kjenneteikn ved høgskulen sin samla studieportefølje	10
2.1 Studietilbod og studentar ved HVL	10
2.2 Finansieringsform	10
2.3 Studieprogram med praksis	11
2.4 Studentutveksling	12
2.5 HVL og sektorbiletet.....	13
3. Gjennomgåande utdanningsløp.....	14
3.1 Studieporteføljen si strategiske betydning	14
3.2 Avgrensing av mandat.....	14
3.3 Høgskulen sitt handlingsrom ved utvikling av studieporteføljen innanfor gitte rammer	15
3.4 Gjennomgåande utdanningsløp ved HVL	16
3.5 Gjennomgåande utdanningsløp ved dei fire fakulteta	21
3.6 Generelle og profesjonsspesifikke mastergradsprogram	30
3.7 Rekrutteringsgrunnlag vidare frå masterprogram til doktorgradsprogram	32
3.8 Gjennomgåande utdanningsløp i eit campusperspektiv	34
3.9 Årsstudium si strategiske rolle.....	37
3.10 Utdanningsamarbeid.....	42
3.11 Gradsprogram med internasjonal rekruttering	43
3.12 Studieporteføljen i lys av krav til å bli universitet.....	44
3.13 Vurdering	44
4. Korleis svarar HVL på regionalt og nasjonalt utdanningsbehov i lys av livslang læring.....	49
4.1 Avgrensingar og operasjonalisering.....	49
4.2 Arbeidslivet sitt utdannings-/kompetansebehov	50
4.3 Tilgang på utdanning.....	51
4.4 Arbeidslivsrelevans	54
4.5 Konkurranseseposisjon eksterne midlar	57

4.6	Omstillingsevne/prosesser ved HVL.....	59
4.7	Vurdering	61
5.	Studentrekruttering: HVL sin konkurranseposisjon regionalt og nasjonalt.....	62
5.1	Innleiing.....	62
5.2	Avgrensing.....	62
5.3	HVL og marknaden.....	62
5.4	Fyllingsgrad, venteliste og overskot – indikatorar nyttige for etterspurnad	69
5.5	Korleis vurdere etterspurnad.....	70
5.6	Konsekvensar for arbeidet med studentrekruttering.....	71
5.7	Rekruttering av eigne studentar til masterutdanning	72
5.8	Andre erfaringar 2017-2020	73
5.9	Vurdering	74
6.	Studieporteføljen si økonomiske berekraft	76
6.1	Innleiing – strategisk forankring og forankring i SEFØ-modellen	76
6.2	Avgrensingar og operasjonisering.....	76
6.3	Eksternfinansiert studieportefølje	76
6.4	Overordna styring av KD-finansiert studieportefølje.....	77
6.5	Studieporteføljen si økonomiske berekraft	83
6.6	Nye vurderingspunkt økonomisk berekraft	88
6.7	Vurdering	89
7.	Vurdering og oppsummering	91
7.1	Prosjektgruppa sine tilrådingar.....	91
7.2	Erfaringar med gjennomføring av den periodiske evalueringa	92
	Figurliste.....	94
	Tabelliste.....	94
	Vedleggoversikt.....	96

Samandrag

Det er første gong Høgskulen på Vestlandet (HVL) gjennomfører ei periodisk evaluering av samla studieportefølje.

Den periodiske evalueringa er forankra i HVL sitt [Rammeverk for det systematiske arbeidet med kvalitet i utdanningane](#). Styret har tidlegare godkjent SEFØ-modellen ([sak 29/19 Modell for styring av studieporteføljen 2019-23](#)), som skal brukast i evalueringa. I [styresak 54/20 Evaluering av den samla studieporteføljen – styret sine føringar](#) gav styret konkrete innspel til retning på evalueringa. Med dette som bakteppe vedtok rektor mandat for evalueringa 22.1.21.

Evalueringa har hatt eit særleg fokus på å skaffe kunnskapsgrunnlag om tilhøve knytt til gjennomgåande utdanningsløp med vekt på:

- HVL sin konkurranseposisjon regionalt, nasjonalt og internasjonalt
- Korleis HVL svarar på regionalt og nasjonalt utdanningsbehov sett i lys av Livslang læring
- Studieporteføljen si økonomiske berekraft

I tråd med føringar i mandatet er studieporteføljen av eigenfinansierte studium frå og med 60 studiepoeng særleg vektlagt i evalueringa.

I februar 2021 vart det etablert ei overordna prosjektarbeidsgruppe og to arbeidsgrupper. Dei to sistnemnde gruppene har hatt eit særleg fokus på høvesvis etterspurnad (her forstått som studentrekruttering) og økonomisk berekraft.

Strategisk leiargruppe, som er styringsgruppe for prosjektet, og Utdanningsutvalet ved høgskulen har vorte orientert undervegs om framdrift i prosjektet. Prosjektet har vore presentert på nokre fellesmøte og fakultetsleingane er blitt orienterte om evalueringa i dei årlege dialogmøta med prorektor for utdanning i mars.

Tidsramma for prosjektet har ikkje gjort det mogleg å orientere breitt i organisasjonen eller eksternt om dei funn som er vorte avdekka og systematisert i evalueringa, til dømes i fakultetsråd eller eksternt i kompetanseforuma.

Den periodiske evalueringa skal gje styret eit grunnlag for å utvikle langsiktige føringar og rammer for vidare strategisk utvikling av den samla studieporteføljen.

Rapporten gir styret eit omfattande datagrunnlag knytt til føringar gitt i mandat og dei prioriterte områda i SEFØ-modellen.

Prosjektgruppa tilrår at styret tek utgangspunkt i dette datagrunnlaget og prosjektgruppa sine vurderingar og oppsummering (kapittel 3 til 7) i det vidare arbeidet med utvikling av langsiktige føringar for strategisk utvikling av den samla studieporteføljen.

I tillegg må dei langsiktige føringane utviklast i ein vidare kontekst. Tidsbiletet i UH-sektoren er mellom anna prega av fleire sentrale stortingsmeldingar med betydning for utvikling av høgskulen si studieportefølje. Viktige spørsmål som til dømes finansiering av livslang læring er ikkje landa.

Pandemien vi no er inne i har også ført til mange og store endringar i organisering av undervisnings- og læringsformer, der det meste er vorte digitalisert. Høgskulen har samla erfaringar på dette området som også kjem til nytte når studiekvardagen ein gong nærmar seg «normalen» igjen.

1. Prosjekt periodisk evaluering av samla studieportefølje

1.1 Forankring

Den periodiske evalueringa av samla studieportefølje¹ er forankra i Rammeverket for det systematiske arbeidet med kvalitet i utdanningane²:

Ein gong kvar styreperiode skal høgskulen utføre ein strategisk gjennomgang av den samla studieporteføljen ut frå behov i regionen, nasjonale føringar og internasjonale trendar. Gjennomgangen skal vurdere i kva grad studieprogramma bidrar til å løyse samfunnsutfordringane og oppfylle HVL sine strategiske målsettingar, gi ei oversikt over kvaliteten i studieprogramma og økonomisk berekraft. Høgskulestyret skal vedta modellen som ligg til grunn for vurderinga.

Styret har hatt temaet periodisk evaluering av samla studieportefølje på dagsorden ved fleire høve:

- [Sak 28/17 Opptaksrammer for studieåret 2017-2018 for studier ved nærregion Bergen](#)
- [Sak 29/19 Modell for styring av studieporteføljen 2019-2023](#)
- [Sak 33/20 Løypemelding: Utvikling av studieporteføljen ved HVL](#)
- [Sak 54/20 Evaluering av den samla studieporteføljen – styret sine føringar](#)
- [Sak O-91/21 Løypemelding: Evaluering av den samla studieporteføljen](#)

Styret har slått fast at den periodiske evalueringa skal gjennomførast i studieåret 2020/21 og at SEFØ-modellen skal nyttast som verktøy i evalueringa.

Startskotet for evalueringa var styreseminaret i oktober 2020 (sak 54/20). Styret får no presentert resultatata i møte 10.6.21.

1.2 Mål for den periodiske evalueringa 2021

Mandatet for prosjektet (godkjent av rektor 22.1.21, sjå vedlegg 1) slår fast at:

Føremål:

Den periodiske evalueringa av høgskulen si samla studieportefølje skal gi styret eit grunnlag for å vedta langsiktige prinsipp for vidare strategisk utvikling av den samla studieporteføljen ved HVL.

Mål:

Basert på tilbakemeldingar frå styret i [sak 54/20 Evaluering av den samla studieporteføljen – styret sine føringar](#) skal evalueringa ha eit særleg fokus på å skaffe kunnskapsgrunnlag om tilhøve knytt til gjennomgåande utdanningsløp med vekt på følgjande moment:

- Levande campus
- HVL sin konkurranseposisjon regionalt, nasjonalt og internasjonalt
- Korleis HVL svarar på regionalt og nasjonalt utdanningsbehov sett i lys av livslang læring
- Studieporteføljen si økonomiske berekraft

¹ Med studieportefølje meiner vi her studietilbod som vert tilbydd over tid.

² [Rammeverk for det systematiske arbeidet med kvalitet i utdanningane ved HVL](#)

1.3 Avgrensing og operasjonisering av mandatet sitt mål

Evalueringa skal gje eit kunnskapsgrunnlag om studieporteføljen på institusjonsnivå utover det som vert lagt til grunn i den årlege prosessen med å evaluere og vidareutvikle studieporteføljen ved høgskulen³.

Overordna prosjektgruppe har avgrensa mandatet sitt mål og operasjonisert sentrale omgrep. Avgrensingane vert skildra og grunnlagt i dei aktuelle kapitla seinare i rapporten (kapittel 3 – 6, sjå også avsnitt 1.5.1 under).

I arbeidet med avgrensing peika overordna prosjektgruppe på at det er fleire større prosjekt som er etablert ved høgskulen og som må sjåast i samanheng. Særleg gjeld dette tilhøvet mellom den periodiske evalueringa av studieporteføljen og campusutviklingsprosjektet. Innsamling av data som vert gjort i den periodiske evalueringa kan vere med å danne eit grunnlag for vurderingar som skal gjerast i campusutviklingsprosjektet.

Overordna prosjektgruppe stilte spørsmål til styret⁴ om kor djupt den periodiske evalueringa skal gå inn i problemstillingar knytt til campus.

Styret støtta at campusperspektivet vert tona noko ned i denne evalueringa fordi studieporteføljen på den enkelte campus får mykje merksemd i campusutviklingsprosjekta. Det er framleis viktig å halde tett kontakt mellom dei ulike tilgrensande prosjekta i HVL, slik at ein dra nytte av kvarandre utan å gjere dobbelt arbeid.

I tråd med føringar i mandatet er studieporteføljen av eigenfinansierte studium frå og med 60 studiepoeng særleg vektlagt i evalueringa.

1.4 Prosjektorganisasjon

I tråd med mandatet vart det etablert ei overordna prosjektarbeidsgruppe, og to arbeidsgrupper⁵ som har hatt eit særleg fokus på høvesvis etterspurnad og økonomisk berekraft (heretter kalla arbeidsgruppe E og arbeidsgruppe Ø).

Oversikt over samansetnad av dei ulike gruppene er gitt i tabell 1.

³ Den årlege evalueringa munnar i november ut i styrevedtak om studietilbod med opptaksrammer som skal lysast ut for neste studieår. Dei prinsipp som styret vedtak for vidare utvikling av den samla studieporteføljen i samband med den periodiske evalueringa, vil vere retningsgivande for den årlege porteføljeutviklinga.

⁴ [Sak O-9/21 Løypemelding: Evaluering av den samla studieporteføljen](#)

⁵ I mandatet vart det lagt opp til at det skulle etablerast ei arbeidsgruppe (E/Ø). Ut frå effektivitetsomsyn har ein valt å opprette to arbeidsgrupper. Mandat for desse arbeidsgruppene er vedlagt rapporten.

Overordna prosjektarbeidsgruppe	<ul style="list-style-type: none"> - Bjørg Kristin Selvik, prorektor for utdanning (leiar av prosjektet) - Brit Julbø, prodekan for utdanning (Fakultet for ingeniør- og naturvitskap (FIN)) - Gunn Haraldseid, prodekan for utdanning (Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett (FLKI)) - Anne Grethe Naustdal, prodekan for utdanning (Fakultet for helse- og sosialvitskap (FHS)) - Mona Kristin Nytnun, prodekan for utdanning (Fakultet for økonomi og samfunnsvitskap (FØS)) - Sigurd Sandvold, prodekan strategiske satsingar (Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett/Prosjekt Livslang læring ved HVL) - Dag Stenvoll, prosjektleiar (Universitetsprosjektet) - Espen Fosse, avdelingsleiar (Avdeling for studieadministrasjon) - Kirsten Bakken, nestleiar (Avdeling for økonomi) - Ingrid Arnesen Råheim Grønsdal, førstelektor og hovudtillitsvald - Anna Emilie Hagen, studentrepresentant
Arbeidsgruppe etterspurnad	<ul style="list-style-type: none"> - Espen Fosse, leiar for Avdeling for studieadministrasjon (leiar av arbeidsgruppa) - Unni Beite Rogvin, fagleiar, Eining for opptak og rekruttering - Hans Eivind Dalsbø, seniorkonsulent, Eining for opptak og rekruttering
Arbeidsgruppe økonomisk berekraft	<ul style="list-style-type: none"> - Kirsten Bakken, nestleiar for Avdeling for økonomi (leiar av arbeidsgruppa) - Marit Virkesdal, seniorrådgivar, faggruppe for verksemdstyring - Svein Tore Sviggum, rådgivar, Avdeling for økonomi - Norodd Øvretun, rådgivar, Avdeling for økonomi

Tabell 1 Prosjektorganisering

Seniorrådgivar Merete Sviggum har vore leiar av sekretariatet. I tillegg har fylgjande bidrege inn i arbeidet med rapporten: seniorrådgivar Anne Gro Dalland, seniorrådgivar Anna Laupsa Helvik, seniorrådgivar Marit Virkesdal, rådgivar Norodd Øvretun, rådgivar Svein-Tore Sviggum, nestleiar Kirsten Bakken, seniorkonsulent Hans Eivind Dalsbø, faggruppeleiar/seniorrådgivar Unni Beite Rogvin og avdelingsleiar Espen Fosse.

1.5 Rammer for prosjektet

Evalueringa skal ta utgangspunkt i høgskulen og fakulteta sine strategiar. Modell for styring av studieporteføljen (SEFØ-modellen) skal brukast i arbeidet⁶

1.5.1 Bruk av SEFØ-modellen i den periodiske evalueringa

Det er første gong at Høgskulen på Vestlandet gjennomfører ei periodisk evaluering av samla studieportefølje, og såleis også første gong ein får erfaring med korleis SEFØ-modellen er egna som verktøy i evalueringa.

Gitt mandat, tidsramme og ressursar har overordna prosjektgruppe hatt eit særleg fokus på dei prioriterte områda Strategisk betydning, Etterspurnad (her forstått som studentrekruttering) og Økonomisk berekraft.

Når det gjeld området Strategisk betydning har ikkje alle indikatorane fått same merksemd i evalueringa. Under det prioriterte område Strategisk betydning i SEFØ-modellen har ein sett nærare på korleis studieporteføljen svarar på regionale og nasjonale utdanningsbehov (sjå kapittel 4). Vidare

⁶ [Rapport frå arbeidsgruppe: SEFØ-modellen vedteke av høgskulestyret i sak 29/19 \(møte 9.5.19\)](#)

har evalueringa hatt eit fokus på gjennomgåande utdanningsløp. I samband med styresak 54/20 gjorde dekanane greie for korleis studieporteføljen reflekterer høgskulen sine faglege satsingsområde (sjå presentasjonar frå styreseminaret⁷). Dette temaet er ikkje nærare omtala i denne rapporten.

I denne periodiske evalueringa er det ikkje gjort ei vurdering av korleis studieporteføljen imøtekjem dei prioriterte områda som til dømes internasjonalisering og digitalisering.

Det prioriterte området Fagleg berekraft er tona ned i evalueringa. Gjeldande indikatorane gitt i SEFØ-modellen innan dette området blir ivaretatt i dei årleg og periodisk kvalitetssikringa av det einskilde studieprogram, og i prosessar knytt til akkreditering⁸ av nye studietilbod.

I den periodiske evalueringa er nokre indikatorar frå SEFØ-modellen i større grad enn andre omtala. Overordna prosjektgruppe stiller også spørsmål om SEFØ-modellen bør justerast med nye eller endra indikatorar. Dette kan vere aktuelt også fordi Strategi HVL 2019-23 er under revisjon og sentrale føringar til dømes i Utviklingavtalen mellom Kunnskapsdepartementet og HVL er endra sidan SEFØ-modellen vart vedtatt i 2019.

1.5.2 Nasjonale og institusjonelle rammer for utvikling av studieporteføljen

Prinsippa for strategisk utvikling av studieporteføljen som styret skal vedta, må forankrast i nasjonale føringar og tidlegare vedtekne institusjonelle rammer (mellom anna operasjonalisert i SEFØ-modellen).

Tabellen under viser døme på slike rammer.

Døme på nasjonale rammer til uh-sektoren	Døme på nasjonale rammer for HVL	Døme på utarbeidde rammer for HVL gitt nasjonale føringar
<ul style="list-style-type: none"> - Finansieringsmodell for universitet og høgskular - Relevante stortingsmeldingar - Lov om universitet og høgskular - Studietilsynsforskrifta - Studiekvalitetsforskrifta - Forskrift om eigenbetaling 	<ul style="list-style-type: none"> - Utviklingsavtalen mellom HVL og KD - Tilbakemeldingar frå Kunnskapsdepartementet i etatsstyringsmøte - Årlege tildelingsbrev med øymerka studieplassar og krav til kandidatmåltal 	<ul style="list-style-type: none"> - HVL strategi 2019-2023 og fakulteta sine strategiar - Fusjonsavtalen mellom dei tre tidlegare høgskulene datert 25.05.16 - Dei til ei kvar tid gjeldande årsplanar og andre plandokument - Høgskulen sine eigne forskrifter om til dømes opptak, studium og eksamen

Tabell 2 Døme på nasjonale og institusjonelle rammer for utvikling av studieporteføljen ved HVL.

Nokre av desse rammene vert nærare omtala i dei neste kapitla.

Ulike rammer kan gje ulike signal for vidare utvikling av studieporteføljen. Forventningar i nye stortingsmeldingar er til dømes ikkje alltid harmonisert opp mot gjeldande finansieringssystem. Krav til stabilitet og kompetanse over tid i fagmiljø kan av og til stå i eit motsetningsforhold til forventningar til rask omstillingsevne når nye studietilbod vert etterspurde.

⁷ [Presentasjonar frå styreseminaret \(sak 54/20\)](#)

⁸ Fagleg vurdering av om ein høgare utdanningsinstitusjon eller et studietilbod fyller standardar og kriterium gitt av departementet og NOKUT, jf. uhl § 3-1 (1)

1.5.3 Bruk av datakjelder for å innhente kunnskapsgrunnlag i evalueringa

- Felles studentsystem/Tableau
Administrasjonssystemet for studentdata Felles Studentsystem (FS) er saman med dataverktøyet Tableau brukt til å hente ut data om aktive studieprogram og registrerte studentar. Desse programma er også brukt til å hente ut data om finansieringsmodellar, praksis, kvalifikasjonar, søknadsdata og studiepoengproduksjon.
- NSD sin Database for statistikk om høgare utdanning (DBH) inneheld alle innrapporterte data om studentar, studietilbod og organisering, i tillegg til økonomidata
- Samordna opptak
- Statistisk sentralbyrå
- Sjølvevalueringar gjort av dei fire fakulteta
- Sjølvutvikla ressursmodellar ved dei fire fakulteta
- KD sin finansieringsmodell for UH-sektoren
- Diverse stortingsmeldingar

1.6 Organisering av arbeidet – medverknad og samarbeidsflater/grensesnitt til andre prosjekt

Strategisk leiargruppe, som er styringsgruppe for prosjektet, og Utdanningsutvalet ved høgskulen har vorte orientert undervegs om framdrift i prosjektet. Prosjektet har vore presentert på fellesmøte mellom Utdanningsutvalet og Samhandlingsutvalet.

Prosjekt Livslang læring og Universitetsprosjektet har hatt representantar inn i prosjektgruppa.

Avdeling for kommunikasjon og samhandling har vore invitert til møte i prosjektgruppa, der tema var arbeidslivet sin etterspurnad etter HVL sine utdanningar.

Det har vore orientert om evalueringa i dialogmøte mellom prorektor for utdanning og fakulteta i mars.

I samband med utforming av styresaker om evalueringa er det gitt informasjon til Informasjons-, drøftings- og forhandlingsutvalet.

Det er også gitt informasjon om evalueringa på Vestibyen.no⁹.

Av mandatet går det fram at prosjektet skal sikre medverknad internt ved høgskulen og frå samfunns- og arbeidsliv.

Tidsramma for prosjektet har ikkje gjort det mogleg å orientere breitt i organisasjonen eller eksternt om dei funn som er vorte avdekka og systematisert i evalueringa, til dømes i fakultetsråd eller eksternt i kompetanseforuma. Av denne grunn vel prosjektgruppa å løfte fram funn og problemstillingar som høgskulen bør ha eit særleg fokus på i det vidare arbeidet med studieporteføljeutviklinga, heller enn å legge fram forslag til konkrete føringar/prinsipp for vidare utvikling av porteføljen.

Rapporten gir styret eit omfattande datagrunnlag knytt til føringar gitt i mandat og dei prioriterte områda i SEFØ-modellen. Prosjektgruppa tilrår at styret tek utgangspunkt i dette datagrunnlaget og prosjektgruppa sine vurderingar i det vidare arbeidet med utvikling av langsiktige føringar og rammer for vidare strategisk utvikling av den samla studieporteføljen.

⁹ [For første gong får studieporteføljen ei samla evaluering](#)

2. Kjenneteikn ved høgskulen sin samla studieportefølje

I dette kapitlet gir vi ei kort oversikt over høgskulen sin samla studieportefølje.


I vedlegg 5 ligg ein oversikt over studietilbodet på bachelor- master- og ph.d.-nivå slik det er framstilt i rapporten. For å gjera rapporten oversiktleg er ikkje desse tabellane inkludert i sjølve rapporten. Ein meir detaljert presentasjon av ulike sider ved studieporteføljen vert omtala i dei påfølgande kapitla.

Datakjelder: Alle data i kapitlet er henta frå Felles studentsystem (FS) og Database for statistikk om høgare utdanning (DBH). Der ikkje anna er sagt er tal på studentar omgjort til heiltidsstudentar. I figurar og tabellar i dette kapitlet er alle studieprogramkodar på alle studienivå talt, både eigenfinansierte og eksternfinansierte. Dette gjer at talet på studieprogram ikkje kan samanliknast direkte i kapittel 2 og kapittel 3.

2.1 Studietilbod og studentar ved HVL

Høgskulen på Vestlandet har 339 aktive studieprogram innan 31 utdanningsområde¹⁰ fordelt på 5 campus. Ein stor del av studietilbodet til høgskulen er profesjonsretta utdanningar. Med 15 338 registrerte studentar våren 2021 ligg HVL på 7.-plass blant dei statlege universiteta og høgskulane rangert etter studenttal.

Figuren under viser ei oversikt over studieprogram og registrerte studentar på dei fem campusane ved HVL våren 2021. I figuren er alle aktive studieprogram ved HVL talt med, uavhengig av kva studienivå programmet ligg på og om studieprogrammet er eigenfinansiert eller eksternfinansiert.



Figur 1 Studentar og studieprogram på HVL sine campus våren 2021. Kjelde: DBH Alle aktive studieprogram ved HVL talt med, uavhengig av kva studienivå programmet ligg på og om studieprogrammet er eigenfinansiert eller eksternfinansiert

2.2 Finansieringsform

Vi skil mellom eigenfinansiert (finansiering frå Kunnskapsdepartementet (KD)) og eksternt finansiert studietilbod (bidrags- og oppdragsfinansiert verksemd/eigenbetaling).

¹⁰ [DBH](#)

Tabellen under viser fordeling av studieprogram og registrerte studentar fordelt på finansieringsform for høgskulen under eitt og per fakultet.

Fakultet	Studieprogram	Del av studieprogram	Registrerte studentar	Del av studentar
FHS	81		4341	
Eigenfinansiert	74	91 %	4147	95 %
Eksternfinansiert	7	9 %	194	5 %
FIN	64		2914	
Eigenfinansiert	57	89 %	2804	96 %
Eksternfinansiert	7	11 %	110	4 %
FLKI	147		5983	
Eigenfinansiert	88	60 %	4778	80 %
Eksternfinansiert	59	40 %	1205	20 %
FØS	47		2100	
Eigenfinansiert	37	79 %	1964	94 %
Eksternfinansiert	10	21 %	136	6 %
Totalsum	339		15338	
Eigenfinansiert	256	76 %	13693	89 %
Eksternfinansiert	83	24 %	1645	11 %

Tabell 3 Fordeling av eigenfinansierte og eksternfinansierte studieprogram på fakultet. I tabellen er det talt registrerte studentar, ikkje heiltidsstudentar. Kjelde: DBH

2.3 Studieprogram med praksis


Tabellen under viser fordeling av studium med og utan praksis ved dei fire fakulteta. Når vi snakkar om studieprogram med og utan praksis her vert alle program der det er markert at studieprogrammet inneheld praksis i Felles studentsystem (FS) rekna som praksisprogram. Vi skil ikkje mellom ulike typar praksis, kor vidt det er snakk om egne praksisemne eller om praksisen er del av andre emne eller om praksisen er obligatorisk eller frivillig. Studieprogram som inneheld praksis, men der dette ikkje er lagt inn i FS, vert ikkje talt som praksisprogram her.

Fakultet	Studieprogram	Del av studieprogram	Heiltidsstudentar	Del av heiltidsstudentar	
FHS		81		3911	
	Ikkje praksis	47	58 %	547	14 %
	Praksis	34	42 %	3363	86 %
FIN		64		2844	
	Ikkje praksis	62	97 %	2695	95 %
	Praksis	2	3 %	149	5 %
FLKI		147		4829	
	Ikkje praksis	97	66 %	1340	28 %
	Praksis	50	34 %	3489	72 %
FØS		47		1842	
	Ikkje praksis	43	91 %	1778	97 %
	Praksis	4	9 %	64	3 %
Totalsum		339		13425	
	Ikkje praksis	249	73 %	6360	47 %
	Praksis	90	27 %	7065	53 %

Tabell 4 Fordeling av studentar og program med og utan praksis. Alle studieprogramkodar er talde med. Kjelde: DBH

2.4 Studentutveksling

Figuren under viser både inn- og utreisande utvekslingsstudentar med opphald på utvekslingsstaden i over 3 månadar frå 2018 til 2020. På grunn av Covid-19 pandemien var 2020 eit unntaksår med få inn- og utreisande studentar.



Figur 2 Inn- og utreisande studentar med opphald over 3 månadar i perioden 2017-2020 Kjelde: DBH/Tableau

Elles ser ein at frå 2017 ser ein auke i utreisande studentar dei neste åra ved alle fakultet utanom FIN, særleg FLKI har hatt ein auke i talet på utreisande studentar i denne perioden. Samstundes ser ein at

det har vore ein nedgang i talet på innreisande studentar ved alle fakultet utanom FIN i den same perioden.

2.5 HVL og sektorbiletet

Tabellen under viser korleis HVL scorar på eit utval nasjonale styringsparameterar samanlikna med andre utdanningsinstitusjonar.

Nasjonal styringsparameter	Sektorbiletet	HVL	UiB	UiS	Oslo Met	USN	HiNN	UiA
Tal kvalifiserte søkarar per studieplass	Statlege: 2,5 Private: 1,6	2,0	2,7	2,6	3,5	2,1	2,0	2,1
Strykprosent	Statlege: 5,8 Private: 5,6	5,8	4,5	6,2	6,9	8,6	6,0	6,2
Karakterar A og B	Statlege: 42,6 Private: 42,6	39,0	43,0	41,3	41,0	36,5	36,1	39,9
Studiepoengproduksjon per student	Statlege: 47,6 Private: 45,0	49,2	45,6	46,8	50,4	47,7	47,7	48,2
Studiepoengproduksjon per fagleg årsverk	Statlege: 437,6 Private: 1247,4	577,6	348,8	503,7	649,4	606,0	847,1	593,2
Studentar per faglege årsverk	Statlege høgskular: 17,76 Universitet: 9,59	13,71	7,75	12,41	16,12	15,89	24,21	14,77
Fagleg tidsbruk, studentar	Statlege: 34,1	31,9	33,0	34,3	31,8	33,2	33,6	31,9
Studenttilfredsheit	Alle institusjonar: 4,1	3,9	4,1	3,7	4,0	4,0	4,0	4,0
Bachelor gjennomført normert tid	Statlege: 50,7 Private: 51,8	57,5	41,1	45,4	55,6	49,3	58,9	55,6
Master gjennomført normert tid	Statlege: 52,2 Private: 70,4	53,0	55,5	45,1	44,0	45,1	46,0	55,2

Tabell 5 Nøkkeltal HVL og sektorbiletet (Kjelde: Tilstandsrapporten 2021: <https://diku.no/rapporter/dikus-rapportserie-07-2021-tilstandsrapport-for-hoeyere-utdanning-2021> og DBH)

3. Gjennomgåande utdanningsløp

3.1 Studieporteføljen si strategiske betydning

Under det prioriterte område Strategisk betydning i SEFØ-modellen skal vi vurdere korleis studieporteføljen svarar på regionale og nasjonale utdanningsbehov¹¹. I tillegg skal vi vurdere i kva grad studieporteføljen støttar opp under og bidreg til at dei strategiske måla til høgskulen vert nådd.

Den strategiske retninga for studieporteføljen er mellom anna gitt i:

- HVL strategi 2019-2023 og fakulteta sine strategiar
- Fusjonsavtalen mellom dei tre tidlegare høgskulene datert 25.05.16
- Utviklingsavtalen mellom HVL og Kunnskapsdepartementet
- Kunnskapsdepartementet si tildeling av øymerka studieplassar og krav til kandidatmåltal
- Diverse stortingsmeldingar

HVL strategi 2019-2023 slår fast at høgskulen har som ambisjon å bli eit universitet med ein tydeleg profesjons- og arbeidslivsretta profil. Dette inneber mellom anna at høgskulen må tilby gjennomgåande utdanningsløp frå bachelor- til ph.d.-nivå¹².

Målet i HVL sin strategi 2019-23 er fylgt opp i strategidokumenta til dei fire fakulteta, som alle slår fast at dei skal tilby gjennomgåande utdanningsløp til studentane, frå bachelor- til ph.d..

Strategien peiker vidare på at grunnutdanningane er bærebjelken i høgskulen si studieportefølje.

Fusjonsavtalen slår fast at det skal vere tilbod om masterutdanningar ved alle fem campus.

Utdanningssamarbeid med andre utdanningsinstitusjonar på Vestlandet er trekt fram som eit mål i revidert utviklingsavtale, særleg gjeld det institusjonar med komplementær kompetanse.

Det er i den seinare tida lagt fram ei rekke stortingsmeldingar som gir føringar for strategisk utvikling av høgskulen si studieportefølje. Som døme vert det vist til omtale av Meld. St. 14 (2019–2020) «Kompetansereforma – Lære heile livet». Regjeringa si satsing på livslang læring er ikkje avgrensa til dei tradisjonelle etter- og vidareutdanningstilbod. Denne satsinga gjeld også for gradsutdanningane i gjennomgåande utdanningsløp.

3.2 Avgrensing av mandat

Mandatet for den periodiske evalueringa slår fast at evalueringa skal ha eit særleg fokus på å skaffe kunnskapsgrunnlag om tilhøve knytt til gjennomgåande utdanningsløp.

Gjennomgåande utdanningsløp vert i mandatet definert som *alle studieprogram på bachelor-, master- og ph.d.-nivå og samanhengen mellom desse programma*.¹³

I kvalifikasjonsrammeverket for høgare utdanning vert desse tre nivå omtala som høvesvis 1., 2. og 3. syklus.¹⁴

¹¹ Det vert gjort nærare greie for dette i kapittel 4.

¹² Studiekvalitetsforskrifta § 3-7 (1) og (2) slår fast at institusjonar som skal søkje akkreditering som universitet må ha rett til å tildele doktorgrad aleine på minst fire fagområde. Desse doktorgradsområda skal vere godt dekkande for institusjonen sin faglege profil og dekke vesentlege delar av institusjonen si faglege verksemd. Vidare skal institusjonen aleine ha akkreditering for minst fem studietilbod på høgare grads nivå (§ 3-7 (6)).

¹³ Ofte vert tilhøvet mellom desse tre nivåa i ein institusjon omtala og illustrert som ein utdanningspyramide

¹⁴ Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk for livslang læring (NKR), fastsett av KD 15.12.11

Overordna prosjektgruppe har gjort følgjande avgrensing av tema som bør løftast fram/kartleggast i den periodiske evalueringa knytt til gjennomgåande utdanningsløp:

1. Tilhøvet mellom studieprogramma på bachelor-, master- og doktorgradsnivå
2. Studieporteføljen i lys av krav til å bli universitet
3. Årsstudium si strategiske rolle

3.3 Høgskulen sitt handlingsrom ved utvikling av studieporteføljen innanfor gitte rammer¹⁵

Akkreditering¹⁶:

Etablering av nye studietilbod føreset akkreditering. Høgskulen kan sjølv akkreditere nye bachelorprogram. Same fullmakt er gitt for masterprogram innan fagområde der HVL kan tildele doktorgrad (akkrediteringsmynde er delegert til Utdanningsutvalet¹⁷). For fagområde der HVL ikkje kan tildele doktorgrad, er det NOKUT som fattar vedtak om akkreditering av mastergradstudium¹⁸.

Ved innføring av endringar i Studiekvalitetsforskrifta i 2017 vart mellom anna krav til fagmiljø på master- og doktorgradsstudium forsterka og skjerpa samanlikna med tidlegare kriterium¹⁹.

Finansierte studieplassar:

Årlege tildelingsbrev frå KD med øymerka/fagspesifikke studieplassar og krav til kandidatmåltal gir også ei retning for kva studieportefølje høgskulen skal tilby. I tillegg til dei øymerka/fagspesifikke studieplassane (som er knytt til studieprogram eller fagområde) har vi fått tildelt frie/strategiske studieplassar der vi sjølv har vurdert studietilbod i. Tabellen under viser fakulteta si samansetjing av desse type studieplassar. Den delen av studieplassane som er knytt til frie/strategiske, er det større handlingsrom knytt til på institusjonsnivå.

Type studieplassar	FLKI	FHS	FIN	FØS	Ufordelte	Sum
Frie/strategiske studieplassar	678	608	654	1 094	10	3 044
Øymerka/fagspesifikke studieplassar	3 961	3 049	2 545	300	0	9 855
Sum finansierte studieplassar	4 639	3 657	3 199	1 394	10	12 899

Tabell 6 KD si fordeling av frie/strategiske studieplassar og fagspesifikke studieplassar. Dette er heiltids studieplassar, og der alle kull er rekna med. Kjelde: Orientering om statsbudsjettet for universitet og høgskular 2002 – 2020.

Det vert også vist til kapittel 6 Økonomisk berekraft for ytterlegare informasjon om tildelte studieplassar og bruk av desse.

Krav til kandidatmåltal:

Departementet har fastsett kandidatmåltal for helse- og lærarutdanningane. Dette er utdanningar der det er særleg viktig at sektoren når måla for å møte behovet i samfunnet. Kunnskapsdepartementet regulerer derfor talet på kandidatar i desse utdanningane. Kandidatmåltala er eit minstekrav til talet på uteksaminerte kandidatar frå den enkelte institusjonen.

¹⁵ Sjå også avsnitt 1.5.2 Nasjonale og institusjonelle rammer for utvikling av studieporteføljen

¹⁶ Fagleg vurdering av om ein høgare utdanningsinstitusjon eller et studietilbod fyller standardar og kriterium gitt av departementet og NOKUT, jf. uhl § 3-1 (1)

¹⁷ Jf. [Sak 33/20 Løypemelding: Utvikling av studieporteføljen ved HVL](#)

¹⁸ Jf. [Lov om universiteter og høyskoler § 3-3 \(2\)](#)

¹⁹ [Rundskriv F-03-16](#)

I Orientering om statsbudsjettet 2021 for universitet og høyskular er følgjande kandidatmåltal gitt for HVL for 2021:

Studieprogram med kandidatmåltal	Kandidatmåltal 2021
Helsefagutdanningar	
ABIO (anestesi, intensiv, operasjon)*	65
Bioingeniør	39
Teiknspråk og tolking (ved FLKI)	20
Ergoterapi	30
Fysioterapi	68
Jordmorutdanning*	35
Radiografi	25
Sjukepleiar	447
Vernepleiar	86
Lærarutdanningar	
Barnehagelærarutdanning	248
Grunnskulelærer (GLU) 1-7	186
Grunnskulelærer (GLU) 5-10	137
Praktisk pedagogisk utdanning, allmenn (PPU-A) og yrkesfag (PPU-Y)	276
Faglærarutdanning	48
Teiknspråk og tolking **	20

Tabell 7 Kandidatmåltal for HVL 2021. Kjelde: Orientering om statsbudsjettet 2021 for universitet og høyskular

*Kandidatmåltal for vidareutdanning ** I statsbudsjettet er studieprogrammet kategorisert som helsefagutdanning. Ved HVL er studiet knytt til FLKI.

Organisering:

Korleis HVL vel å organisere studieprogramma gir eit handlingsrom for utvikling av studieporteføljen. Regjeringa si satsing på livslang læring (sjå også kapittel 4) handlar ikkje berre om tradisjonelle etter- og vidareutdanningar, men om korleis høyskulen legg til rette for at studentar kan kombinere utdanning på og utanfor campus (også grunnutdanning) med andre gjeremål. Det ligg difor eit potensiale i å sjå på moglegheiter for å organisere eksisterande studieportefølje av grunnutdanningar og masterutdanningar på nye måtar (studium på heiltid eller deltid, stad- og/eller nettbasert, campusovergripande) som eit supplement til dei etablerte studiemodellane, for å nå nye målgrupper.

3.4 Gjennomgåande utdanningsløp ved HVL

3.4.1 Om datagrunnlaget

Datagrunnlaget, som vi bruker for å vise gjennomgåande utdanningsløp (gradsgivande studieprogram) ved HVL, er henta frå Felles studentsystem (FS) og Tableau.


Når vi tel studieprogram i dette kapittelet er desse definert ved studieprogramtypar. Til dømes reknar vi at vi har eit bachelorprogram i sjukepleie, sjølv om vi tar opp studentar på ulike campus, og vi gjev tilbod både på heiltid, deltid og desentralisert. Eit mastergradsprogram med fleire studieretningar vert også talt som eit studieprogram.

Studentar er her definert som aktive studentar med registerkort på eit studieprogram på bachelor- master- eller ph.d.-nivå i det gjeldande semesteret. Alle registrerte studentar er rekna om til heiltidsekvivalentar om ikkje noko anna er definert.

For meir informasjon om bruk av datakjelder, sjå avsnitt 1.5.3.

3.4.2 Studieprogram

Våren 2021 er det registrert 86 studieprogram knytt til gjennomgåande utdanningsløp ved høgskulen. Dette er studieprogram med registrerte aktive studentar våren 2021 og er fordelt på studienivåa i utdanningspyramiden som vist i figur under.



Figur 3 Studieprogram ved HVL på fordelt på bachelor-, master og doktorgradsnivå vår 2021. Dette er program med registrert aktive studentar vår 2021. Dei 5-årige integrerte masterprogramma i GLU er medrekna i talet på masterprogram. Kjelde: Felles Studentsystem/Tableau.

Prosentvis fordeling av studieprogram og registrerte studentar vår 2021 på dei tre ulike nivåa går fram av figurane under.


Figur 4 under viser tilhøvet mellom studieprogram og studentar registrert på dei tre ulike studienivåa for HVL samla sett. Seks av ti studieprogram i gjennomgåande utdanningsløp er bachelorprogram, medan sju av ti studentar (heiltidsekvivalentar) er registrert på eit bachelorprogram. Ein av tre studieprogram er 2-årige masterprogram, medan berre om lag 1 av 8 studentar går på desse programma.

Fleire av masterprogramma er nyetablerte og har i dag berre registrerte studentar i 1. studieår.

Studieprogram på masternivå vert ofte tilbydd på deltid, slik at talet på masterstudentar reelt er større, sidan vi her har rekna om til heiltidsekvivalentar.

Dei to 5-årige integrerte masterprogramma i GLU (1.-7. trinn og 5.-10. trinn) utgjer berre 2 % av studieprogramma, men har 15 % av studentane. Talet på studentar på GLU vil auke i 2022 når det er studentar i alle 5 åra på studiet (første opptak 2017).

I avsnitt 3.5 under vert det gjort nærare greie for tilsvarande tal på dei fire fakulteta.



Figur 4 Prosentvis fordeling av studieprogram og tal studentar fordelt på bachelor-, master- og doktorgradsnivå vår 2021. Dette er program der det er registrert aktive studentar. Kjelde: Felles Studentsystem/Tableau

Figur 5 og 6 under viser tal studieprogram og studentar på lågare og høgare grad frå vår 2018 til vår 2021. Vi har valt å ta utgangspunkt i registrerte tal frå og med våren 2018, fordi registreringar knytt til det første året etter fusjonen (2017) kan vere noko mangelfulle.

Talet på studieprogram har vore stabilt i perioden 2018 og fram til i dag.


Våren 2018 var det registrert 47 bachelorprogram ved høgskulen, våren 2021 var talet 49 program. Mange av bachelorprogramma har vorte samordna etter fusjonen med fleire fellesemne i program på tvers av campus. Dette gjeld til dømes alle ingeniørutdanningane og Bachelor i økonomi og administrasjon. Alle dei 7 bachelorprogramma ved FHS er reviderte som følgje av nye nasjonale retningslinjer (RETHOS) og studieprogramma som går på fleire campus er samordna.

Dei tidlegare grunnskulelærarutdanningane (4-årige) var i Felles studentsystem registrert som bachelorutdanningar, men etter innføring av 5-årig integrerte masterløp er dei definert som ein eigen kategori.

Sjølv om fakulteta har etablert fleire nye masterprogram er også talet her stabilt frå 2018 til 2021 (30 program). Ved etablering av eit nytt program vert ofte fleire tidlegare program fasa ut. Dei nye programma kan ha fleire studieretningar, slik at tilboda som før vart gitt i eigne program no vert tilbydd som spesialiseringar i eit masterstudium. Som døme kan nemnast dei nye programma Master i praktisk utdanningsvitenskap og Master i didaktiske praksisar ved FLKI.


Vedlegg 4 gir ei samla oversikt over endringar som er gjort i gradutdanningar frå 2017 og fram til i dag basert på dei årlege styresakene om studieporteføljen for neste studieår.

Det vert også orientert om etablering av nye program i avsnitt 3.5.



Figur 5 Utvikling i tal studieprogram på bachelor-, master og doktorgradsnivå 2018-2021. Dette er program der det er registrert aktive studentar. Kjelde: Felles Studentsystem/Tableau

Registrerte studentar (heiltidsekvivalentar):




Figur 6 Utvikling i tal studentar (heiltidsekvivalentar) på bachelor-, master og doktorgradsnivå 2018-2021. Dette er program kor det er registrert aktive studentar. Kjelde: Felles Studentsystem/Tableau

Figuren over viser at det har vore vekst i talet på registrerte studentar på bachelor- og masternivå frå 2018 og fram til i dag.

Talet på bachelorstudentar har auka frå 9 837 til 11 834. Masterprogramma har hatt ein auke på vel 500 studentar, i tillegg kjem veksten i dei 5-årige integrerte masterprogramma, som først hausten 2022 vil ha studentar i alle fem åra (første opptak hausten 2017). Talet på studentar på ph.d.-nivå har auka frå 53 våren 2018 til 136 våren 2021.

Kvalifikasjonar og 60- studiepoengseiningar



Figur 7 Fordeling av studieprogram, heiltidsstudentar, avlagte kvalifikasjonar og produserte 60-studiepoengs-einingar på bachelor- og masternivå (2-årig master) i 2020. Kjelde: DBH og FS/Tableau

Figur 7 viser fordeling av studieprogram, heiltidsstudentar, oppnådde kvalifikasjonar og 60-studiepoengseiningar i 2020 avgrensa til bachelor- og masterutdanningar. Seks av ti utdanningar ligg på bachelornivå og 4 av 10 på masternivå. Samtidig var 85 % av både heiltidsstudentane og dei avlagte kvalifikasjonane på bachelornivå. Her er *alle* kvalifikasjonar som er rapportert på dei to nivåa i 2020 talt med, ikkje berre kvalifikasjonar avlagt på normert tid. Berre vel 1 av 10 av dei gjennomførte 60-studiepoengseiningane på dei to nivåa var avlagt av masterstudentar. Det er ikkje uventa at studentmassen på bachelorprogramma er større enn delen av utdanningar skulle tilseie, med mange store bachelorutdanningar. Det er ikkje urimeleg å tenke at det er fleire studentar på ei bachelorutdanning enn ei masterutdanning. På same måte er delen kvalifikasjonar og 60-studiepoengseiningar langt lågare på masternivå enn delen program skulle tilseie. På den andre sida ser vi at eit tilhøvet mellom heiltidsstudentar og kvalifikasjonar på dei to nivåa ikkje avvik frå kvarandre i særleg grad.

Det vert også vist til kapittel 6 om studieporteføljen si økonomiske berekraft.

3.5 Gjennomgåande utdanningsløp ved dei fire fakulteta

Fakulteta arbeider strategisk med å utvikle studieporteføljen i tråd med dei rammer som er gitt²⁰, for å gje studietilbod som er etterspurde av framtidige studentar og som er relevante for samfunns- og arbeidsliv (sjå kapittel 4 og 5). Styret vert orientert om dette arbeidet i årlege løypemeldingar i møte i juni og i november når styret fattar vedtak om samla studieportefølje. På styreseminaret i oktober 2020 vart styret gjort kjent med korleis fakulteta arbeider med utvikling av studieporteføljen (nyetableringar og endring i eksisterande portefølje) i lys av mellom anna høgskulen sin profil og faglege satsingsområde, og campusdimensjonen. Det vert vist til sak 54-20²¹ for meir informasjon om dette.

Etter fusjonen er mange studieprogram samordna og nye er etablert. I tillegg til å ha fokus på fagleg kvalitet, vert det lagt vekt på at studieprogramma også vert organisert som fleksible utdanningar, slik at ikkje alle studentar treng å opphalde seg på campus i heile utdanningsløpet eller treng å vere student på heiltid. Dette har særleg vore aktuelt ved etableringa av nye masteprogram, men vi ser også døme på slik fleksibilitet i eksisterande studieprogram på bachelornivå. Dette vert nærare omtala i kapittel 4.

Fakultetsstrategiane 2019-2023 understrekar at fakulteta skal tilby gjennomgåande utdanningsløp til studentane, frå bachelor til ph.d.²² Dette er også hovudregelen ved alle fakulteta. I det følgjande vert det gitt ein presentasjon av studieporteføljen med utgangspunkt i gjennomgåande utdanningsløp ved dei fire fakulteta.

3.5.1 Fakultet for helse- og sosialvitskap

Utvikling av studieporteføljen:

Frå hausten 2017 har fakultetet lagt ned eit stort arbeid for å utvikle studieprogram i lys av nye forskrifter og nasjonale retningslinjer for dei ulike utdanningane innan helse- og sosialfaga (RETHOS). Retningslinjene definerer sluttkompetansen for kvar utdanning og utgjer ein minstandard for kompetansen. Retningslinjearbeidet er delt inn i tre fasar. Fase 1 gjaldt dei 7 rammeplanstyrte bachelorutdanningane ved fakultetet. Fase 2 er for øvrige grunnutdanningar som tidlegare ikkje er rammeplanstyrt. Fase 3 omfattar einskilde vidare- og masterutdanningar.

Samtidig som fakultetet har utvikla sine bachelorprogram i barnevern, ergoterapi, fysioterapi, radiografi, sosialt arbeid, sjukepleie og vernepleie i lys av RETHOS, har dei også samordna studieprogramma som går ved fleire campus. I tillegg er det utvikla samordna desentraliserte deltidsutdanningar.

I fase to (RETHOS) er det i ingen utdanningar i FHS si portefølje. Fase 3 er no i full gang og omfattar mange av dei eksisterande vidare- og masterutdanningar som ABIO, helsesjukepleie og jordmorfag. I tillegg ligg her utvikling av nye masterutdanningar i barnevern og barnevernsarbeid (tverrfagleg) og masterutdanning i psykisk helse- og rusarbeid for sjukepleiarar og master i klinisk fysioterapi. Endringane vil få verknad for studieporteføljen til fakultet for både 2022/2023 og 2023/2024. Etablering av nye masterprogram vil medføre at vidareutdanningar vert avvikla.

²⁰Sjå også avsnitt 1.5.2 og kapittel 3.3.

²¹ [Presentasjonar frå styreseminaret \(sak 54/20\)](#)

²² I samband med styreseminaret (styresak 54/20) om periodisk evaluering av samla studieportefølje i oktober 2021²² gjore fakulteta greie for korleis det vert arbeidd med gjennomgåande utdanningsløp.

Forutan å ha fokus på fleksibilitet (heiltid og deltid/samlingsbasert) ved etablering av nye program, har fakultetet også gjort endringar i eksisterande studieportefølje for å kunne tilby utdanningar til fleire målgrupper, og til å utvide eksisterande studietilbod til nye campus. Fakultetet har til dømes endra deltidsutdanninga i sjukepleie på campus Førde og desentralisert sjukepleie på campus Bergen til ei felles samlingsbasert, desentralisert deltidsutdanning over 4 år. Tilbodet er også utvida til å gjelde campus Haugesund. Bachelor i vernepleie deltid på campus Sogndal har på same måte utvikla ei ny samlings- og nettbasert deltidsutdanning, tilbydd både på campus Haugesund og campus Sogndal. På masternivå har fakultetet til dømes hatt ein større revisjon av Master i samhandling, som no heiter Master i samhandling og folkehelse. Denne er organisert med undervisning ved alle campus. For meir informasjon, sjå kapittel 4.3.

Tabellen under gir ei oversikt over etablerte gradutdanningar frå 2017 fram til i dag samt planar om nye program. Samordningar av utdanningar og større revisjonar av eksisterande program (inkludert namneendringar) kjem i tillegg (sjå vedlegg 4).

Studieprogram	Oppretta	Planlagt oppretta	Campus
Master i psykisk helse- og rusarbeid	2017		Bergen
Master in Healthy Ageing and Rehabilitation	2020		Nettbasert og Bergen (2 x 2 veker)
Master i sjukepleie – kliniske spesialitetar	2021		Bergen, samlingsbasert
Master i familierapi og relasjonelt arbeid	2021		Bergen samlingsbasert
Master i avansert klinisk allmennsjukepleie	2021		Samlingsbasert Førde og Stord/Haugesund
Ph.d.-studium i helse, funksjon og deltaking	2019		Alle campus
Master i sosialvitenskap		2022	Bergen og Sogndal
Master i barnevernsarbeid (inngår i Master i sosialvitenskap)		2022	Bergen og Sogndal
Master i psykisk helse- og rusarbeid for sjukepleiarar*		2023	Ikkje diskutert
Klinisk fysioterapi studieretning: psykiske og psykosomatiske helseproblemer**		2024	Bergen

Tabell 8 Etablering av nye studieprogram frå 2017 og fram til i dag ved FHS. Kjelde: Felles Studentsystem

* Nasjonale retningslinjer er forventa vedtatt mars 2022

** Uklart når nasjonale retningslinjer er klare. Tentativ tidspunkt er i løpet av 2022

Studieprogram ved fakultetet:

Studieprogramma ved FHS er talt på utdanningskategoriar slik at like utdanningar er talt som ei utdanning. Sjukepleieutdanningane som går på fleire campus og på heiltid er difor talt som ei utdanning som inneheld både utgåande og nye studieprogramkodar. På same måte er nye og

utgåande studieprogramkodar på dei andre bachelorprogramma talt som ei utdanning. Desentraliserte utdanningar og utdanningar på deltid i sjukepleie og vernepleie er talt for seg.

På masternivå er alle studieprogramkodane innan klinisk sjukepleie talt som eitt program i klinisk sjukepleie, uavhengig av om spesialiseringa inngår i ABIO-ane eller er andre spesialitetar. Høgskulen har valt ei teknisk løysing der vi deler utdanninga i klinisk sjukepleie, som i utgangspunktet er eitt program, opp i enkeltprogram per spesialisering. Når me tel masterprogram i denne rapporten tel me dei likevel som eitt enkelt program med den enkelte spesialiseringa som studieretningar.

Master i jordmor er talt som eige studieprogram fordi studentane på dette programmet, i motsetnad til på dei kliniske spesialiseringane, må fullføra heile masterprogrammet (120 studiepoeng) for å få kvalifikasjon. Det krevst også eigen autorisasjon frå Helsedirektoratet for å arbeida som jordmor, i tillegg til autorisasjonen som sjukepleiar. På dei andre masterprogramma innan klinisk sjukepleie får studentane ein godkjent kvalifikasjon etter 90 studiepoeng. Elles er dei andre masterprogramma på fakultetet talt som eigne program.

Ein oversikt over korleis studieprogramma på fakultetet er talt ligg i vedlegg 5.

Tilhøvet mellom studieprogram og studentar (omgjort til heiltidsekvivalentar) på dei tre studienivå ved FHS er vist i tabell under. Tabellen viser ikkje talet på registrerte studentar, men heiltidsstudentar.

Fakultetet har ei jamn fordeling av tal studieprogram på bachelor- og masternivå, men langt fleire studentar på grunnutdanningane (vel 8 av 10 studieplassar er tildelt grunnutdanningane). Det faktiske talet på studentar på masternivå er i alt 636 studentar, 344 på heiltid og 292 på deltid.

Studienivå	Studieprogram	Del av studieprogram	Heiltidsstudentar	Del av heiltidsstudentar
Bachelor	9	47 %	3119	85 %
2-årig master	9	47 %	527	14 %
Ph.d.	1	5 %	28	1 %
Totalt	19	100,00 %	3672	100,00 %

Tabell 9 Fordeling studieprogram ved FHS fordelt på bachelor-, master og doktorgradsnivå vår 2021. Dette er program der det er registrert aktive studentar vår 2021. Kjelde: Felles Studentsystem/Tableau

Gjennomgåande utdanningsløp ved fakultetet:

Vedlegg 6 gir ein oversikt over gjennomgåande utdanningsløp ved fakultetet.

Alle studieprogram ved fakultetet har tilbod om gjennomgåande utdanningsløp frå bachelor til ph.d.-nivå.

Alle bachelorstudentar ved fakultetet har høve til å søkje seg inn på eit eller fleire relevante masterstudium.

- Kandidatane innan sjukepleie har eit rikt utval av mastertilbod både innan sjukepleiefaglege mastertilbod og innan tverrfaglege mastertilbod.
- Kandidatane innan fysioterapi og ergoterapi kan også velje mellom eit profesjonsspesifikt masterløp og fleire tverrfaglege mastertilbod.

- Kandidatane innan radiografi er dei med færrest valmoglegheiter innan mastertilbod ved HVL. Dei kan gå vidare på Master i Kunnskapsbasert praksis med studieretning radiografi ved FHS og Master i organisasjon og leiing ved FØS.
- Kandidatane innan barnevern, sosialt arbeid og vernepleie (BSV-utdanningane) har fleire tverrfaglege mastertilbod å velje imellom. Fakultetet er i gang med å utvikle eit mastertilbod i sosialvitenskap med tre profesjonsspesifikke studieretningar tilpassa BSV-utdanningane. Om alt går etter planen vil dette verta tilbydd frå hausten 2022.

Alle masterkandidatar kan fortsette på ei ph.d.-utdanning i HVL, anten ph.d. i Helse funksjon og deltaking eller ph.d. i Ansvarleg innovasjon og regional utvikling (RESINNREG) gitt at prosjektet er tilpassa programmet sin profil.

3.5.2 Fakultet for ingeniør- og naturvitenskap

Utvikling av studieporteføljen:

Fakultetet har revidert eksisterande studieprogram for å sikre betre rekrutteringsgrunnlag og tilby fleksible studium til nye målgrupper (sjå også kapittel 4.3).

Ingeniørutdanningane ved FIN har jobba mykje med samordning i koordineringsutvalet. I nokre tilfelle er emna samordna, i andre tilfelle er det strukturen og det totale læringsutbytte som er samordna. I nokre tilfelle er utdanningane samordna heilt:

- Bachelor i ingeniørfag, automatisering med robotikk (campus Bergen, Haugesund, Førde)
- Bachelor i ingeniørfag, elkraftteknikk (campus Bergen, Førde)
- Bachelor i ingeniørfag, bygg (campus Bergen, Førde)
- Bachelor i informasjonsteknologi (campus Bergen, Førde)

I andre utdanningar har ein valt å samordne dei emna som har hatt same innhald, men har ikkje samordna utdanningane heilt for å ivareta spissing mot lokalt næringsliv. Eit døme på dette er maskiningeniør på campus Haugesund i forhold til allmenn maskin på campus Bergen.

I tillegg vert det arbeidd for å utvikle nye studieprogram.

Fakultetet arbeider no med å få etablert fleire nye studieprogram både på bachelor - og masternivå.

- Bachelor i HMS

Det nye bachelorprogrammet i HMS er ei vidareføring av det eksisterande studieprogrammet bachelor i ingeniørfag, HMS. Ved å gå bort frå rammeplanen for ingeniørfag blir opptaksgrunnlaget breiare og fagmiljøet står friare i val av innhald i graden.

- Master i berekraftig energiteknologi

Energiteknologi er et breitt fagfelt og masterprogrammet vil ha koplingar til fleire fagmiljø. Etableringa av masterprogrammet har såleis eit potensiale til å bidra til meir tverrfagleg forskning og samarbeid i fakultet. Programmet skal også, gjennom noko valfri spesialisering, kunne kvalifisere for opptak på ph.d.-programmet i datateknologi.

- Master i anvendt datateknologi

Fakultetet arbeider med å utvikle eit masterprogram innan fagområdet anvendt data-teknologi. Studieprogrammet vil høyre inn under programsøyla for ph.d. i datateknologi, og gi gjennomgåande studieløp frå bachelor i ingeniørfag til Ph.d. i datateknologi.

Tabellen under gir ei oversikt over utvikling i gradutdanningar ved fakultetet frå fusjonen fram til i dag, og planar for framtidige utdanningar. Samordningar av utdanningar og større revisjonar av eksisterande program (inkludert namneendringar) kjem i tillegg (sjå vedlegg 4 for ytterlegare informasjon).

Studieprogram	Oppretta	Planlagt oppretta	Campus
Masterprogram i havteknologi (Samarbeid mellom HVL og UiB)	2017		Bergen
Master i innovasjon og entreprenørskap (Tidlegare samarbeid med UiO) (heiltid og deltid)	2019		Bergen
Ph.d. i datateknologi/PhD Programme in Computer Science: Software Engineering, Sensor Networks and Engineering Computing	2017		Fleire campus
Bachelor i HMS		2023	Haugesund
Master i anvendt datateknologi		2023	Førde, Bergen og Haugesund
Master i bærekraftig energiteknologi		2022	Bergen

Tabell 10 Etablering av nye studieprogram frå 2017 og fram til i dag ved FIN. Kjelde: Felles Studentsystem

Studieprogram ved fakultetet:

Studieprogramma på FIN er talt på utdanningskategori slik at like utdanningar vert talt som eitt program uavhengig av opptaksgrunnlag, organisering og campus. Utgåande og nyoppretta, samordna, utdanningar på same fag vert og talt som ei utdanning. Dette gjer at det for kvart ingeniørfag vert talt ei utdanning. Dette gjeld på både bachelor- og masternivå. Ei oversikt ver kategorisering og teljing er tilgjengeleg i vedlegg 5.

Tilhøvet mellom studieprogram og studentar på dei tre studienivåa ved FIN er vist i tabell under. Bachelorprogramma og studentar knytt til desse utdanningane utgjer hovudporteføljen ved fakultetet. Vel 7 av 10 program og nesten 9 av 10 studentar er knytt til dette nivået.

Studienivå	Studieprogram	Del av studieprogram	Heiltidsstudentar	Del av heiltidsstudentar
Bachelor	23	74 %	2293	87 %
2-årig master	7	23 %	304	12 %
Doktorgrad, tidsnormert	1	3 %	33	1 %
Totalt	31	100,00 %	2630	100,00 %

Tabell 11 Studieprogram ved FIN fordelt på bachelor-, master og doktorgradsnivå vår 2021. Dette er program der det er registrert aktive studentar vår 2021. Kjelde: Felles Studentsystem/Tableau

Gjennomgåande utdanningsløp ved fakultetet

Vedlegg 6 gir ei oversikt over gjennomgåande utdanningsløp ved fakultetet.

Alle bachelorprogram ved fakultetet kan gå vidare til eit masterprogram ved HVL. Bachelor i bioingeniørfag kan gå vidare til Master i kunnskapsbasert praksis ved FHS og Master i organisasjon og leing ved FØS²³. FIN har ikkje eige mastertilbod til desse kandidatane, men saman med Helse Bergen og UiB har fagmiljøet eit samarbeid og bachelorkandidatane er kvalifisert for opptak til Master i helse og samfunn på UiB. Det vert jobba med vidareutvikling av emne på masternivå i fagområdet, utover Medisinsk laboratorieanalyser på 20 studiepoeng. Det er inngått intensjonsavtalar med både NTNU og HINN med mål om å utvikle eit masterprogram for bioingeniørfag.

To av masterprogramma ved fakultetet kvalifiserer direkte til opptak til ph.d.-program: Master i Innovasjon og entreprenørskap til Ph.d. i Ansvarleg innovasjon og regional utvikling (RESINNREG), og Master i programvareutvikling (fellesgrad med UiB) til Ph.d. i Datateknologi. Kandidatar frå nokre av dei andre masterprogramma kan gå vidare til ph.d. i Datateknologi under føresetnad av fordjuping i programmering i masteroppgåva.

Masterkandidatar kan også ta ph.d.-utdanninga Ansvarleg innovasjon og regional utvikling gitt at prosjektet høver til programmet sin profil.

3.5.3 Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett

Utvikling av studieporteføljen:

FLKI har etter fusjonen hatt fleire store utviklingsprosessar knytt til studieporteføljen.

Dei tre store lærarutdanningane: 5-årig Grunnskulelærarutdanning (GLU 1-7 og GLU 5-10), 3-årig Barnehagelærarutdanning (BLU) og 1-årig praktisk-pedagogisk utdanning (PPU-A og PPU-Y) er samkøyrt på tvers av tre campus. Som følgje av ei nasjonal endring frå 3- til 5-årig faglærarutdanning, vert to einfaglege 3-årige faglærarutdanningar samkøyrt til ei tofagleg 5-årig lærarutdanning i praktiske og estetiske fag (LUPE) frå hausten 2022.

Fakultetet har som mål å legge til rette for kombinasjon av arbeid og studiar (sjå også kapittel 4.3). 2-årige masterprogram er difor etablert som, eller endra til, samlingsbaserte deltidsutdanningar.

Fem 2-årige masterutdanningar er samkøyrt til dei to samlingsbaserte masterutdanningane Didaktiske praksisar og Praktisk utdanningsvitenskap. Begge har fleire studieretningar. Det er også etablert ei samlingsbasert fellesgrad med USN, innan fagfeltet Profesjonsfagleg digital kompetanse.

Frå studieår 2022/23 arbeider fakultetet med å etablere Master i kunstfag, som resultat av samkøyring av fire eksisterande masterprogram. I tillegg planlegg fakultetet å endre Master i barnehagekunnskap frå eit deltidsstudium på campus Bergen til samlingsbasert deltidsstudium for alle campus.

For GLU 1-7 vil fakultetet sette av nokre studieplassar i heiltidsstudiet for å tilby ei samlingsbasert utdanning (heiltid). Målet med endringa er å rekruttere nye studentgrupper for å fylle ubrukte studieplassar.

For å auke rekrutteringa og den økonomiske berekrafta er Bachelor in Community Music utvikla til Bachelor in Community Arts og utvida til å ta opp studentar på to campus (campus Stord og campus Bergen). Av same grunn er tre bachelorprogram og eit årsstudium i idrettsfag ved campus Sogndal

²³ Alle søkjarar må ha minst to års relevant praksis etter avslutta grunnutdanning. Opptak vert vurdert ut frå utdanning og kva praksis søkjaren har.

samkøyrt til to bachelorprogram med studieretningar. For å sikre rekruttering til ph.d.-programmet ved fakultetet er det utvikla forskarline i GLU, for studentar på alle campus.

For å imøtekomme samfunnet sitt behov for lærarar er det opna for at personar med delvis fullført 3- eller 4-årig lærarutdanning kan fullføre tidlegare utdanning.

Tabellen under gir ei oversikt over utvikling i gradutdanningar ved fakultetet frå fusjonen fram til i dag, og planar for framtidige utdanningar. Det vert også vist til vedlegg 4 for meir informasjon.

Studieprogram	Oppretta	Planlagt oppretta	Campus
Grunnskulelærarutdanning 1.-7. trinn*	2017		Bergen, Sogndal og Stord
Grunnskulelærarutdanning 5.-10. trinn*	2017		Bergen, Sogndal og Stord
Bachelor i Community Arts	2020		Bergen og Stord
Forskarlinje i grunnskulelærarutdanningane	2020		Bergen, Sogndal og Stord
Master i praktisk utdanningsvitskap	2021		Samlingsbasert
Master i didaktiske praksisar	2021		Samlingsbasert
Fellesgrad i samarbeid med USN, Master profesjonsfagleg digital kompetanse(PfDK)	2021		Samlingsbasert
Master i kunstfag		2022	Samlingsbasert
Femårig lærarutdanning i praktiske og estetiske fag (LUPE)*		2022	Stord og Bergen
Samlingsbasert GLU 1-7*		2022	Samlingsbasert
Master i barnehagekunnskap		2022	Samlingsbasert

Tabell 12 Etablering av nye studieprogram frå 2017 fram til i dag ved FLKI. Kjelde: Felles Studentsystem

*5-årig integrert masterutdanning innført nasjonalt

Studieprogram ved fakultetet:

Studieprogramma på FLKI er kategorisert slik at dei integrerte 5-årige masterutdanningane på grunnskulelærarutdanning tel som to utdanningar, ei utdanning for grunnskulelærar 1.-7. trinn og ei utdanning for 5.-10. trinn. Barnehagelærar tel som ei utdanning som samlar alle typar av utdanninga, både nye og gamle program. Bachelorprogram der det både er gamle og nye programkodar aktivt er talt som eitt program.

På masternivå vert nye program talt saman med dei utgåande studieprogramma dei byggjer på. Det vil seie at Master i didaktiske praksisar vert talt saman med dei tre gamle programma som er del av

dette, og at Master i praktisk utdanningsvitenskap vert talt som eitt program saman med dei to gamle programma det byggjer på. Ei oversikt over kategorisering og teljing er tilgjengeleg i vedlegg 5.

Studienivå	Studieprogram	Del av studieprogram	Heltidsstudentar	Del av heiltidsstudentar
Bachelor	8	38 %	1681	43 %
2-årig master	10	48 %	423	11 %
Integrert 5-årig master	2	10 %	1734	45 %
Doktorgrad, tidsnormert	1	5 %	51	1 %
Totalt	21	100,00 %	3888	100,00 %

Tabell 13 Studieprogram ved FLKI fordelt på bachelor-, master og doktorgradsnivå vår 2021. Dette er program der det er registrert aktive studentar vår 2021. Kjelde: Felles Studentsystem/Tableau

Grunnskulelærerutdanning 1-7 og 5-10 (GLU) fekk ny studiemodell hausten 2017. Utdanningane er no 5-årige integrerte masterprogram. Denne endringa har i realiteten ført til ei forskyving av studieporteføljen ved fakultetet, frå å ha hovudtyngda av utdanningar på bachelor- og masternivå til no å bli eit master- og ph.d.-fakultet. At 3-årige faglærerutdanningar blir til 5-årig lærarutdanning i praktisk estetiske fag (LUPE) hausten 2022 forsterkar denne utviklinga. Per i dag har fakultetet åtte bachelorprogram og 12 masterprogram, inkludert dei to GLU-programma. Med planlagde endringar frå hausten 2022 vil det bli 6 bachelorprogram og 9 masterprogram, inkludert dei tre 5-årige integrerte masterprogramma (GLU 1-7, GLU 5-10 og LUPE) og fellesgraden med USN.

Tilhøvet mellom studieprogram og studentar (omgjort til heiltidsekvivalentar) på dei tre studienivåa ved FLKI er vist i tabell over.

Nesten halvparten av programma ved fakultetet er 2-årige masteprogram. 1 av 10 studentar går på desse utdanningane. Det inneber at dei fleste studentane går på 5-årige integrerte masterprogram eller bachelorprogram.

Fakultetet har fleire 2-årige masterprogram med første opptak vår 2021. Det vil difor bli fleire registrerte masterstudentar etterkvart. Omlegging til 5-årig masterutdanning for GLU gjer at dei nye 2-årige masterutdanningane (Didaktiske praksisar og Praktisk utdanningsvitenskap) no rekrutterer tilsette i skule og barnehage. Omtrent halvparten av masterstudentar i 2-årige løp går på heiltid, medan den andre halvparten går i deltidsløp. Framover vil truleg stadig fleire ta master på deltid, fordi dei kombinerer studiar og arbeid.

Gjennomgåande utdanningsløp ved fakultetet:

Vedlegg 6 gir ein oversikt over gjennomgåande utdanningsløp ved fakultetet.

Alle bachelorstudentar i FLKI kan gå vidare på master og ph.d. på fakultetet. Kandidatar frå Bachelor i teiknspråk og tolking har ikkje tilbod om eit spesialisert mastertilbod, verken på HVL eller på nasjonalt nivå. Ved HVL kan desse kandidatane gå vidare på Master i organisasjon og leiing ved FØS²⁴. Det vert arbeidd for at kandidatane frå Bachelor i teiknspråk og tolking skal få ta PPU, og OsloMet har, i samarbeid med HVL, fått midlar frå Kunnskapsdepartementet til å utvikle ei mastergrad i teiknspråk og tolking. Fakultet vil også arbeide med å sjå om desse kandidatane kan ta Master i Praktisk utdanningsvitenskap i FLKI.

²⁴ Alle søkjarar må ha minst to års relevant praksis etter avslutta grunnutdanning. Opptak vert vurdert ut frå utdanning og kva praksis søkjaren har.

Studentar som tar Bachelor innan idrettsfag kan ta Master i idrettsvitskap, og studentar som tar Bachelor innan kunstfag kan ta Master i kunstfag. Kandidatar frå barnehagelærerutdanninga kan ta Master i barnehagekunnskap eller Master i praktisk utdanningsvitskap ved FLKI, eller Master i organisasjon og leing ved FØS. Alle kan søke opptak til ph.d.-utdanninga Studiar av danning og didaktiske praksisar i FLKI. Masterkandidatar kan også ta ph.d.-utdanninga Ansvarleg innovasjon og regional utvikling gitt at prosjektet høver til programmet sin profil.

Kandidatar frå Bachelor i folkehelsearbeid med vekt på kosthald og fysisk aktivitet kan søke Master i idrettsvitskap på FLKI, om dei har tilstrekkeleg med emne innan fysisk aktivitet. Dei kan også søke Master i samfunnsarbeid og Master i samhandling og folkehelse i Fakultet for Helse- og sosialvitskap. Studentane som har opptaksgrunnlag til Master i idrettsvitskap vil ha opptaksgrunnlag til ph.d.-utdanninga Studiar av danning og didaktiske praksisar på FLKI, medan studentar som tar ein av dei to masterutdanningane på FHS kan gå vidare på ph.d.-utdanninga Helse, funksjon og deltaking. Alle desse kandidatane kan ta ph.d. utdanninga Ansvarleg innovasjon og regional utvikling, gitt at prosjektet høver til programmet sin profil.

3.5.4 Fakultet for økonomi og samfunnsvitskap

Utvikling av studieporteføljen:

FØS utdannar kandidatar til privat næringsliv og offentleg forvaltning (sjå kapittel 4.3). FØS sine studietilbod skal gje studentane forskingsbasert og praksisbasert utdanning som er tett kopla til behova i samfunns- og arbeidslivet. FØS har arbeida strategisk og systematisk for å utvikle ei fagleg portefølje i eit livslangt læringsperspektiv. I arbeidet med studieporteføljen og utviklinga av nye studietilbod vert regionsperspektivet teke inn i vurderinga både når det gjeld organisering, lokalisering og regionale særpreg.

Det er planlagt ei ny bachelorgrad i nautikk med integrert praksis (oppstart i 2022), der studentane får 60 studiepoeng (eit studieår) med praksis i bachelorgraden (tildelt DIKU-midlar). Vidare arbeider fakultetet med å tilby Master i samfunnsvitskap.

Fakultetet har også fleire årsstudium, desse vert omtala i avsnitt 3.9

Tabellen under gir ei oversikt over utvikling i gradutdanningar ved fakultetet frå fusjonen fram til i dag, og planar for framtidige utdanningar. Det vert vist til vedlegg 4 for utfyllande informasjon.

Studieprogram	Oppretta	Planlagt oppretta	Campus
Bachelor i natur og opplevelsesbasert reiseliv	2017		Sogndal
Bachelor i maritime Management	2019		Haugesund
Bachelor historie - nettstudium	2020		Sogndal
Master i maritime operasjonar	2017		Haugesund
Master i økonomi og administrasjon/ Master of Science in Business:	2020		Haugesund
- Regional Economics and Innovation			Sogndal
- Marketing and Innovation			Sogndal

Ph.d.-program i nautiske operasjonar: Fellesgrad	2017		Fleire campus/ institusjonar
Ph.d. i Ansvarleg innovasjon og regional utvikling - RESINNREG	2020		Fleire campus
Bachelor i nautikk med integrert praksis		2022	Haugesund
Master i samfunnsvitenskap		2023	

Tabell 14 Etablering av nye studieprogram frå 2017 fram til i dag ved FØS. Kjelde: Felles Studentsystem

Studieprogram ved fakultetet:

Studieprogramma på FØS er talt på utdanningskategori slik at like utdanningar vert talt som eitt program uavhengig av opptaksgrunnlag og campus. Utgåande og nyoppretta, samordna, utdanningar på same fag vert og talt som ei utdanning. Ei oversikt over kategorisering og teljing er tilgjengeleg i vedlegg 5.

Tilhøvet mellom studieprogram og studentar på dei tre studienivåa ved FØS er vist i tabell under.

Studienivå	Studieprogram	Del av studieprogram	Heiltidsstudentar	Del av heiltidsstudentar
Bachelor	9	60 %	1342	81 %
2-årig master	4	27 %	282	17 %
Doktorgrad, tidsnormert	2	13 %	24	1 %
Totalsum	15	100,00 %	1645	100,00 %

Tabell 15 Studieprogram ved FØS fordelt på bachelor-, master og doktorgradsnivå vår 2021. Dette er program der det er registrert aktive studentar vår 2021. Kjelde: Felles Studentsystem/Tableau

Gjennomgåande utdanningsløp ved fakultetet:

Vedlegg 6 gir ein oversikt over gjennomgåande utdanningsløp ved fakultetet.

Ferdige kandidatar ved Bachelor i historie manglar så langt eit masteralternativ. Fakultetet ser på moglegheita for ei tverrfagleg mastergrad i samfunnsvitenskap, som tidlegast kan ta opp studentar frå 2023. Studiet skal sikre gjennomgåande studieløp for bachelorstudium i historie og sosiologi, og ferdige masterkandidatar skal kunne søke opptak til det tverrfakultære ph.d. programmet i Ansvarleg innovasjon og regional utvikling (RESINNREG).

Når det gjeld det tverrfakultære masterprogrammet i organisasjon og leiing (FØS er moderfakultet, sjå også avsnitt 3.10.1) har ikkje fakultetet kandidatar på bachelornivå som kan søkje opptak til dette studiet. Søkjarane til dette utdanningsprogrammet kjem frå FLKI, FHS og frå andre universitet og høgskular. Programmet har eit opptakskrav om minst to år relevant arbeidserfaring. Det er likevel slik at studiet rekrutterer godt, og har rullerande opptak på campus Sogndal, Bergen, Førde og Haugesund.

3.6 Generelle og profesjonsspesifikke mastergradsprogram

Opptak til generelle masterprogram:

Valmoglegheiter for vidare utdanningsløp ved HVL etter fullført bachelorgrad varierer både når det gjeld tal på masterprogram og profilen på masterstudiet (generelt/breitt eller profesjonsspesifikt/spesialisert/disiplinbasert).

Fakulteta har gitt ei tilbakemelding på kva bachelorprogram som berre kvalifiserer for opptak til meir generelle masterprogram ved HVL. Desse er vist i tabell under

	FHS	FIN	FLKI	FØS
Opptak til generelle mastergrader	<ul style="list-style-type: none"> - Bachelor i vernepleie - Bachelor i sosialt arbeid - Bachelor i barnevern²⁵ 	<ul style="list-style-type: none"> - Bachelor i ingeniørfag, maskin²⁶ - Bachelor i ingeniørfag, elektroingeniør²⁷ - Bachelor i ingeniørfag kjemi - HMS ingeniør 	<ul style="list-style-type: none"> - Med fullføringa av masterporteføljeprosessen på FLKI har fakultetet i all hovudsak masterutdanningar med spesialisering/studieretningar. I tillegg kan kandidatane velje meir generelle mastergrader, sjå avsnitt under om FLKI 	<ul style="list-style-type: none"> - Bachelor i eigedomsmekling - Bachelor i økonomi og jus - Bachelor i sosiologi - ungdomssosiologi

Tabell 16 Bachelorprogram som kvalifiserer for opptak til meir generelle masterprogram ved HVL. Kjelde. Fakulteta sine sjølvevalueringar vår 2021

Opptak til spesialiserte masterprogram:

Nokre bachelorprogram kvalifiserer for spesialiserte, meir profesjonsspesifikke masterprogram.

Fakultet for helse- og sosialvitenskap melder at dette gjeld bachelorprogramma i sjukepleie, fysioterapi, ergoterapi og radiografi.

Fakultetet peikar på at dei nye studieretningane ved Master i kunnskapsbasert praksis innan radiografi og ergoterapi har begge svakt rekrutteringsgrunnlag. FHS har likevel valt å satse på å utvikle meir profesjonsspesifikke tilbod til desse kandidatane, slik at dei skal ha eit godt utdanningstilbod ved HVL frå bachelor, master til ph.d..

Fakultet for ingeniør- og naturvitenskap tilbyr spesialiserte masterprogram for kandidatar følgjande bachelorprogram:

- Bachelor i ingeniørfag brannsikkerheit: Kandidatane kan gå vidare på Master i brannsikkerheit. (Det er og ein moglegheit for andre ingeniørstudentar som tek spesifikke valemne eller eit påbygg).
- Bachelor i informasjonsteknologi og Bachelor i ingeniørfag, data kan gå vidare på Master i programutvikling (fellesgrad med UiB)
- Bachelor i areal og eigedom, Bachelor i landskapsplanlegging med landskapsarkitektur og Bachelor i ingeniørfag, bygg: Kandidatar frå desse tre programma kan gå vidare til Master i areal og eigedom (med fordjuping i eigedom eller arealforvaltning)

Fakultetet understrekar at eit smalt opptaksgrunnlag betyr ikkje nødvendigvis at kulla vert små.

Bachelorprogramma Fornybar energi, Geologi og geofare og Landskapsplanlegging med landskapsarkitektur kvalifiserer alle til programmet Master in Climate Change Management. For desse

²⁵ FHS er vi i gang med å utvikle eit mastertilbod i sosialvitenskap med tre profesjonsspesifikke studieretningar tilpassa desse tre utdanningane med planlagt oppstart hausten 2022

²⁶ Seks studieprogram

²⁷ Fire studieprogram

programma er masterprogrammet ei profesjonsretta utdanning. Masterprogrammet har likevel et breitt opptaksgrunnlag sidan ein har fokus på tverrfaglege problemstillingar i utdanninga.

Med fullføringa av masterporteføljeprosessen på **Fakultet for lærarutdannig, kultur og idrett** har fakultetet i all hovudsak masterutdanningar med spesialisering/studieretningar

Fakultetet har tre bachelorprogram innan idrett/folkehelse som kvalifiserer til Master i idrettsfag.

Frå studieår 2022/23 vil to bachelorprogram (gitt vedtak om akkreditering og etablering) innan kunstfag kvalifisere til opptak til Master i kunstfag.

Kandidatar som tek Bachelor i barnehagelærarutdanning kan ta Master i barnehagekunnskap, men også Master i praktisk utdanningsvitenskap, der dei kan velje studieretning spesialpedagogikk, IKT i læring eller Leiing og profesjonsutvikling i utdanningssektoren (FLKI). Dei kan også ta Master i organisasjon og leiing (FØS).

Kandidatar frå Bachelor i Folkehelse kan enten ta Master i idrettsvitenskap (FLKI) eller Master i samfunnsarbeid (FHS).

Ved **Fakultet for økonomi og samfunnsvitenskap** kvalifiserer Bachelor i nautikk og Y- veg og Bachelor i nautikk til Master i maritime operasjonar. Bachelor i økonomi og administrasjon og Bachelor i økonomi og jus kvalifiserer til Master of Science in business, sidetittel siviløkonom og studentar frå Bachelor i økonomi og administrasjon med fordjuping innan leiing kan gå vidare på master i innovasjon og leiing. Bachelor i reiselivsleiing og Bachelor i natur- og opplevingsbasert reiseliv kvalifiserer til Master of Science in business, utan sidetittel siviløkonom.

For meir informasjon om rekruttering av eigne studentar til masterutdanningar, sjå kapittel 5.7.

3.7 Rekrutteringsgrunnlag vidare frå masterprogram til doktorgradsprogram

Tabellen under viser kva mastergrader som gir direkte opptaksgrunnlag til høgskulen sine fem doktorgradsprogram. Som det går fram av opptaksreglane (sjå stjernepunkt under tabell) er programma også opne for kandidatar frå andre masterprogram enn dei som er oppgitt i tabellen, gitt at kandidaten sitt prosjekt er tilpassa doktorgradsprogrammet sin profil.

* Kandidatar frå andre program kan bli tatt opp til ph.d.-programmet, jf. [opptaksreglar](#):

For å bli tatt opp på doktorgradsstudiet Helse, funksjon og deltakelse må søker ha fullført mastergrad med 120 studiepoeng, med eller uten profesjonsutdanning, og ha et helserelatert forskningstema for sitt ph.d.-arbeid. Vanligvis vil det være en forutsetning at søker har en toårig mastergrad eller hovedfag med tilsvarende karakter (Jfr. Utfyllende bestemmelser for ph.d.-studier ved HVL). Søker må dokumentere gode studieresultater. Normalt vil det være en forutsetning at studenten har følgende karakterer:

- *Masteroppgave eller tilsvarende: karakter normalt B eller bedre*
- *Masterstudie, gjennomsnitt for studiedelen: karakter normalt B eller bedre*

I utdanningsløpet som skal kvalifisere til opptak til studiet kan det inngå en profesjonsutdanning, men det er ingen forutsetning utover at søker må ha et helserelatert forskningstema for sitt ph.d.-arbeid. Følgende mastergradsstudier er relevant for opptak til ph.d.-studiet: Klinisk sykepleie (herunder Klinisk helse- og omsorgsvitenskap og Jordmorfag), Klinisk fysioterapi, Idrettsvitenskap/ Idrett og folkehelse, Kunnskapsbasert praksis i helsefag, Samhandling innen helse- og sosialtjenester og Psykisk helse- og rusarbeid. Forskerutdanningen kan også være relevant for kandidater med Mastergrad i

Samfunnsarbeid, Fysisk aktivitet og kosthold i et skolemiljø, og Organisasjon og ledelse: Helse og velferdsledelse. Studenter med tilsvarende bakgrunn fra andre utdanningsinstitusjoner nasjonalt og internasjonalt er også relevante studenter for denne ph.d.-utdanningen

Ph.d. i Helse funksjon og deltaking*	Ph.d. i Datateknologi**	Ph.d. i Studiar av danning og didaktiske praksisar***	Ph.d. i Ansvarleg innovasjon og regional utvikling (RESINNREG)****	Ph.d. i Nautiske operasjonar
Rekrutterer frå følgjande masterprogram:				
<ul style="list-style-type: none"> - Jordmorfag - Klinisk fysioterapi - Klinisk sjukepleie - Kunnskapsbasert praksis - Psykisk helse og rusarbeid - Samfunnsarbeid - Samhandling og folkehelse - Idrettsvitenskap - Fysisk aktivitet og kosthald i eit skulemiljø - Organisasjon og leiing - Healthy Ageing and Rehabilitation - Familieterapi og relasjonelt arbeid - Sjukepleie – kliniske spesialitetar - Avansert klinisk allmennsjukepleie - Sosialvitenskap (planlagt oppstart 2022) 	<ul style="list-style-type: none"> - Programvare -utvikling (fellesgrad med UiB) - <i>Anvendt datateknologi (under planlegging)</i> 	<ul style="list-style-type: none"> - Barnehagekunnskap - Idrettsvitenskap - Grunnskolelærerutdanning 5-10 - Grunnskolelærerutdanning 1-7 - Didaktiske praksisar - Praktisk utdanningsvitenskap - Profesjonsfagleg digital kompetanse - Alle masterprogram med nulloptak i studieåret 2021/22 - <i>Kunstfag (planlagt frå 2022)</i> - <i>Femårig lærarutdanning i praktiske og estetiske fag (LUPE)(planlagt frå 2022)</i> 	<ul style="list-style-type: none"> - Innovasjon og entreprenørskap - Innovasjon og leiing - Samfunnsarbeid - Climate Change management - Organisasjon og leiing - Science of Business - Sosialvitenskap - Samhandling og folkehelse - Healthy Ageing and Rehabilitation 	Maritime operasjonar

Tabell 17 Rekrutteringsgrunnlag vidare frå masterprogram til doktorgradsprogram

** Kandidatar frå andre program kan bli tatt opp til ph.d.-programmet, jf. [opptaksreglar vedtatt 16.9.2015](#):

Candidates from other natural sciences or engineering disciplines holding a master's degree with a strong emphasis on ICT and computing may also qualify for admission to the programme

*** Kandidatar frå andre program kan bli tatt opp til ph.d.-programmet, jf. [opptaksreglar vedtatt 11.4.2019](#) :

Videre tas det opp søkere med mastergrad innen andre relevante fagområder. Søkere med slik bakgrunn vurderes av programutvalget, med utgangspunkt i hvorvidt søkerens utdanningsbakgrunn kan vurderes som relevant for ph.d.-studiet Studier av danning og didaktiske praksiser.

**** Kandidatar frå andre program kan bli tatt opp til ph.d.-programmet, jf. [opptaksreglar vedtatt 19.12.2019](#):

Admission to the RESINNREG PhD programme takes place continually. Admission normally requires a relevant Master of Science degree such as a Master of Science in Innovation and Entrepreneurship, in Innovation Management, in Community Work, in Business, or in Climate Management. However, candidates from other Master of Science Programmes in e.g. Engineering, Social Sciences, Humanities, or in Health and Care Sciences, may also qualify for admission into the programme.

The applicant must document completion of their master's studies with strong results. Normally we require:

- *On the master's dissertation (of at least 30 ECTS): a grade of B or higher (according to the Norwegian grading scale)*
- *On associated coursework: an average C or better (according to the Norwegian grading scale)*

3.8 Gjennomgåande utdanningsløp i eit campusperspektiv

Å sikre tilgang til høgare utdanning av høg kvalitet over heile landet er ein hovudpremiss for struktureforma (Meld. St. 18 (2014-2015)). HVL si organisasjonsform som fleircampusmodell sikrar Stortinget sin intensjon om å oppretthalde eit desentralisert studietilbod og styrkar kvalitet i utdanningane ved at parallelle fagmiljø ved dei tidlegare høgskulane er organisert innafør campusovergripande fakultet og institutt.

Fusjonsavtalen slår fast at høgskulen skal vere ein institusjon som har god forankring i nærregionane og på dei fem studiestadane. Høgskulen skal ha felles utdanningsløp med rom for å utvikle faglege profilar etter eigenart og lokale behov, og det skal vere utdanning på masternivå på alle studiestadane. Premisset føreset at krav til fagmiljøet sin storleik og tilfredsstillande forskingsforankring er oppfylt.

HVL legg til grunn at når eit studieprogram vert tilbydd på fleire campus gjeld krava i forskrifter for programmet sett under eit. Eit viktig prinsipp for utvikling av studieporteføljen ved HVL er at uavhengig av campus skal alle studentar ved HVL i det daglege møte eit studietilbod som er i samsvar med krav til fagmiljø i studiekvalitets- og studietilsynsforskrifta. Det betyr tilstrekkeleg tal medarbeidarar med førstestillingskompetanse og toppstillingskompetanse, eit fagmiljø som er kompetansemessig stabilt over tid og som har relevant kopling til forskning og/eller kunstnarisk utviklingsarbeid og fagleg utviklingsarbeid. Endeleg krev det at fagmiljøet som følger opp studentane til dagleg, har en storleik som står i høve til talet på studentar og studiet sin eigenart (jf. Studietilsynsforskrifta §§ 2-2 og 2-3) .²⁸ Her forstår vi fagmiljøet som alle dei som er knytt til studietilbodet uavhengig av campus.

²⁸ Det prioriterte området Fagleg berekraft er tona ned i evalueringa og vil ikkje bli nærare omtala her. Gjeldande indikatorane gitt i SEFØ-modellen innan dette området blir i varetatt i dei årlege og

Dette kravet gjeld også for samlingsbaserte studium. Under samlingane skal studentane ha tilgang til eit fagmiljø som tilfredsstillar forskrifta sine krav og fortrinnsvis også vere del av eit relevant studentmiljø under samlinga.

Campusperspektivet er tona ned i denne periodiske evalueringa (jf. styresak [Sak O-9/21 Løypemelding: Evaluering av den samla studieporteføljen](#)).

Presentasjonen under gir difor berre ei kort oversikt over døme på studium som inngår i gjennomgåande løp på tvers av campus contra gjennomgåande løp på same campus.

I utviklinga av nye masterprogram legg fakulteta vekt på å tilby fleksible studiemodellar både med tanke på studieprogresjon (heiltid/deltid) og organisering (på campus, desentralisert, nettbasert/samlingsbasert. Sjå også kapittel 4). Ein slik studiemodell gjer at fleire bachelorkandidatar ved høgskulen kan få tatt den masterutdanninga dei ynskjer, sjølv om den ikkje vert tilbydd akkurat ved det campus der dei tok si bachelorutdanning.

Alle campus skal tilby masterprogram:

Fusjonsavtalen slår fast at alle campus skal tilby masterprogram. Alle campus har tilbod om masterprogram, men ikkje alle fakultet tilbyr masterutdanning på alle campus.

Det vert kort gjort greie for status under.

Ved **Fakultet for helse- og sosialvitenskap** kan mange av bachelorkandidatane gå vidare utan å skifte campus.

Det er bachelorkandidatane i vernepleie, sosialt arbeid og barnevern på campus Sogndal, vernepleie desentralisert på campus Haugesund (ny) og sjukepleie på campus Stord som i størst grad må reise til andre campus for å ta ønska masterprogram. Campus Stord og Haugesund har tradisjonelt eit tett samarbeid og avstanden er ikkje stor mellom campus (så slik sett er mastertilbodet til sjukepleiekandidatar bra når ein ser omlandet under eitt).

I Sogndal vil det nye masterprogrammet i sosialvitenskap med tre studieretningar gje eit godt profesjonsretta tilbod til dei tre BSV-utdanningane. Her vert også ny nasjonal forskrift for master i barnevernsarbeid inkludert. Det nye programmet skal etter planen tilbydast på campus Sogndal og campus Bergen.

Når det gjeld spørsmålet om studentar kan gå vidare frå eit bachelorprogram til eit masterprogram utan å byte campus, peiker fakultetet på at kjenneteikna ved deira nye og reviderte masterprogram er at dei er fleksible dvs. dei kan takast på deltid, at dei er nett- og samlingsbaserte og at dei gjev innpassmoglegheit for tidlegare gjennomførte vidareutdanningar.

Fakultet for ingeniør- og naturvitenskap har ikkje tilbod om masterstudium ved campus Førde.

Fakultetet har sendt ein utgreiingssøknad om Master i anvendt datateknologi, der ein ser på om dette kan vere eit tilbod for alle ingeniørretningar på campus Førde, Bergen og Haugesund.

periodisk kvalitetssikringa av det einskilde studieprogram, og i prosessar knytt til akkreditering av nye studietilbod.

På campus i Haugesund kan studentane på alle ingeniørstudia kvalifisere seg for opptak til Master i brannikkerheit. Master i maritime operasjonar er og ein veg vidare for maskinstudentane, dersom dei har tilstrekkeleg fordjuping innanfor maritimt fagfelt i bachelorgraden.

Ved campus Bergen har alle bachelorkandidatar høve til å gå vidare på eit masterprogram på same campus,

Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett har mange studietilbod på tvers av campus. Det gjeld til dømes alle dei tre store lærarutdanningane (BLU, GLU, PPU). Unntaka er Bachelor i drama og anvendt teater (campus Bergen), Bachelor i Teiknspråk og tolking (campus Bergen) og bachelorstudium innan idrett på campus Sogndal. Det same gjeld nokre tidlegare utdanningar som skal erstattast med ny Master i kunstfag og Femårig lærarutdanning i praktiske og estetiske fag (LUPE). Dei to sistnemnte vil bli eit tilbod på tvers av campus Stord og Bergen, med moglegheit for ulike fagval på ulike campus. Alle GLU-studentar kan ta masterfag på campus eller som Vestlandsklasse på tvers av campus, men ikkje alle fag vert gitt som tilbod på alle campus. Alle dei nye to-årige masterutdanningane er samlingsbaserte, slik at dei kan rekruttera frå alle campus. Det varierer kor samlingane vert lagt.

Fakultet for økonomi og samfunnsvitskap har masterprogram på alle sine campus. Når det gjeld gjennomgåande studieløp har alle studentane ved fakultetet høve til gjennomgåande studieløp ved eige campus, med unntak av studentane ved bachelorprogramma ved Institutt ved samfunnsvitskap. Fakultetet arbeidar med utgreiingssøknad om ei nettbasert, tverrfagleg Master i samfunnsvitskap.

Tabellen under viser bachelor- og masterutdanningar med tilbod på tvers av campus.

Fakultet	Bachelorgrader på tvers av campus	Mastergrader på tvers av campus
FHS	<ul style="list-style-type: none"> - Bachelor i sjukepleie heiltid går i Førde, Bergen, Stord og Haugesund - Bachelor i sjukepleie desentralisert deltid går i Førde, Bergen og Haugesund - Bachelor i vernepleie og sosialt arbeid heiltid går i Bergen og Sogndal - Bachelor i vernepleie desentralisert deltid går i Sogndal og Haugesund 	<ul style="list-style-type: none"> - Master i samhandling og folkehelse går i Førde/Sogndal, Bergen og Stord/Haugesund - Master i avansert klinisk allmennsjukepleie går i Førde og Stord/Haugesund - Master i klinisk sjukepleie med studieretning anestesijukepleie, intensivsjukepleie og operasjonssjukepleie går i Førde, Bergen og Haugesund - Master i Healthy Ageing and Rehabilitation er nettbasert og slik muleg å studere frå alle våre campus, saman med studentar frå store delar av verden
FIN	<ul style="list-style-type: none"> - Bachelor i ingeniørfag, automatisering med robotikk (Bergen, Haugesund, Førde) - Bachelor i ingeniørfag, elkraftteknikk (Bergen, Førde) - Bachelor i ingeniørfag, bygg (Bergen, Førde) 	<ul style="list-style-type: none"> - Ingen mastergrader på tvers av campus - <i>Master i anvendt datateknologi er under planlegging</i>

	- Bachelor i informasjonsteknologi (Bergen, Førde)	
FLKI	- Bachelor i barnehagelærer (Bergen, Sogndal og Stord) - Bachelor in Community Arts (Bergen og Stord)	- GLU 1.-7. trinn (Stord, Sogndal, Bergen) - GLU 5.-10. trinn (Stord, Sogndal, Bergen) - Master i praktisk utdanningsvitenskap (Stord og Sogndal, samlingsbasert) - Master i didaktiske praksisar (Bergen og Sogndal, samlingsbasert) - <i>Master kunstfag (under planlegging)</i> - <i>Femårig lærarutdanning i praktiske og estetiske fag (LUPE)(under planlegging) (Bergen og Stord)</i>
FØS	Bachelor i økonomi og administrasjon er tre studieprogram som har 12 emne som er samordna mellom campus Sogndal, Haugesund og Bergen.	- Master i organisasjon og leiing (samlingsbasert med opptak på campus Sogndal, Bergen, Haugesund og Førde) - Master of Science in Business (med egen profilretning i Sogndal og Haugesund, og under planlegging egen profilretning i Bergen med opptak haust 2022. - <i>Master i samfunnsvitenskap (under planlegging), nettbasert</i>

Tabell 18 Bachelor- og masterutdanninger med tilbud på tvers av campus våren 2021. Kjelde: Fakulteta sine sjølvevalueringar mars 2021

3.9 Årsstudium si strategiske rolle

I styresak 82/19²⁹ vart det frå styret si side etterlyst ei drøfting av kva rolle årsstudia skal ha i porteføljen. Styreleiar foreslo å be om ei eiga sak på problemstillinga om korleis ein skal tenke om årsstudium, prinsipielt og i eit utviklingsperspektiv.

Fordi fleire av årsstudia som vert tilbydd ved HVL kan innpassast i bachelorgrader finn vi det naturleg å presentere desse utdanningane i dette kapittelet om gjennomgåande utdanningsløp.

Det er dekan som har fullmakt til å etablere og legge ned studieprogram til og med 60 studiepoeng³⁰ og per i dag er det registrert 16 årsstudium. Årsstudia ved HVL er i all hovudsak knytt til to fakultet, FLKI og FØS. FIN har ingen årsstudium.

I tillegg har FHS ei kompletterande utdanning for sjukepleiarar med utdanning frå land utanfor EU/EØS. Denne er på 60 studiepoeng og er oppført som årsstudium, men den kjem likevel ikkje under det HVL elles reknar som årsstudium. Studiet er eit oppdrag i samarbeid med kommunane og helseføretak om kvalifisering av sjukepleiarar i Norge. Studiet vert gjennomført på deltid over fire semester.

Høgskulen får tildelt finansiering for studiepoengproduksjon for årsstudia, men dei gir ikkje utteljing i form av kandidatproduksjon.

²⁹ [Sak 82/19 Det samla eigenfinansierte studietilbodet med opptaksrammer for studieåret 2020/21](#)

³⁰ [Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet §§ 3-4 \(2\) og 3-6 \(3\).](#)

Til nokre av programma er søkjartala låge og på fleire av årsstudia er gjennomføringsandelen låg. Der studentar som tek årsstudium innpassar dette i ei grad vil høgskulen få kandidatutteljing. Når årsstudium og emne i gradstudium vert undervist saman vil det og kunne bidra til økonomisk berekraft. Årsstudium med 20 studieplassar og omlag halvparten som fullfører er ikkje økonomisk berekraftige, og vil normalt sett heller ikkje vera det om ein har kandidatproduksjon.

Når det gjeld mogleg rekrutteringspotensiale frå årstudia til vidare studium på bachelornivå ved HVL har det dessverre ikkje vore mogleg å nytte Felles Studentsystem for å finne slik informasjon. Dersom ein skal hente ut slik informasjon, er det nødvendig med ein større manuell jobb som ein ikkje har hatt ressursar til å gjere i samband med den periodiske evalueringa.

I tillegg til desse årsstudia tilbyr FLKI eitt-årig praktisk-pedagogisk utdanning (PPU). PPU er ei lærarutdanning for kandidatar som allereie har ei yrkesfagleg utdanning eller ein mastergrad, og treng formell pedagogisk kompetanse for å få undervisningskompetanse. Det er knytt krav til kandidatmåtal for denne utdanninga, og den gir også utteljing i tildelingar frå KD i form av kandidatproduksjon, denne utdanninga vert difor ikkje nærare omtala her.

Fakultet for økonomi og samfunnsvitenskap

Fakultetet ser årsstudia som ein sentral rekrutteringskanal for bachelorprogramma ved fakultetet, og som eit viktig tilbod for studentar for å ta vidareutdanning i eit livslangt læringsperspektiv. Fleire av årsstudia er identiske med første året i eit bachelorprogram, eller kan takast som eit valfritt fag i eit bachelorprogram.

Når det gjelder årsstudium i historie, vart dette omgjort til nettbasert årsstudium som har nettbasert undervisning saman med dei stadbaserete studentane. Første opptak på dette studiet var hausten 2020.

Fakultetet arbeider med å få på plass Årsstudium i digital kompetanse for å møte arbeidslivet sitt behov for meir kompetanse på området. I tillegg vurderer Institutt for samfunnsvitenskap å etablere eit årsstudium i globale studiar som i sin heilskap kan integrerast i dei to bachelorprogramma for sosiologi og historie.

Tabellen under viser årsstudium ved FØS og om desse programma inngår som første år av eit bachelorprogram, eventuelt kan innpassast i andre grader.

Studieprogram	Campus	Del av bachelorprogram	Kan innpassast i bachelorprogram
Historie, årsstudium	Sogndal	Identisk med første år i Bachelor historie	Kan inngå i Bachelor i sosiologi og Bachelor i historie
Historie, årsstudium - nettstudium	Nettstudium	Identisk med første år i Bachelor i historie	Kan inngå i Bachelor i sosiologi og Bachelor i historie
Jus, årsstudium	Sogndal	Identisk med første året på Bachelor i økonomi og jus	Kan inngå i Bachelor i historie, Bachelor i sosiologi (som 50 sp)
Logistikk	Bergen	I Bergen kan Årsstudium i logistikk inngå som fordjuping på Bachelor i øk.adm 3. studieår	Vidareutdanningstilbod for kandidatar frå økonomi og administrasjonsutdanningane

Samfunnsfag, årsstudium	Sogndal		Kan inngå i Bachelor i historie og Bachelor i sosiologi.
Ungdomssosiologi, årsstudium	Sogndal	Med fullført Årsstudium (og anbefalt studieløp) i ungdomssosiologi, kan ein søke opptak direkte til 2. år på bachelorutdanninga i sosiologi	Kan inngå i Bachelor i historie og Bachelor i sosiologi
Reiselivsleiing	Sogndal	Nytt haust 2021, første år i Bachelor i reiselivsleiing og kandidatane kan derfor søke opptak direkte til 2. år i bachelorutdanninga	Kan inngå i Bachelor i reiseliv i tillegg kan emne frå årsstudiet innpassast som enkeltemne/valfrie emne i Bachelor i økonomi og administrasjonsutdanningane.

Tabell 19 Årsstudium ved FØS. Kjelde: Sjølvevaluering FØS, mars 2021

Tabellen under viser studieplassar, opptakstal og gjennomføring totalt og prosentvis på årsstudium ved FØS i perioden 2018 til 2020.

Studieprogram	Kull 2018	Kull 2019	Kull 2020
Historie årsstudium			
• Studieplassar	15	15	20
• Opptak	22	33	21
• Gjennomført	10	10	
• Gjennomføring/plass	67 %	67 %	
Jus, årsstudium			
• Studieplassar	25	25	30
• Opptak	23	24	27
• Gjennomført	18	18	15
• Gjennomføring/plass	72 %	60 %	
Samfunnsfag, årsstudium			
• Studieplassar	20	20	20
• Opptak	20	19	30
• Gjennomført	9	5	
• Gjennomføring/plass	45 %	25 %	
Ungdomssosiologi, årsstudium			
• Studieplassar	20	25	25
• Opptak	26	26	33
• Gjennomført	12	12	
• Gjennomføring/plass	60 %	48 %	

Tabell 20 Opptekne studentar og gjennomførte studieprogram per startkull på årsstudium på FØS. Kjelde: DBH/Samordna opptak

Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett

Ved inngangen til fusjonen hadde fakultetet fem årsstudium på campus Stord (idrett & kroppsøving, musikk, kunst & handverk, engelsk og samfunnsfag) og tre på campus Sogndal (idrett, personleg trenar og engelsk). Fakultetet peikar på at årsstudia på campus Stord vart oppretta fordi dei kunne utgjere det fjerde året i 4-årig GLU. I tillegg rekrutterte dei tilsette i skulen, som trong vidareutdanning, og unge studentar, som var usikre på kva dei skulle studere. Målet var å motivere denne studentgruppa til å ta ei lærarutdanninga. Det handla også om å styrke fagmiljøa med fleire undervisningsoppgåver enn GLU.

Bakgrunnen for Årsstudium i engelsk på campus Sogndal var omtrent den same som på campus Stord. I tillegg blei det lagt til rette for at det kunne godskrivas i to bachelorutdanningar i FØS (Ungdomssosiologi og Historie). Årsstudiet idrett på campus Sogndal var identisk med 1. året i ei bachelorutdanning i idrett, medan Årsstudium personleg trenar var resultat av eit samarbeid med eksterne om å lage ei utdanning som kvalifiserer for eit yrke i bransjen som driv treningssenter. Både for campus Stord og campus Sogndal har årsstudia vore ei viktig strategisk satsing for å sikre breiare rekrutteringsgrunnlag til campus. På bakgrunn av låge kandidattal for fleire årsstudium ser fakultet behov for å vurderer kva årsstudium som har potensial for auka gjennomføring og kva årsstudium som bør utviklast til noko nytt. I det høve må ein sjå på mogleg synergi mellom campus, utan i for stor grad å flytte studieplassar mellom campus.

Status

Årsstudium knytt til idrettsutdanningane på campus Sogndal er vidareutvikla i samband med samkøyring av idrettsutdanningar i Sogndal. Studieplassar til Årsstudium idrett er brukt til å utvide kapasiteten i to nye samkøyrte idrettsbachelorutdanningar, medan Årsstudium personleg trenar er oppretthaldt fordi det rekrutterer godt og gir yrkeskvalifisering. I tillegg kan det godskrivas i to bachelorutdanningar.

Årskursstudia som før var ein naturleg del av 4-årig GLU er etter omlegging til 5-årig integrert grunnskulelærarutdanning vanskelegare å godskrive i GLU. Dette som følge av nye krav til opptak, progresjon, praksis og fagkombinasjonar. Studentar som tar årsstudium kan likevel søke godskriving for heile studiet (60 sp) i GLU 5-10, og for halve studiet (30 sp) i GLU 1-7. I tillegg må dei fylle karakterkrava til opptak i GLU og ta praksisen dei manglar (inntil 15 dagar). Det er få studentar som nyttar seg av dette tilbodet. For kull 2017-2020 er det så langt registrert tre godskrivingssaker i GLU 1-7 og 5-10 for årsstudium ved HVL. Alle tre var ved campus Sogndal og alle gjaldt årsstudium i idrett.

Når det gjeld årsstudium som vidareutdanningstilbod for lærarar, peikar fakultetet på at nokre årsstudium er i konkurranse med ekstern finansiert vidareutdanning, på oppdrag frå Utdanningsdirektoratet. Det svekker rekrutteringsgrunnlaget og gir utfordringar med å ha tilstrekkeleg fagkompetanse på rett nivå (fagleg berekraft), til å tilby både eigenfinansierte og eksterntfinansierte tilbod innan same fag.

Rekrutteringa er god på nokre årsstudium, men talet som fullfører er lågt. Når ein ser på kor mange som fullfører i forhold til tal utlyste studieplassar, er gjennomsnittet 50 % eller lågare for årsstudia som før var knytt til GLU og/eller nytta som vidareutdanning for lærarar (sjå tabell under). Om ein held studieplassar til årsstudium innan idrett i Sogndal utanfor, vart det for studieåret 2019/20 sett av (170) studieplassar, medan (79) gjennomførte studiet.

Studieprogram	Kull 2018	Kull 2019	Kull 2020
Engelsk årsstudium, Stord			
• Studieplassar	20	25	25
• Opptak	19	19	25
• Gjennomført	9	12	
• Gjennomføring/plass	45 %	48 %	
Engelsk årsstudium, Sogndal			
• Studieplassar	30	30	30
• Opptak	24	24	26
• Gjennomført	14	16	
• Gjennomføring/plass	47 %	53 %	
Idrett årsstudium, Sogndal			
• Studieplassar	30	30	20
• Opptak	32	23	32
• Gjennomført	29	20	
• Gjennomføring/plass	97 %	67 %	
Kunst og håndverk årsstudium, Stord			
• Studieplassar	20	20	20
• Opptak	13	13	19
• Gjennomført	10	10	
• Gjennomføring/plass	50 %	50 %	
Idrett/kroppsøving årsenhet, Stord			
• Studieplassar	20	25	25
• Opptak	20	21	24
• Gjennomført	11	19	
• Gjennomføring/plass	55 %	76 %	
Musikk årsenhet, Stord			
• Studieplassar	20	20	20
• Opptak	9	2	3
• Gjennomført	7	1	
• Gjennomføring/plass	35 %	5 %	
Personlig trener, årsstudium, Sogndal			
• Studieplassar	25	20	20
• Opptak	27	24	24
• Gjennomført	24	20	20
• Gjennomføring/plass	96 %	100 %	
Samfunnsfag årsstudium, Stord			
• Studieplassar	30	30	30
• Opptak	19	17	28
• Gjennomført	5	11	
• Gjennomføring/plass	17 %	37 %	

Tabell 21 Opptekne studentar og gjennomførte studieprogram på årsstudium på FLKI. Gjennomført/plass syner gjennomføringsprosent rekna frå gjennomføringar/studieplassar i opptaksår Kjelde: DBH/Samordna opptak

Utviklingspotensiale

FLKI viser til at fakultetet i samband med sak om studieportefølje for 2022/23 har gitt institutta i oppgåva å sikre utvikling i retning av økonomisk berekraftige årsstudium, å nytte studieplassane til å styrke eksisterande bachelorstudium og/eller til å utvikle nye meir økonomisk berekraftige studiar. Det er slike diskusjonar institutta må ha med fagmiljøa, for å sikre ei utvikling der studieplassar som i dag vert nytta til årsstudium med låge søkartal og/eller få fullførte på sikt vert nytta til studium som har større del som gjennomfører.

Tabellen under gir ei oversikt over årsstudium i FLKI ved inngangen til fusjon, kva utdanningar dei kan godskrivast i eller korleis dei er endra eller kva endring det kan vera behov for.

Studieprogram	Campus	Gjennomgåande utdanningsløp	Merknad
Personleg trener	Sogndal	Kan godskrivast i bachelorprogram innan idrett.	Gir yrkeskompetanse viktig å behalde
Idrett	Sogndal		Er flytta til bachelor
Engelsk	Sogndal	Kan godskrivast i Bachelor historie/ungdomssosiologi (FØS). Kan søke godskriving i GLU 5-10 (60 sp.) eller GLU 1-7 (30 sp).	Samkøying? Samlings/nettbasert?
Engelsk	Stord		
Idrett/ Kroppsøving	Stord	Godskriving i Bachelor idrett, Sogndal Kan søke godskriving i GLU 5-10 (60 sp.) eller GLU 1-7 (30 sp).	Auke gjennomføringa? Nytt studium?
Kunst og handverk	Stord	Kan søke godskriving i GLU 5-10 (60 sp.) eller GLU 1-7 (30 sp).	Auke gjennomføringa? Nytt studium?
Musikk	Stord	Kan søke godskriving i GLU 5-10 (60 sp.) eller GLU 1-7 (30 sp)	Flytte til bachelor?
Samfunnsfag	Stord	Kan søke godskriving i GLU 5-10 (60 sp.) eller GLU 1-7 (30 sp).	Nytt studium?

Tabell 22 Oversikt over årsstudium ved FLKI. Kjelde: Felles Studentsystem og fakulteta si sjølvevaluering

3.10 Utdanningsamarbeid

3.10.1 Samarbeid internt - Tverrfakultære masterprogram ved HVL

I høgskulen sin profesjons – og arbeidslivsretta profil står samspel sentralt:

Samspel handlar om samhandling med omgjevnadane og internt i høgskulen. Det trengst fleirfagleg kompetanse for å finne gode løysingar på utfordringane i samfunnet. Vi vil utvikle ny kunnskap i tett samspel med omverda. Vi har noko å tilføre kvarandre – mellom fag miljø, mellom campusar og mellom tilsette og studentar (HVL strategi 2019-2023)

Fleire fakultet samarbeider om ein skilde emne/delar av utdanningsprogram, både på bachelor- og masternivå. Som døme viser vi til dei tre masterprogramma Master i innovasjon og leiing (FØS), Master of Science og Business (FØS) og Master i innovasjon entreprenørskap (FIN). Her finn det stad eit samarbeid om innovasjons- og entreprenørskapsemne i høve til fagutvikling og gjennomføring. Det er Mohnsenteret som har vore eit nøkkelsenter for samarbeidet gjennom mange år.

I tillegg er det etablert nokre tverrfakultære masterprogram ved HVL:

- **Master i organisasjon og leiing** (moderfakultet er FØS, samarbeid med FHS og FLKI)

Målgruppe: Alle bachelorkandidatar frå FHS og kandidatar frå bachelor i barnehagelærerutdanning ved FLKI. Er også aktuelt for kandidatar med tidlegare 4-årig grunnskulelærerutdanning, eller med undervisningskompetanse og PPU. Alle søkjarar må ha minst to års relevant praksis etter avslutta grunnutdanning.

Studiet har rullerande opptak på campus Sogndal, Bergen, Førde og Haugesund.

Studiet har følgande spesialiseringar:

- Spesialisering helse- og velferdsleiing
- Spesialisering utdanningsleiing

Studiet kvalifiserer for opptak til doktorgradsprogramma RESINNREG, Helse, funksjon og deltaking og Studiar av danning og didaktiske praksisar.

- **Master i maritime operasjonar** (moderfakultet er FØS, samarbeid med FIN og Hochschule Emden/Leer)

Målgruppe: Bachelorkandidatar innan nautikk, maritime management og maskiningeniør kan søkje opptak til studiet.

Studiet er samlingsbasert med tre samlingar kvart semester. Studiet kvalifiserer for opptak til doktorgradsprogrammet Nautiske operasjonar.

3.10.2 Utdanningssamarbeid med andre utdanningsinstitusjonar om gradsutdanningar
Utdanningssamarbeid med andre utdanningsinstitusjonar på Vestlandet er trekt fram som eit mål i revidert utviklingsavtale mellom KD og HVL, særleg gjeld det institusjonar med komplementær kompetanse.

Døme på utdanningssamarbeid om gradsutdanningar i dag er vist i tabell under. I tillegg kjem utdanningssamarbeid om emne/delar av studieprogram.

Fakultet	Utdanningssamarbeid
FIN	Fellesgrad: Master i programutvikling (UiB/HVL)
	Master i energi på UiB, samarbeid om emne og rettleiing
	Master i havteknologi på UiB, samarbeid om emne og rettleiing
	Master i undervassteknologi saman med NTNU, samarbeid om rettleiing
FØS	Fellesgrad: Bachelor i maritime management saman med USN, UIT og NTNU.
	Master i maritime operasjonar saman med Hochschule Emden/Leer
	Fellesgrad: Ph.d.-program i nautiske operasjonar saman med UiT, NTNU og USN
	Senter for fremragende utdanning saman med USN: Maritim kompetanse for en digital framtid.
FLKI	Fellesgrad: Master i profesjonsfagleg digital kompetanse, saman med USN

Tabell 23 Døme på utdanningssamarbeid med andre utdanningsinstitusjonar om gradsutdanningar

3.11 Gradsprogram med internasjonal rekruttering

Alle fakulteta har gradprogram med internasjonal rekruttering (dvs. opptaksgrunnlag frå ein institusjon utanfor Norge) og engelsk som undervisningsspråk.

HVL sin strategi slår fast at høgskulen skal ta ein internasjonal posisjon, og jobbe målretta for utdanning og FoU-aktivitet av høg internasjonal kvalitet. Internasjonalt samarbeid og nettverk er også eit pluss når vi skal søke om å bli akkreditert som universitet. Eit av fleire tiltak for å nå dette målet er å rekruttere studentar internasjonalt.

Alle fakulteta har gradprogram med internasjonal rekruttering:

- Master in Healthy Ageing and Rehabilitation (FHS)
- Master in Climate change management (FIN)
- Master in Fire safety/ Master i brannikkerhet (FIN)
- Master in Software engineering/ Master i programutvikling (fellesgrad med UiB) / (FIN)
- Bachelor in Community Arts (FLKI)
- Master of Science in Maritime Operations/Master i maritime operasjonar (FØS)
- FLKI arbeider med å få etablert ei ny mastergrad i kunstfag, der ein planlegg internasjonal rekruttering i delar av utdanninga. Fagmiljøet knytt til dramapedagogikk og anvendt teater har lang erfaring med dette.

I tillegg rekrutterer HVL sine egne ph.d.-program internasjonalt.

3.12 Studieporteføljen i lys av krav til å bli universitet

Regelverket for å bli akkreditert som universitet seier at «*Doktorgradsomsrådene skal være godt dekkende for den faglige profilen til institusjonen*». Det kan vi vise ved å skildre korleis doktorgradsprogramma er underbygd av bachelor- og mastergradstudia. Kravet tilseier at det bør vere god strukturell samanheng mellom studie på bachelor-, master- og doktorgradsnivå. I tillegg må vi vise til uteksaminerte kandidatar på lågare og høgare grads nivå, på studietilbod som dekkjer den faglege profilen til doktorgradsomsråda: I søknaden skal vi gi ein oversikt over uteksaminerte kandidatar i studietilbod som er knytt til doktorgradsomsråda.

Kravet om «godt dekkende» betyr ikkje at alle bachelor- og masterprogramma må kunne lede vidare til ph.d., men at dei fleste bør gjere det. Det betyr også at vi ikkje skal ha doktorgradsprogram som står heilt for seg sjølv, i den forstand at dei er meir eller mindre frikopla frå studieprogram på bachelor- og mastergradnivåa.

3.13 Vurdering

Gjennomgåande utdanningsløp og profesjonsspesifikke mastergrader:

Alle fakulteta innfrir mål i HVL-strategiane om at gradutdanningane skal inngå i gjennomgåande utdanningsløp frå bachelor til ph.d. Berre kandidatar frå Bachelor i historie manglar tilbod om vidare masterstudium ved HVL. FØS held på å kartlegge moglegheiter for tverrfagleg mastergrad i samfunnsvitskap, der mellom anna kandidatar frå Bachelor i historie kan søkje opptak til.

Frå bachelorutdanning vidare til mastergrad:

Ikkje alle kandidatar på bachelornivå kan gå vidare på ei profesjonsspesifikk/spesialisert mastergrad, og prosjektgruppa stiller spørsmål om HVL skal ha dette som eit mål, enten som egne mastergrader eller spesialiseringar/studieretningar inn i masterprogram.

Satsing på profesjonsspesifikke/spesialiserte masterprogram harmoniserer med høgskulen sin arbeidslivs- og profesjonsretta profil. Profesjonsspesifikke masterprogram vil på sikt også kunne bidra til kvalifisering og rekruttering av fleire fagtilsette til dei aktuelle utdanningane ved HVL.

Eit mangfald av spesialiserte masterprogram vil kunne gje høgskulen eit konkurransefortrinn i rekruttering av framtidige studentar og fagtilsette.

Fordelane med spesialiserte mastergrader må vegast opp mot dei økonomiske konsekvensane, det vert her vist til kapittel 6 om økonomisk berekraft i studieporteføljen.

Fordelinga av studieprogram mellom dei tre ulike nivå i utdanningspyramiden er i dag (våren 2021) slik – bachelorprogram utgjør 57 %, delen masterprogram er 37,2 % medan doktorgradsprogramma utgjør 5,8 %.

Ved FHS er ni av 19 studieprogram på masternivå, medan tal studentar (omgjort til heiltidsekvivalentar) på dette nivået er 14,4 %. Ved FLKI er 10 av 21 program 2-årige masterprogram, medan vel ein av 10 studentar (heiltidsekvivalentar) er registrert på desse programma. Fleire av desse masterprogramma gir tilbod om fleire spesialiseringar/studieretningar. I FLKI er tre av masterprogramma nyetablerte og inne i sitt første år, og det er også etablert ei fellesgrad med USN. Desse fire programma har enno ikkje registrerte studentar i 2. år

FØS har fire masterprogram og 13 program på bachelornivå, medan fordelinga ved FIN er høvesvis sju og 23.

I tillegg til å vurdere storleiken på masterporteføljen i form av tal studieprogram og registrerte studentar, kan ein bruke datauttrekk som kvalifikasjonar (ferdige kandidatar) og produksjon av 60-studiepoeng-einingar. Figur 7 i avsnitt 3.4 over viser at desse to variablane ligg på ca 15 % for masterprogramma (når ein ser på tilhøvet mellom program på bachelor- og masternivå). Prosjektgruppa merkar seg at dette talet er lågt i lys av at nesten fire av 10 program i studieporteføljen er på masternivå. Høgskulen bør vurdere om forholdet mellom talet utdanningar og studentar i dei ulike syklusane er på eit rimeleg/ønska nivå.

Ved innføring av endringar i Studiekvalitetsforskrifta i 2017 vart mellom anna krav til fagmiljø på masterstudium forsterka og ei eventuell satsing på fleire spesialiserte masterprogram må sjåast opp mot tilgjengeleg fagleg kompetanse innan dei ulike fagområda.

Uavhengig av spørsmålet om høgskulen skal satse på fleire profesjonsspesifikke mastergrader eller ikkje, vil prosjektgruppa tilrå at høgskulen ser nærare på om det er mogleg å utvikle nokre generelle prinsipp som skal leggast til grunn for utvikling av gradutdanningane (til dømes tal på studieretningar/spesialiseringar/valfrie emne i et studieprogram opp mot tal studentar og ressursbruk).

Det vert også vist til kapittel 6 i rapporten om økonomisk berekraft i studieporteføljen.

Frå masterutdanning vidare til eit doktorgradsprogram:

HVL strategi 2019-2023 slår fast at høgskulen har som ambisjon å bli eit universitet med ein tydeleg profesjons- og arbeidslivsretta profil. Dette inneber mellom anna at høgskulen må tilby gjennomgåande utdanningsløp frå bachelor- til ph.d.-nivå. Studiekvalitetsforskrifta § 3-7 (1) og (2) slår fast at institusjonar som skal søkje akkreditering som universitet må ha rett til å tildele doktorgrad aleine på minst fire fagområde. Desse doktorgradsområda skal vere godt dekkande for institusjonen sin faglege profil og dekke vesentlege delar av institusjonen si faglege verksemd.

I fakulteta sine sjølvevalueringar kjem det fram at tre av dei fire doktorgradsprogramma har godt rekrutteringsgrunnlag i form av at det er relativt mange masterprogram som gir opptaksgrunnlag til programma. Unntaket er Datateknologi, der det berre er éin mastergrad (Mastergrad i programutvikling, felles med UiB) som kvalifiserer direkte. Kandidatar frå nokre av dei andre masterprogramma ved FIN kan etter særskilt vurdering gå vidare til ph.d. i Datateknologi under føresetnad av fordjuping i masteroppgåva. Ph.d.-programmet har til dømes tatt opp ein kandidat med opptaksgrunnlag Master i brannsikkerheit. Det er sett i gang eit utviklingsarbeid for å etablere eit nytt masterprogram i anvendt datateknologi, som i tillegg til Master i programutvikling, kan rekruttere til Ph.d. i datateknologi.

Som hovudregel kan alle kandidatar frå eit masterprogram gå vidare til eit ph.d.-program ved høgskulen. I opptaksreglane til doktorgradsprogramma vert det opna for at kandidatar frå andre profesjonar/mastergrader kan takast opp under føresetnad av at prosjektet er tilpassa doktorgradsprogrammet sin profil. Ved eit fåtal utdanningar er det også eit krav om spesifikke emnekombinasjonar og fordjupingar i masterstudiet for å kunne gå vidare til eit doktorgradsprogram.

Nokre kandidatar kan gå vidare til master- og doktorgradsprogram på andre fakultet enn der dei tok si grunnutdanning. Dette er særleg aktuelt for doktorgradsprogrammet RESINNREG som går på tvers av dei tre fakulteta FIN, FHS og FØS med FØS som vertsfakultet.

Gitt målsettinga i HVL strategi om samspel internt i høgskulen ser prosjektgruppa det som verdifullt at slike opptaksvegar er mogleg, og at fakultetsgrenser kan kryssast i utdanningsløpet frå bachelor til ph.d..

Masterprogram på alle campus:

Fusjonsavtalen slår fast at det skal vere tilbod om masterstudium ved kvart campus, og det er i dag eit slikt tilbod. Fleire mastergrader vert no organisert med samlingar på ulike campus. Dette bidrar også til at fleire kan få tilbod om å ta ei masterutdanning i den regionen ein bur.

Alle fakultet, med unntak av FIN, tilbyr mastergrader på alle campus dei er knytt til. Campus Førde har ikkje tilbod om masterutdanning innan ingeniør- og naturvitskap.

Rekrutteringsgrunnlaget til dei teknologiske bachelorprogramma har over tid vore låg ved campus Førde, og det har fleire år difor vore nulloptak til nokre av ingeniørutdanningane.

Gjennomgåande utdanningsløp med mastergradstilbod på campus *kan* vere eit tiltak for også å rekruttere betre til grunnutdanningane. Masterprogram på campus kan også bidra til at fagpersonale ser på campus som ein meir attraktiv arbeidsplass.

Etablering av mastergrader på eit campus er kostbart. Prosjektgruppa vil difor tilrå, dersom det fagleg er forsvarleg og praktisk handterleg, at ein ser på om det er mogleg å tilby utdanningar på tvers av campus, dersom høgskulen ser det som strategisk viktig å tilby mastergrader ved alle campus der fakulteta har utdanningstilbod. Desse kan vere samlingsbaserte. Det må gjerast ei god avveging mellom å gje tilbod til hovudtyngda av studentane våre som er i aldersgruppa 19-25 år, og ønskjer å vere heiltidsstudentar og studentar som ønskjer utdanning på deltid.

I samband med den digitale campusverksstaden for campus Førde og campus Stord, vart ønskje om å etablere ein industrimastergrad trekt fram av fleire. Prosjektgruppa vil tilrå at høgskulen tar stilling til om ein skal sjå moglegheit for ei slik etableringa, og då ikkje nødvendigvis berre knytt til eitt av campus.

Utdanningssamarbeid:

Som det går fram i kapittel 3.10.1 er det etter forholda ikkje så mange utdanningsprogram som er samarbeid mellom to eller fleire fakultet ved HVL. Dette kan ein delvis knytte til at i åra frå 2017 har det vore arbeida godt med studieporteføljen internt i dei store og nye fakulteta. Det er likefullt eit grunnlag for å sjå på moglegheiter for å styrke tverrfakultært samarbeid, både fordi fagområda er tilgrensande, og fordi aktuelle samfunnsutfordringar krev kunnskap frå fagområde som er organisert i dei ulike fakulteta. Det tverrfakultære samarbeidet om doktorgradsprogrammet RESINNREG mellom FIN, FHS og FØS, syner at vi har potensiale til å nytte felles tilgrensa fagområde i større grad enn vi har gjort til no.

HVL må og sjå til at ein ikkje opprettar fleire studieprogram som er for like. Dette kan føre til svak rekruttering til programma og uønska intern konkurranse, her bør ein heller søkje samarbeid om studietilboda. Dette er noko anna enn at same studentgruppe kan velje mellom fleire ulike mastertilbod.

Framover vil det og vere viktig å ha merksemd på og tydeleggjere koplinga mellom utdanningar på ulike nivå på ulike fakultet, dette er peikt på over.

Revidert utviklingsavtale har som eit mål at HVL skal ha utdanningssamarbeid med andre utdanningsinstitusjonar. Kap 3.10.2 syner at omfanget av dette ikkje er stort. Føremålet må vere at slikt samarbeid fører til at vi saman med andre utdanningsinstitusjonar kan gje tilbod som svarar på behov i samfunnet som vi ikkje kan gje kvar for oss. Dette gjeld også for å kunne gje tilbod om gjennomgåande studieløp for eigne studentar.

Det vil vere viktig at slike utdanningssamarbeid i størst mogleg grad skjer mellom likeverdige partar – og at det vert etablert fellesgrader – der alle deltakande institusjonar er likeverdige og akkreditert som gradsgjevande. Fleire fellesgrader med utanlandske institusjonar vil også vere i tråd med HVL sine internasjonale ambisjonar. Dei kan vere ressurskrevjande å etablere og å drifte, men det finst program for å støtte internasjonale fellesgradar, både gjennom det europeiske og det nordiske utdanningssamarbeidet.

Årsstudium:

Årsstudium utgjer ein liten del av HVL si eigenfinansierte studieportefølje, både når det gjeld tal årsstudium og tal studentar, og det er berre to fakultet som har slike tilbod.

Årsstudia har noko ulik plass med tanke på gjennomgåande utdanningsløp. Finansieringsmodellen for sektoren er slik at høgskulen får tildelt finansiering for studiepoengproduksjon for årsstudia, men dei gir ikkje utteljing i form av kandidatproduksjon.

Det kan vere behov for å fastsetje nokre prinsipp for når høgskulen skal tilby årsstudium. Eit slikt prinsipp kan vere at det skal vere mogleg å innpasse eit årsstudium i ei gradutdanning ved HVL, enten som det første året av ei bachelorutdanning eller som ein valfri del av eit utdanningsprogram, eller ei vidareutdanning. Det kan og vere aktuelt å bruke årsstudium som tilbod til innreisande studentar.

Fleire fakultet opnar for at studentar kan få innpassa vidareutdanning i eit mastergradløp. I den grad eit årsstudium kan vere ei vidareutdanning, må vi vurdere om dette skal vere på masternivå, slik at årsstudiet, om studentane ønskjer det, seinare kan innpassast i ei mastergrad.

Det er også peika på at HVL bør auke omfanget av eksternt finansiert vidareutdanning og at årsstudium som kan finansierast ved eksterne middel, enten ved deltakarbetaling eller oppdrag, ikkje bør inngå som del av den eigenfinansierte studieporteføljen.

Studieporteføljen i lys av å bli universitet:

Studiekvalitetsforskrifta og Studietilsynsforskrifta stiller krav til kva høgskulen må innfri for å nå ambisjonen om å bli eit universitet. Høgskulen innfrir krav om å tildele doktorgrad aleine på minst fire fagområde og ha akkreditering for minst fem studietilbod på høgare nivå.

Evalueringa har også vist kva for studieprogram på lågare og høgare nivå som er opptaksgrunnlag for ph.d.-utdanningane. Framover blir det sentralt for høgskulen å sikre at dei studietilboda som utgjer

opptaksgrunnlaget, har jamlege opptak, tilfredsstillande gjennomstrøyming og uteksaminere kandidatar. I dette ligg det også å halde auge med korleis høgskulen sin utvikling er samanlikna med dei nyare universiteta, slik at HVL er på nivå med desse.

I lys av universitetsambisjonen bør høgskulen også vurdere om det bør vere fleire studieprogram med internasjonal rekruttering – dette kan vere med å synleggjere at HVL har eit høgt internasjonalt nivå. Fleire internasjonale fellesgrader kan bidra i så måte.

Dersom høgskulen vel å gjere endringar i studieporteføljen enten ved å legge ned eller etablere nye studietilbod, må vi i sikre at dette blir vurdert opp mot rekrutteringsgrunnlag for ph.d.-utdanningane. Det er sentralt for universitetsambisjonen at det er god kopling mellom ph.d.-utdanningane og program på lågare og (særleg) høgare nivå når det gjeld å uteksaminere tilfredsstillande tal kandidatar. Det vil også bidra til å sikre godt samspel mellom FoU- og utdanningsverksemda ved det framtidige universitetet.

4. Korleis svarar HVL på regionalt og nasjonalt utdanningsbehov i lys av livslang læring

SEFØ-modellen består av 4 prioriterte område med kriterium som skal være styrande for utviklinga av studietilbod og studieporteføljen.

I område 1 Strategisk betydning finn vi forankringa for å vurdere korleis høgskulen svarar på regionalt og nasjonalt utdanningsbehov sett i lys av livslang læring. I HVL sin strategi 2019-2023 finn vi måla høgskulen har satt seg for utvikling av studietilbod og studieportefølje. Fakulteta har utdjupe og konkretisert desse i sine strategiar for den same perioden.

Tett på er ei av dei sentrale verdiane høgskulen arbeider etter. Det inkluderer nærleik mellom studentar og tilsette, og mellom høgskulen og arbeidslivet vi utdannar til – og saman med. Høgskulen vil arbeide praksisnært og vidareutvikle studia til beste for regionen.

HVL skal danne og utdanne høgt kompetente kandidatar til beste for samfunnet. Høgskulen skal ta ansvar for at profesjons- og arbeidslivsretta kunnskap kjem fleire til gode gjennom livslang læring. Sentralt i dette står arbeidet med å utvikle etter- og vidareutdanningar som arbeidslivet etterspør.

4.1 Avgrensingar og operasjonisering

Livslang læring forstår vi som all organisert læring gjennom livet, formell utdanning så vel som læring gjennom arbeid, kurs, seminar og andre læringsaktiviteter, jf. (Meld. St. 16 (2020-21) Utdanning for omstilling).

Livslang læring kom høgt på dagsorden i universitetets- og høgskulesektoren då regjeringa la fram Meld.St. 14 (2019–2020) «Kompetansereforma – Lære heile livet».

Kompetansemeldinga hadde to sentrale mål. Det første var at ingen skulle «gå ut på dato» fordi dei mangla kompetanse og det andre var å tette gap mellom kompetansen arbeidslivet treng og kompetansen arbeidstakarane faktisk har.

Regjeringa presenterte særleg to tiltak for å stimulere høgare utdanningsinstitusjonar til å satse meir på utdanningar som er etterspurt av arbeidslivet og tilgjengelege for dei som er i arbeid. Det var Program for fleksible utdanningstilbod, som DIKU forvaltar, og delar av Kompetanseprogrammet (programområde 1 – tilskot til fleksible vidare utdanningstilbod (Kompetanse Norge) i regi av Kompetanse Norge.

HVL oppretta Prosjekt Livslang læring for å følgje opp meldinga. Prosjektet hadde ei overordna målsetting om å svare ut; Kva ambisjonar har HVL med livslang læring, og korleis skal me nå desse måla?, jf. sak 15/21 - Prosjekt Livslang læring i HVL³¹

I Meld.st. 16 (2020-21) «Utdanning for omstilling» er arbeidsrelevans det sentrale temaet, og som del av dette får fleksible utdanningar stor plass i meldinga. I meldinga identifiserte regjeringa fire innsatsområde for å styrke arbeidsrelevans i utdanningane. Eit av områda er at utdanningsinstitusjonane blir oppfordra til å styrke og systematisere samarbeidet mellom høgare utdanning og arbeidslivet for å identifisere kunnskapsbehov i samfunnet. Eit anna område er at høgskular og universitet må opne opp og gjere høgare utdanning meir tilgjengeleg for fleire grupper

³¹ [Sak 15/21 Prosjekt Livslang læring i HVL - prosjektrapportering og veggen vidare](#)

studentar. Det gjeld dei som ønsker å supplere og forbetre eigen kompetanse og dei som er i ein fase av livet der arbeid eller andre forplikingar gjer at heiltidsstudium ikkje er mogeleg eller at dei ikkje treng ein heil grad.

I tida framover skal nye Direktoratet for høyere utdanning og kompetanse samordne overlappende delar av kvalitetsprogramma og kompetanseprogrammet slik at det blir ei enkel tilskotsordning for fleksibel utdanning som svarer til arbeidslivets behov. Tiltaka for å stimulere til å utvikle fleksible utdanningar fortsett i tida framover.

I denne konteksten og ut frå Strategi 2019-23 har HVL arbeidd med å legge til rette sine studieprogram og gradsstudium for å nå dei «nye» gruppene av potensielle studentar. Det vi seie dei som ikkje ønsker eit heiltidsstudium eller ein heil grad, men vil supplere eller forbetre eigen kompetanse og dei som ikkje kan studere på campus. Vi minner om at denne evalueringa har avgrensa seg til å fokusere på eigenfinansierte studieprogram over 60 sp ved høgskulen.

4.2 Arbeidslivet sitt utdannings-/kompetansebehov

Fylkeskommunane har ei sentral rolle i arbeidet med å sikre oppdatert kunnskapsgrunnlag om noverande og framtidige kompetansebehov i den regionale arbeidsmarknaden.

HVL deltek i Kompetanseforum Vestland . Det er eit samarbeidsorgan for kompetansearbeid i regionen. Målet er å legge til rette for at kompetanse driv fram utvikling i arbeidslivet, avdekke kompetansegap i arbeidslivet og finne fram til løysingar for å fylle kompetansegap. Det er Vestland fylkeskommune som leiar forumet , og høgskulen deltek saman med leiarane ved UiB og NHH, Fagskulen Hordaland, Opplæringsdirektøren i Vestland fylkeskommune, NHO, LO, KS, NAV og Helse Vest.

Vestland fylkeskommune i samarbeid med HVL, UiB og NAV legg kvart år fram ei samling statistikk og analyser som seier noko om arbeidsmarknad og kva utvikling ein ser for seg framover. Den siste rapporten er Kompetanse 2021. Vestland fylkeskommune har også fått utarbeidd «Vestlandsscenarioene 2020 - Felles kunnskapsgrunnlag» som ledd i ny næringsplan for fylket. Dette kunnskapsgrunnlaget fokuserer på potensialet for grøn omstilling, teknologi og eksportnæringane i fylket.

HVL deltek også i Kompetanseforum Nord-Rogaland som er ein strategisk møtearena der høgskulen møter eksterne aktørar. I forumet deltek Haugaland Vekst, kommunal og fylkeskommunal leiing, helseføretak, NAV, næringsforeiningar, klynger, NHO, LO, NORCE, Innovasjon Norge. Målet er å ta vare på den regionale utviklingsrolla og legge til rette for at kompetanse driv fram utvikling i arbeidslivet også i denne regionen.

Avdeling for kommunikasjon og samfunnskontakt (AKS) har ut frå kunnskapsgrunnlaget frå fylkeskommunen og kompetansefora, saman med nasjonale offentlege utgreiingar og stortingsmeldingar starta utarbeiding av eit kunnskapsgrunnlag for HVL. Målet er at HVL på sikt kan bruke dette inn i planlegging og utvikling av nye studietilbod. Kunnskapsgrunnlaget er ikkje uttømmende, men gir eit overordna blick på kompetansebehov i HVL sine omgjevnader. AKS tek utgangspunkt i særpreg ved arbeids- og samfunnsliv rundt HVL sine campusar. I kunnskapsgrunnlaget skildrar dei kompetansebehov innan fem fagområde, sjå vedlegg 7 Kunnskapsgrunnlag om kompetansebehov.

Samtidig minner dei om at HVL er ein relevant samarbeidsaktørar for arbeids- og samfunnsliv for langt fleire enn vertskommunane, sidan høgskulen gjer utdanning tilgjengeleg for innbyggjarar på heile Vestlandet.

4.3 Tilgang på utdanning

Som nemnd tidlegare, understrekar både Kompetansereformen – Lære hele livet (Meld. St. 14 (2019-2020)) og Arbeidsrelevansmeldingen – Utdanning for omstilling – Økt arbeidslivsrelevans i høyere utdanning (Meld. St. 16 2020–2021) kor viktig det er å gjere høgare utdanning open og tilgjengeleg for ein meir mangfaldig gruppe studentar.

HVL har ut frå desse signala starta eit arbeid med å legge til rette deler av den eigenfinansierte studieportefølje for den «nye» gruppa studentar. Det er dei som ikkje ønsker eit heiltidsstudium eller ein heil grad, men vil supplere eller forbetre eigen kompetanse og dei som av ulike grunnar ikkje kan studere på campus.

Fakulteta har vurdert og endra organiseringa av ulike studieprogram for å gjere dei meir fleksible. Det handlar i hovudtrekk om å tilby studieprogram på deltid, nett- og samlingsbaserte, tilby enkeltemne og gi moglegheit for å godskrive tidlegare fullførte vidareutdanningar i masterprogram.

Nedanfor gir vi ein kort oversikt over arbeidet i fakulteta for å tilby fleksible utdanningar og planar framover.

Fakultet for helse- og sosialvitskap

FHS fangar i hovudsak opp behov i samfunns- og arbeidsliv i tett dialog og samhandling med helse- og sosialtenestene i heile regionen. Dei fire helseføretaka på Vestlandet er sentrale samarbeidspartar, saman med NAV kontor og andre statlege og private institusjonar. Høgskulen sin eigen råd- og utvalsstruktur med eksterne representantar gir også gode koplingar til arbeidslivet. I tillegg gir klynger saman med nasjonale og internasjonale nettverk gode moglegheiter for å dele kunnskap og erfaringar for å utvikle utdanningane i fakultetet.

FHS har for tida 19 studieprogramråd med god deltaking av eksterne representantar. Dette er ei stor satsing i fakultetet og ein viktig «lyttepost» for å fange opp behov i praksis, arbeids- og samfunnsliv.

I 2019 vurderte FHS master- og EVU- porteføljen sin i eit livslang lærings perspektiv. Dei la til rette for fleire masterprogram med følgjande kjenneteikn:

- Erfaringsbasert masterutdanningar med kombinasjon av eigenbetaling frå studentar og KD-finansiering
- Deltid
- Nett- og samlingsbasert
- Fleire av emna kan takast som vidareutdanning eller som enkeltstående emne
- Fleire av tilboda går ved fleire campus på same tid – samordna undervisning – lokale fagmiljø
- Mogleg å få godskrevet tidlegare fullført vidareutdanning
- Suppleringsopptak for dei som berre manglar metode/vitskapsteori og masteroppgåva

Masterprogram som vart justert i tråd med evalueringa:

- Master i familieterapi og relasjonelt; erfaringsbasert, deltid, nett- og samlingsbasert, moglegheit for godskriving av vidareutdanning, mogleg å fullføre enkeltemne.
- Master i sjukepleie – kliniske spesialitetar; erfaringsbasert, deltid, nett og samlingsbasert, mogleg å fullføre berre e vidareutdanning eller enkeltemne.

- Master i avansert klinisk allmennsjukepleie; deltid, samlingsbasert.
- Master i samhandling og folkehelse; deltid, samlingsbasert.
- Master i kunnskapsbasert praksis; deltid, nettbasert.
- Master i psykisk helse- og rusarbeid; heiltid første 60 sp, deltid og samlingsbasert siste 60 sp.
- Master i klinisk sjukepleie; 7 ulike studieretningar som har ulik organisering med heiltid eller deltid og samlingsbasert, mogleg å fullføre berre vidareutdanning på 90 sp.

Ein ny internasjonal, Healthy Ageing and Rehabilitation, er også utvikla i denne perioden og starta digitalt opp hausten 2020, med heile 29 studentar frå 15 land i Asia, Europa og Afrika. Studentane har bakgrunn frå 12 ulike profesjonar innan helse- og sosialfag. Her vil dei få verktøy for å utvikle gode program for rehabilitering og aktiv aldring i eigne samfunn. Fakultetet har her fått eit studium som baner veg for internasjonalisering og erfaringsutveksling på tvers av landegrensene.

Bachelorutdanningar:

- Bachelor i sjukepleie, desentralisert, deltid, nett- og samlingsbasert.
- Bachelor i vernepleie, desentralisert, deltid, nett -og samlingsbasert.

Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett

I 2019 starta FLKI ein omfattande prosess knytt til den framtidige eigenfinansierte studieporteføljen. Prosessen involverte tilsette på alle campus, eksterne og studentar. I tillegg engasjerte fakultetet AFF til å drive ein prosess som skulle optimalisere studieporteføljen på kort og lang sikt, møte forventningar utanfrå, regionalt og nasjonalt, og sikre levande og berekraftige campusar. Her deltok eksterne frå ulike funksjonar i dialogmøte for å fange opp behova i samfunns- og arbeidslivet. Prosessen resulterte i tiltak som til dømes Vestlandsklasser og masterprogram som rekrutterer folk i arbeid.

Fakultet er tett på behova i samfunns- og arbeidsliv gjennom sitt store tilbod av vidareutdanningar i den eksternt finansierte studieporteføljen. FLKI arrangerer omkring 40 ulike vidareutdanningar for lærarar i barnehage og skule og rektorar, knytt til Utdanningsdirektoratet (Udir) sine tilbod om etter- og vidareutdanning. DeKomp (Desentralisert kompetanseutvikling) retta mot skulen og ReKomp (Regional ordning for kompetanseutvikling) retta mot kompetanseutvikling i barnehagen er dei to store satsingane på etterutdanning FLKI har. Yrkesfaglærarløftet og Kompetanse for Kvalitet (KfK) er også sentrale etter- og vidareutdanningar for lærarar i skulen.

I utviklinga av nye masterprogram har fakultetet lagt vekt på at studiemodellane skal opne for godskriving av tidlegare fullført vidareutdanning.

Når det gjeld den eigenfinansierte studieporteføljen har fakultetet lagt til rette for livslang læring ved å tilby:

- Samlingsbaserte masterutdanningar
- Godskriving av fullført vidareutdanning i masterutdanningar
- Samlingsbasert grunnskulelærarutdanning for 1-7.trinn
- Arbeidsplassbasert barnehagelærarutdanning i Stord/Haugesund
- Barnehagelærarutdanning på deltid i Bergen/Sogndal
- Vestlandsklassar i grunnskulelærarutdanning og etter kvart barnehagelærarutdanning, for å tilby fleire fag på dei ulike campusane
- PPU - Y (yrkesfagretninga) og PPU-A (allmennfagleg retning) samlingsbasert på alle campus

Masterutdanningar som vart etablert eller revidert:

- Master i didaktiske praksisar, deltid, nett- og samlingsbasert, mogeleg å godskrive fullført vidareutdanning
- Master i praktisk utdanningsvitenskap, deltid, nett- og samlingsbasert, mogeleg å godskrive fullført vidareutdanning
- Master i profesjonsfagleg digital kompetanse, fellesgrad med USN, deltid, samlingsbasert, mogeleg å godskrive fullført vidareutdanning
- Master i barnehagekunnskap, deltid og samlingsbasert
- Utredning av ein ny utdanning - Master i kunstfag

Bachelorutdanningar:

- Barnehagelærerutdanning, arbeidsplassbasert (Stord/Haugesund)
- Barnehagelærerutdanning, deltid (Bergen/Sogndal)

Fakultet for ingeniør- og naturvitskap

Studieporteføljen på FIN består av ei rekke ingeniørutdanningar, samt bachelorprogram innan teknologi og naturvitskap. Fakultetet har som mål å vidareutvikle både bachelor- og masterutdanningane sine.

Fakultetet tilbyr mange studieprogram innan ingeniørfag. Dette er ei tilpassing til eit ønske frå næringslivet om kandidatar med spesialkompetanse.

I FIN er endringar i regionalt og nasjonalt næringsliv, forskingssatsingar og politiske satsingar gjennom utviklingsprogram som vert forvalta av DIKU, blant dei sterkaste drivarane for endring og utvikling av utdanningane.

Fakultetet har arbeidd med å tilby fleksible utdanningar:

- Nett- og samlingsbasert bachelorutdanningar
- *Tilbodet om [opptak til enkeltemne](#) (emne på fulltid saman med ordinære grads studentar)*

Masterutdanningar som vart endra:

- Master i innovasjon og entreprenørskap, tilbydd på deltid

Bachelorutdanningar som vart justert:

- Bachelor i ingeniørfag, automatisering med robotikk for fagskuleingeniør, nett- og samlingsbasert
- Bachelor i ingeniørfag, elkraftteknikk for fagskuleingeniør, nett- og samlingsbasert

Fakultet for økonomi og samfunnsvitskap

FØS tilbyr ei brei og tverrfagleg studieportefølje som er nødvendig for at studia er tidsriktige og tett kopla til behova i samfunns- og arbeidslivet rundt høgskulen.

FØS har god kontakt med arbeidsplassar mellom anna gjennom oppdragsverksemda og organisering av praksis i bachelor- og masterutdanningane, og jobbar med eksisterande samarbeid inn mot nettverk og klynger for å vidareutvikle fleire fleksible utdanningar. Initiativ til nye tilbod kan enten oppstå i fakultetet med bakgrunn i behov frå samfunns- og arbeidsliv, som direkte bestillingar utanfrå, eller for å betre studietilbodet på institutt- og/eller campusnivå.

Fakultetet legg til rette for at studium skal vere i tråd med prinsippet om livslang læring gjennom:

- Samlingsbaserte mastergrader
- Nett- og hybridbasert bachelorutdanningar
- Bachelor in Maritim Management, for personar som kjem frå fagskule som vil ha kompetanseheving til bachelorgrad
- Bachelorprogram for Y-veg studentar
- Bachelorprogram på deltid
- Årsstudium som kan byggjast vidare til bachelorgrader
- Enkeltemne på bachelor, master og ph.d. -nivå
- Etter- og vidareutdanningstilbod
- Oppdragsstudium på alle FØS sine campus

FØS har fokus på utdanning i eit livslangt læringsperspektiv og har nyleg vedtatt å setje ned ei arbeidsgruppe som skal sjå på porteføljeutvikling, herunder vurdering av behovet for å utvikle ei erfaringsbasert mastergradsutdanning. Ein ser og på vidareutvikling av porteføljen i lys av nye målgrupper og behov.

4.4 Arbeidslivsrelevans

«Kandidatundersøkelsen 2020» - Sammen Karriere, HVL, UiB og NHH

I 2020 gjennomførte Sammen Karriere, Universitetet i Bergen, Norges handelshøyskole og HVL «Kandidatundersøkelsen 2020 Frå studier til jobb på Vestlandet»³². Fokus for undersøkinga er kandidatane si tilpassing til arbeidsmarknaden, korleis overgangen frå studium til arbeidsliv har vore og kandidatane si eiga vurdering av om utdanninga dei fullførte var arbeidsrelevant. Undersøkinga ser også nærare på mobiliteten til kandidatane i åra etter dei fullførte studia – spesielt den geografiske mobiliteten.

Målgruppa var kandidatar som fullførte utdanninga si ved ein av dei tre institusjonane i 2018. For HVL sin del var det dei som i 2018 fullførte ei masterutdanning, bachelorutdanning eller 4- årig grunnskulelærerutdanning.

Undersøkinga viser at majoriteten av kandidatane frå alle dei tre institusjonane er veltilpassa på arbeidsmarknaden:

- Arbeidsløysa er på 2,6 prosent
- Delen som arbeider ufrivillig deltid er 4,4 prosent
- 91 prosent opplever at dei har ein relevant jobb

Det same bilete gjeld for HVL sine kandidatar:

- 83 prosent av HVL-kandidatane er veltilpassa på arbeidsmarknaden
- Arbeidsløysa er på 2,9 prosent og 0,5 prosent er permittert
- Delen som arbeider ufrivillig deltid er 5,4 prosent
- 90 prosent opplever at dei har ein relevant jobb
- Kandidatar med bakgrunn frå Fakultet for ingeniør- og naturvitskap opplever i nokon mindre grad å ha relevant arbeid. 16 prosent svarer at dei ikkje har ein relevant jobb. Det er likevel ein positiv utvikling for denne gruppa frå førre undersøking i 2018.

³² [Kandidatundersøkelsen 2020 Fra studier til jobb på Vestlandet](#)

På spørsmål om korleis kandidatane vurderer sin noverande jobbsituasjon, er det lite som skil fakulteta. Det er FIN som har høgast del kandidatar som opplever dei ikkje har relevant jobb, men samanlikna med førre undersøking har fleire relevant jobb no enn for to år sidan. Hovudbilete er at eit stort fleirtal opplever å ha relevant jobb.

	Har ikkje relevant jobb	Har relevant jobb	N
FHS	5%	95%	213
FIN	16%	84%	122
FLKI	10%	90%	246
FØS	13%	88%	40
HVL totalt	10%	90%	622

Tabell 24 Alt i alt, korleis opplever du din nåverande jobbsituasjon? Kilde: Kandidatundersøkelsen 2020

Blant kandidatane med relevant jobb, fekk i alt 86 prosent jobb innan 3 månader etter at dei fullførte utdanninga si.

	Fekk jobb før eg var ferdig med eksamen	0-3 mnd	4-6 mnd	7-12 mnd	1-2 år	Meir enn 2 år	N
FHS	67 %	21 %	8 %	2 %	3 %	1 %	200
FIN	50 %	19 %	14 %	11 %	5 %	1 %	103
FLKI	64 %	29 %	3 %	1 %	1%	1 %	218
FØS	54 %	23 %	11 %	6 %	6 %	0 %	35
HVL Totalt	62 %	24 %	7 %	3 %	3%	1 %	557

Tabell 25 For deg som har relevant jobb, korlang tid tok det frå du avla din siste eksamen til du fekk tilbod om din første relevante jobb? Kilde: Kandidatundersøkelsen 2020

Når kandidatane blir spurt om kva sektor dei arbeider i, svarar eit fleirtal at dei arbeider innan offentleg sektor. Fakulteta skil seg likevel frå kvarandre. Kandidatane frå FØS og FIN jobbar i større grad i privat sektor enn kva kandidatane med bakgrunn frå FLKI og FHS gjer.

	Offentleg sektor	Privat sektor	Organisasjon	N
FHS	87 %	11 %	2 %	210
FIN	26 %	73 %	1 %	120
FLKI	68 %	29 %	2 %	243
FØS	33 %	68 %	0 %	40
HVL Totalt	64 %	34 %	2 %	614

Tabell 26 Innan kva for ein sektor er din nåverande stilling? Kilde: Kandidatundersøkelsen 2020

Dei aller fleste av kandidatane som er i jobb, 92 prosent, seier dei arbeider på den geografiske staden dei ønsker etter fullført utdanning.

Dei fleste av kandidatane har arbeidsstad i fylket dei budde i før dei starta studia.

Tar vi utgangspunkt i strukturen før regionreforma, viser undersøkinga at 86 prosent av kandidatane som budde i Hordaland før studia arbeider i ein kommune som tidlegare var del av Hordaland. På same måte er det 56 prosent av kandidatane frå Sogn og Fjordane, som no arbeider i en kommune som tidlegare var ein del av dette fylket. For kandidatar frå Rogaland, arbeider 79 prosent i heimfylket, medan ytterlegare 12,5 prosent arbeider i Vestland fylke.

	Heimstad før studium	Arbeidsstad no	Nettogeinst
Viken	5,7 %	4,2 %	-1,5 %
Vestland	59,7 %	59,5 %	-0,2 %
Oslo	1,5 %	6,5 %	5,0 %
Rogaland	19,5 %	17,6 %	-2,0 %
Innlandet	1,3 %	0,8 %	-0,5 %
Vestfold og Telemark	2,3 %	1,8 %	-0,5 %
Agder	2,6 %	2,8 %	0,2 %
Møre og Romsdal	3,3 %	2,0 %	-1,3 %
Trøndelag	2,3 %	1,5 %	-0,8 %
Nordland	1,0 %	1,3 %	0,3 %
Troms og Finnmark	0,5 %	0,8 %	0,3 %
Utanfor Norge	0,5 %	1,3 %	0,8 %

Tabell 27 Heimstad før studia og arbeidsstad no Kilde: Kandidatundersøkelsen 2020

Oppsummert viser Kandidatundersøkinga 2018 at arbeidslivet har behov for dei kandidatane som HVL uteksaminerer. Kandidatane får seg jobb og dei får sin første relevante jobb kort tid etter dei har fullført utdanninga si.

«Kandidatundersøkelsen 2019» - Nordisk institutt for studier av innovasjon, forskning og utdanning

Nordisk institutt for studier av innovasjon, forskning og utdanning (NIFU) gjennomfører på oppdrag frå Kunnskapsdepartementet ei spørjeundersøking retta mot nyutdanna personar frå universitet og høgskular. NIFU undersøker korleis situasjonen er på arbeidsmarknaden for nyutdanna med masterutdanning eller tilsvarende høgere utdanning ca. eit halvt år etter eksamen.

I rapporten «Tilfredshet med utdanningen og situasjonen på arbeidsmarkedet blant nyutdannede mastere» presenterer NIFU resultat frå Kandidatundersøkelsen i 2019.³³

NIFU viser mellom anna at den samla arbeidsløysa blant dei nyutdanna masterkandidatane var på sju prosent. Det er lågare enn for 2017-kullet for alle fagfelt med unntak av realistane (personar med utdanning innan natur- og realfag). Dei har den høgste ledigheita av alle fagfelte.

³³ [NIFU-rapport 2020:24 «Tilfredshet med utdanningen og situasjonen på arbeidsmarkedet blant nyutdannede mastere: Resultater fra Kandidatundersøkelsen 2019»](#)

	2017	2019
Natur- og realfag	14,6	16,0
Humanistiske og estetiske fag	8,1	9,3
Juridiske fag	9,4	9,0
Samfunnsfag	9,9	7,2
Teknologiske fag	16,1	6,7
Økonomiske og administrative fag	5,9	5,2
Helse- og sosialfag	3,4	3,7
Lærerutdanninger og utdanninger i pedagogikk	3,2	2,3
Total	8,3	7,0

Note: I 2020 har vi gjort en liten endring i hvordan arbeidsstyrken beregnes sammenlignet med tidligere år. Se kapittel 2.4.1. Arbeidsledighetsandelene i 2017 avviker derfor noe (men minimalt) fra tidligere rapporter.

Tabell 28 Arbeidsløseprosent blant nyutdanna masterkandidatar eit halvt år etter eksamen. Kjelde: NIFU Kandidatundersøkelsen 2019.

Realistane har hatt ein auke i del ledige frå 2007 og fram til 2019. Det skil dei frå den andre gruppa, mastere i teknologi ofte med tilleggstittellen sivilingeniør, innan fagfeltet naturvitskapelege og tekniske fag. Dei hadde størst auke i del arbeidsløse under nedgangskonjunkturen i 2015, og arbeidsløysa blant teknologane var framleis høg i 2017, men er langt lågare i 2019. I følge NIFU tyder det på at teknologane er enda meir konjunkturfølsame enn realistane, og at realistane i tillegg til å vere følsame for konjunkturar, har ein meir vedvarande vanskeleg situasjon. Det kan midlertidig sjå ut til at situasjonen blir betre to- tre år etter eksamen.

Vi kan sjå konturane av det same i HVL sin Kandidatundersøking. FIN hadde ein noko lågare del kandidatar i relevant arbeid samanlikna med dei andre fakulteta, men med positiv utvikling frå 2018 til 2020-undersøkinga. Den siste undersøkinga viste at 84 % av FIN sine kandidatar var i relevant jobb to år etter fullført utdanning.

NIFU publiserer i midten av juni Kandidatundersøkelsen 2020 og då får vi oppdatert informasjon om situasjon på arbeidsmarknaden for 2020-kullet av masterkandidatar.

4.5 Konkurransesjøsjeon eksterne midlar

Kompetanse Norge er et direktorat under KD. Dei har i oppdrag å styrke befolkninga sin kompetanse, og sikre arbeidslivet tilgang på kompetent og omstillingsdyktig arbeidskraft. Kompetanse Norge forvalter mellom anna Kompetanseprogrammet som skal samordne og styrke sentrale verkemiddel i kompetansereforma. Eit av verkemidla er tilskot til å utvikle fleksible vidareutdanningstilbod retta mot verksemder og arbeidstakarar som treng meir kompetanse som følgje av digitalisering og andre krav til omstilling i arbeidslivet. Slike fleksible vidareutdanningar fell på sida av den avgrensinga som prosjektet har gjort for denne evalueringa. Vi går derfor ikkje inn på HVL sine innvilga prosjekt hos Kompetanse Norge.

Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling i høgare utdanning (DIKU) er eigd av Kunnskapsdepartementet og forvaltar ei rekke nasjonale og internasjonale insentivordningar som skal fremme kvalitet i universitet, høgskular og fagskular.

Frå juli 2021 blir DIKU og Kompetanse Norge til Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse.

Auka arbeidslivsrelevans i høgare utdanning

DIKU lyser ut middel til prosjekt som fører til auka arbeidsrelevans i utdanningane, styrkjer studentane si læring og møter behova i arbeidslivet. Prosjekta kan rette seg mot ulike læringsformer eller læringsarenaer som fremmer relevans og god læring. Det kan vere utvikling av nye eller eksisterande utdanningstilbod, utvikling av generiske ferdigheiter, praksis, entreprenørskap, bruk av kompetanse frå arbeidslivet i utdanningane, bidrag frå studentar til prosessar i verksemder og liknande.

I 2020 delte DIKU ut 45 millionar til 10 prosjekt ved 7 norske institusjonar.

HVL nådde opp med 2 prosjekt:

- Ingeniørar i tverrfaglege team løyser framtidens utfordringar

Prosjektet har som mål å utvikle tre praksisbaserte læringsemne innan innovasjon og entreprenørskap. Emna er del av bachelor- og masterprogram på FIN. Målet er styrke arbeidslivsrelevansen i utdanningsprogramma. Utviklinga av emna skal skje i tett samarbeid med regionale aktørar for å skap realistiske situasjonar for det arbeidslivet studentane skal ut i. Prosjektet er tilknytt FIN og tildelt 3 768 000.

- Integrert praksis i nautikkutdanninga

Prosjektet har som mål å utvikle ein ny utdanningsmodell for nautikkutdanninga der det er integrert nødvendig praksis for å løyse dekksoffisersertifikat kl. 3 (D3), og gjennomføring av ein pilot på modellen.

I dag blir den praktiske opplæringa om bord på eit skip gjennomført heilt uavhengig av utdanningsprogrammet. Ordninga fører til eit lite formålstenleg skilje mellom teoretisk og praktisk opplæring og bidrar ikkje til å fremme læringsutbytte eller interaksjon med arbeidslivet. Prosjektet er tilknytt FØS og tildelt 4 984 000.

I 2021 lyser DIKU ut 84 millionar til nye prosjekt for auka arbeidslivsrelevans. Søknadsfrist er 3. juni 2021.

Fleksible utdanningstilbod

DIKU lyser ut midlar til utvikling av fleksible, og relevante utdanningstilbod som institusjonane vil tilby utanfor campus. Universitet og høgskular kan søke midlar for å utvikle og tilby fleksible studietilbod (f.eks. desentraliserte, nettbaserte, samlingsbaserte- og deltidsstudium). Prosjekta kan ha ein varigheit på inntil to år.

I 2020 lyste DIKU ut 90 millionar til denne type prosjekt og fekk 60 søknadar frå norske institusjonar. HVL nådde opp med 6 prosjekt:

- Frå fagarbeidar til ingeniør på ein hybrid læringsarena – Ei fleksibel og berekraftig ingeniørutdanning for industri i omstilling

Prosjektet skal utvikle og gjennomføre ei fleksibel samlingsbasert deltidsutdanning der største delen av utdanninga skjer via nett og fagskuleingeniørar frå heile landet får sjansen til å vidareutdanne seg til ingeniør samtidig som dei er i arbeid. Målet er å vidareutvikle eksisterande modell til ein fleksibel og nettbasert Bachelor i ingeniørfag, automatisering med robotikk for fagskuleingeniørar og Bachelor i ingeniørfag, elkraftteknikk for fagskuleingeniørar. Prosjektet er tilknytt FIN og tildelt 5 000 000.

- Desentralisert vidareutdanning for bioingeniørfag

Prosjektet ønsker å utvikle og pilotere eit nytt desentralisert, nettbasert og modulbasert vidareutdanningskurs på 10 sp på masternivå for yrkesaktive bioingeniørar. Prosjektet er tilknytt FIN og tildelt kr 1 005 000.

- Utvikling av desentralisert deltidsutdanning i vernepleie

Prosjektet sitt mål er å utvikle ein studiemodell til desentralisert deltidsutdanning i vernepleie og å utvikle digitale læringsressursar. Utdanninga skal vera fleksibel, digital og godt tilpassa arbeidslivet. Utdanninga vil bli forankra på campus Stord, Haugesund, Bergen og Sogndal. Prosjektet understrekar at den nettbaserte utdanninga vil ha eit spesielt fokus på aktiv læring og skal ta i bruk digitale plattformer for læring. Prosjektet er tilknytt FHS og tildelt 2 000 000.

- Student til sjøs

Prosjektet sitt overordna mål er å auke kvaliteten på den eksisterande bachelorutdanninga i Maritime Management ved å tilpasse utdanninga til målgruppa sine behov: studentar til sjøs. Studietilbodet vil bli lagt til rette for å gjere det enklare å kombinere studium med ein karriere til sjøs. Fokus vil vere på formidling, oppfølging og læringsaktivitetar tilpassa målgruppa, for å sikre at dei opplever eit godt læringsmiljø og tilknytning til bachelorutdanninga. Prosjektet er tilknytt FØS og tildelt 1 300 000.

- Historie bachelor, nettstudium

Prosjektet skal etablere og drive eit nettstudium i historie bachelor. Sentralt i prosjektet er samvirke mellom campus- og nettstudium gjennom innslag av hybridundervisning. Campus- og nettilbod blir gjerne etablerte som to separate tilbod. Her ønskjer vi å utvikle eit opplegg som skapar samvirke og kontakt mellom campus- og nettstudentar, mellom anna gjennom utprøving av kombinert campus- og nettundervisning. Prosjektet er tilknytt FØS og tildelt 870.000.


- Vidareutdanning Hydrogenteknologi

Prosjektet ønskjer å utvikle og tilby vidareutdanningskurs innan hydrogenteknologi. Bruk av hydrogen som energiberar vil vere eit svært viktig bidrag inn mot det grønne skiftet, då dette representerer fornybar energi utan utslepp av klimagassar. Saman med arenaklynga Ocean Hyway Cluster vil vi utvikle og tilby kurs, med personell i relevant industri og næring som målgruppe. Målgruppa er avhengig av tilpassa vidareutdanning, gitt i område der dei er. Prosjektet er tilknytt FIN og tildelt 975 000.


4.6 Omstillingsevne/prosesser ved HVL

Fakulteta har, som vist tidlegare, starta eit arbeid med å gjere deler av den eigenfinansierte studieporteføljen tilgjengeleg for ein meir mangfaldig studentgruppe.

I dag utgjer fleksible studieprogram ¼ av den eigenfinansierte studieporteføljen. I denne samanhengen er ordinære studieprogram dei som blir tilbydt på campus og på heiltid, mens fleksible program er dei som blir tilbydt på deltid på campus, deltid og nettbasert (+ eventuelt samlingar) og deltid og desentralisert. Talet på heiltidsstudentar i dei fleksible studieprogramma er 905 for våren 2021. Nokre av dei fleksible programma er nye og er ikkje heilt innfasa – studenttalet på desse programma vil derfor auke dei komande åra.



Figur 8 Del fleksible studieprogram av studieporteføljen. Kjelde: Felles Studentsystem/Tableau



Figur 9 Tal studentar på fleksible studieprogram. Kjelde: Felles Studentsystem/Tableau

HVL har ein ambisjon om å styrke satsinga på livslang læring. I styresak 15/21 om prosjekt Livslang læring vurderte ein: «Høgskulen sin ambisjonen må vere å ha ei kraftfull satsing på livslang læring, gjennom attraktive og relevante utdanningar som er tilgjengeleg for folk i ulike livssituasjonar, uavhengig av kvar i landet dei bur.»

Dersom HVL vil satse på å nå opp i konkurransen om utlyste middel til å utvikle fleksible og arbeidslivsrelevante studietilbod, vil det vere behov for å styrke kapasiteten til å arbeide fram relevante utdanningsprosjekt og skrive gode søknader. Ei styrking vil gjelde både fagmiljøa sin kapasitet til å arbeide med nye studietilbod, men også dei administrative støttettenestene som bidrar i søknadsprosessen.

HVL har også ein stor portefølje av vidareutdanningar med omfang opp til og med 60 sp. Dette er vidareutdanningane som er organiserte med samlingar, på nett og på deltid. Som nemnt tidlegare i kapittelet, kan fleire av desse vidareutdanningane bli godskrivne i gradstudium som HVL tilbyr. I konkurransen om middel vil det vere aktuelt for HVL å posisjonere seg både i forhold til kortare og lengre utdanningar.

Det vil vere ein viss økonomisk risiko knytt til å bygge opp kapasitet og kompetanse for å hevde seg i konkurransen om middel og studentar til studietilbod knytt til livslang læring. Høgskulen må vurdere investeringa opp mot risiko og moglege gevinstar.

4.7 Vurdering

Regjeringa har ikkje fastsett dei økonomiske rammevilkåra for satsinga si på livslang læring.

I styesaka om prosjekt Livslang læring vurderte ein: «Høgskulen sin ambisjonen må vere å ha ei kraftfull satsing på livslang læring, gjennom attraktive og relevante utdanningar som er tilgjengeleg for folk i ulike livssituasjonar, uavhengig av kvar i landet dei bur.»

Ei slik satsing kan få konsekvensar for utviklinga av den eigenfinansierte studieporteføljen i åra framover, så lenge dei økonomiske rammevilkåra for regjeringa si satsing på livslang læring ikkje er fastsett.

Dersom HVL utviklar nye studium knytt til livslang læring og finansierar desse gjennom basisfinansieringa, kan det gå på kostnad av gradstudium og den totale studieporteføljen. I ei slik vurdering er det sentralt at høgskulen sikrar seg eit tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag om behov for og rekruttering til utdanningstilbod for livslang læring.

Ein veg å gjere ei slik satsing kan vere å gjere etablerte og nye utdanningar fleksible. Då bør høgskulen vite meir om kva konsekvensar det vil ha for fagmiljøa. HVL veit også for lite om etterspurnaden etter masterprogram på heiltid på campus frå «førstegongsøkjjarar» versus etterspurnad etter fleksible masterprogram på deltid frå den «nye» gruppa studentar.

HVL må på ei side diskutere om satsinga på livslang læring kan svekke tilbodet om heiltidsutdanningar på campus. Det er ulike målgrupper vi når med heiltidsutdanningar og fleksible utdanningar. På ei anna side bør vi diskutere om satsing på livslang læring kan styrke heiltidsutdanningar på campus ved å opne for å ta inn ekstra studentar på enkeltemne.

I dag vert dei aller fleste basisfinansierte studieplassane nytta til gradsgjevande utdanningar – for å møte behova i arbeidslivet kan det vere aktuelt å sette av eit gitt tal studieplassar til kortare utdanning med meir tidsavgrensa varigheit.

Høgskulen må også vurdere om den vil bruke egne midlar for å stimulere til utvikling av nye tilbod på område kor etterspurnad etter fleksible utdanningar er dokumentert og HVL har fagmiljø og frie studieplassar, når det er søkt om ekstern finansiering men prosjekta ikkje har fått midlar eksternt.

HVL bør vere godt representert i både sendte og innvilga søknader om midlar til utdanning, og må sikre ei god organisering rundt søknadsarbeidet.

5. Studentrekruttering: HVL sin konkurranseposisjon regionalt og nasjonalt

5.1 Innleiing

Arbeidet med studentrekruttering er forankra i HVL sin strategi under temaet «Danne og utdanne», der *God studentrekruttering og godt kvalifiserte søkjarar til alle campusar* er eitt av måla. Dette er vidare forankra i ein eigen strategi for studentrekruttering 2019-2023 (styresak 30/19), der det vert slått fast at det skal arbeidast målretta og systematisk med studentrekruttering til alle campusane og alle utdanningsnivå. Dette kjem også fram i SEFØ-modellen som under område 2 *Etterspurnad* seier at *studietilbod og studieportefølje skal ha god studentrekruttering og kvalifiserte søkarar til alle campus*.

Dette kapittelet ser nærare på marknaden som HVL konkurrerer i; korleis storleiken på HVL sine utdanningsområder er i forhold til resten av UH-sektoren og i kva grad det kan vere potensial for å rekruttere fleire studentar til dei ulike utdanningane. Rekruttering til masterutdanningar blant HVL sine egne studentar på grunnutdanning vil også vere eit tema. Etter å ha presentert desse ulike datagrunnlaga vil fokuset vere på korleis heilskapen av desse kan nyttast til å legge fram eit faktabasert kunnskapsgrunnlag om konkurransesituasjonen for HVL sine noverande eller potensielle utdanningar. Erfaringar frå HVL sitt arbeid med studentopptak og -rekruttering vil bli tatt med der det er relevant.

5.2 Avgrensing

I denne samanheng er «Etterspørsel» avgrensa til å gjelde studentrekruttering/etterspurnad etter utdanningar frå framtidige studentar. Ut frå prosjektet si tidsramme og tilgjengeleg datagrunnlag er fokuset avgrensa til høgskulen sin regionale og nasjonale konkurranseposisjon. Fordi vi har lite datagrunnlag knytt til studietilboda innafor etter-, vidare- og oppdragsutdanning (EVO) er ikkje desse omtala særleg her, men med fokus på utdanningsområder og ikkje konkrete utdanningstilbod så vil mykje vere relevant også for EVO-tilbod. I vedlegg 8 er det tatt med ein tabell som viser nokre samla søkartal for EVO-tilbod på HVL i tida 2017-2020, slik at ein får eit inntrykk av omfanget.

5.3 HVL og marknaden

I mange samanhengar nyttar vi tal på studentar for å skildre storleiken til ein utdanningsinstitusjon eller eit fakultet. Fordi breidda i både institusjonane og fakulteta ofte er stor, vil ei samanlikning på desse nivåa ikkje ha mykje relevans for vurderingar knytt til enkelte utdanningar. Samtidig er det ikkje uvanleg at ei utdanning rommar fleire variantar eller parallellar i form av ulike studieprogram (heiltid, deltid, nettbasert osv.). Ei samanlikning av enkelte studieprogram på tvers av institusjonar vil difor heller ikkje vere godt eigna for å få eit godt bilete av heilskapen. Ein stad i mellom her finn vi *utdanningsområder* som er ei fornuftig kategorisering når ein ønskjer å fokusere på kva type utdanning søkjarane er interessert i heller enn kva eksakt studieprogram dei søker til. Utdanningsområder er ei kategorisering av studietilbod i Samordna opptak gjort ut ifrå fagområde. Nokre utdanningsområde er delt inn i undergrupper kalla utdanningstypar. Dette omfattar alle grunnutdanningar i heile landet og er godt eigna for samanlikning av same type utdanningar mellom ulike institusjonar og vil difor vere utgangspunktet for mykje av datagrunnlaget i dette kapittelet.

5.3.1 Grunnutdanningar

I tabellen under er alle utdanningsområda lista opp. Det er lagt til tal på nye studentar og tal på planlagde studieplassar for tida 2017-2020, deretter rekna ut HVL sine prosentdelar av desse. I tillegg er det også vist kva nummer i rekka HVL er når ein rangerer alle institusjonane i landet innafor kvart av områda med utgangspunkt i talet på møtte studentar. Sidan tabellen har med både tal, prosentdel og rangering gjev denne eit godt bilete av HVL sin storleik i forhold til resten av UH-sektoren, og ikkje

minst ein god peikepinn på kor stor den nasjonale marknaden er innafor kvart utdanningsområde. Fordi tre av utdanningsområda famnar særleg vidt, er det laga egne tilsvarande tabellar som viser utdanningstypane innafor kvart av desse utdanningsområda.

Utdanningsområde	Studie- plassar nasjonalt	Studie- plassar HVL	Møtt nasjonalt	Møtt HVL	HVL prosentdel av plasser	HVL prosentdel av møtt	HVL rangering av alle UH
HELSEFAG	42 674	4 151	46 376	4 599	10 %	10 %	3 av 17
LÆRER	30 385	4 118	31 080	4 017	14 %	13 %	2 av 19
TEKNO	27 073	3 502	26 391	2 720	13 %	10 %	2 av 11
ØKADM	28 195	1 325	31 307	1 681	5 %	5 %	8 av 17
IDRETT	6 118	585	6 355	659	10 %	10 %	5 av 14
SAMFUNN	24 495	610	27 617	656	2 %	2 %	13 av 19
SPRÅK	12 938	301	13 238	299	2 %	2 %	9 av 14
INFOTEKN	9 050	279	10 102	293	3 %	3 %	10 av 12
JUS	7 841	210	8 748	224	3 %	3 %	9 av 10
HISTORIE	12 598	190	12 791	202	2 %	2 %	13 av 16
REISELIV	1 353	190	1 415	188	14 %	13 %	3 av 6
ESTETISK	5 841	213	6 049	131	4 %	2 %	13 av 15
REALFAG	10 505	120	10 036	104	1 %	1 %	10 av 12
LANDOGHAVBRUK	1 970	0	1 896	0	0 %	0 %	
MEDIEFAG	6 391	0	6 360	0	0 %	0 %	
PEDFAG	5 444	0	6 018	0	0 %	0 %	
I alt	232 871	15 794	245 779	15 773	7 %	6 %	

Tabell 29 Tal på studieplassar og nye studentar møtt til studiestart for grunnutdanningar pr. utdanningsområde, 2017-2020. Rangering gjeld møtte studentar. Kjelde: Samordna optak

Utdanningsområde + type	Studie- plassar nasjonalt	Studie- plassar HVL	Møtt nasjonalt	Møtt HVL	HVL prosentdel av plasser	HVL prosentdel av møtt	HVL rangering av alle UH
HELSEFAG - SYKEPL	19 570	2 108	20 648	2 249	11 %	11 %	3 av 13
HELSEFAG - VERNEPL	3 990	463	4 469	557	12 %	12 %	3 av 11
HELSEFAG - SOSIONOM	3 742	430	4 331	522	11 %	12 %	3 av 11
HELSEFAG - FYSIO	1 500	340	1 620	353	23 %	22 %	2 av 4
HELSEFAG - BIOING	1 301	216	1 384	230	17 %	17 %	3 av 6
HELSEFAG - BARNEVER	3 049	170	3 457	198	6 %	6 %	9 av 11
HELSEFAG - RADIO	879	160	1 027	195	18 %	19 %	3 av 5
HELSEFAG - ERGO	1 232	160	1 382	192	13 %	14 %	4 av 5
HELSEFAG - ERNÆRING	754	104	822	103	14 %	13 %	4 av 8
HELSEFAG - AUDIO	160	0	166	0	0 %	0 %	
HELSEFAG - FARMASI	383	0	445	0	0 %	0 %	
HELSEFAG - MEDISIN	2 604	0	2 750	0	0 %	0 %	
HELSEFAG - ODONT	996	0	1 139	0	0 %	0 %	
HELSEFAG - ORTOPEDI	64	0	59	0	0 %	0 %	
HELSEFAG - RESEPTAR	625	0	661	0	0 %	0 %	
HELSEFAG - VETERIN	693	0	711	0	0 %	0 %	

I alt	41 542	4 151	45 071	4 599	10 %	10 %	
-------	--------	-------	--------	-------	------	------	--

Tabell 30 Tal på studieplassar og nye studentar møtt til studiestart for grunnutdanningar pr. utdanningstype i utdanningsområdet HELSEFAG, 2017-2020. Rangering gjeld møtte studentar. Kjelde: Samordna opptak

Utdanningsområde + type	Studie- plassar nasjonalt	Studie- plassar HVL	Møtt nasjonalt	Møtt HVL	HVL prosentdel av plasser	HVL prosentdel av møtt	HVL rangering av alle UH
LÆRER – BHGLÆRER	10 556	1 750	11 531	1 778	17 %	15 %	1 av 13
LÆRER - GRL5-10	6 400	1 085	6 549	1 138	17 %	17 %	1 av 13
LÆRER - GRL1-7	6 056	1 105	5 367	934	18 %	17 %	1 av 13
LÆRER – FAGLÆRER	2 257	178	2 019	167	8 %	8 %	4 av 9
LÆRER – ANNET	555	0	531	0	0 %	0 %	
LÆRER - LEKTOR 8-13	4 561	0	5 083	0	0 %	0 %	
I alt	30 385	4 118	31 080	4 017	14 %	13 %	

Tabell 31 Tal på studieplassar og nye studentar møtt til studiestart for grunnutdanningar pr. utdanningstype i utdanningsområdet LÆRER, 2017-2020. Rangering gjeld møtte studentar. Kjelde: Samordna opptak

Utdanningsområde + type	Studie- plassar nasjonalt	Studie- plassar HVL	Møtt nasjonalt	Møtt HVL	HVL prosentdel av plasser	HVL prosentdel av møtt	HVL rangering av alle UH
TEKNO – INGENIØR	14 447	3 180	13 130	2 362	22 %	18 %	2 av 8
TEKNO – ANNET	2 123	170	2 374	207	8 %	9 %	5 av 10
TEKNO – MARITIM	859	152	827	151	18 %	18 %	2 av 4
TEKNO – ARKITEKT	580	0	602	0	0 %	0 %	
TEKNO – SIVING	9 064	0	9 458	0	0 %	0 %	
I alt	27 073	3 502	26 391	2 720	13 %	10 %	


Tabell 32 Tal på studieplassar og nye studentar møtt til studiestart for grunnutdanningar pr. utdanningstype i utdanningsområdet TEKNO, 2017-2020. Rangering gjeld møtte studentar. Kjelde: Samordna opptak

Hovudvekta av HVL sine studentar høyrer til grunnutdanningar. Innafor utdanningsområda der dei store profesjonsutdanningane høyrer til er HVL blant dei tre største i landet i alle kategoriar (HELSEFAG, LÆRER, TEKNO) når ein ser på summen av nye studentar i åra 2017-2020. Prosentdelen til HVL i kvart av desse utdanningsområda er omtrent lik (10-13 %), men konkurransen innafor områda er likevel noko ulik. Området TEKNO skil seg ut ved at NTNU har nærare halvparten av alle nye studentar, mens HVL som neste på lista har 10 %. Innafor HELSEFAG og LÆRER er det meir jamt fordelt der ingen har meir enn 16 %. I alle desse tre kategoriane er det berre NTNU og/eller OsloMet som er større enn HVL. Det er også verdt å merke seg at mens prosentdel av studieplassar og prosentdel av møtt stort sett er likt på alle utdanningsområder og -typar, skil utdanningstypen TEKNO – INGENIØR seg ut med ein større differanse her (sjå tabell 32 over). Sjølv om HVL, målt etter talet på nye studentar 2017-2020, samla sett har den nest største ingeniørutdanninga i landet, har vi innafor denne utdanningstypen samtidig fire prosent færre nye studentar enn talet på studieplassar skulle tilseie.


Sjølv om HVL sine mindre utdanningsområde har mykje dei same karakteristikkane på grunn av nettopp storleiken, ser vi ut i frå den første tabellen her at dei konkurrerer til dels i heilt ulike marknader. Sjå til dømes på HISTORIE og REISELIV. Talet på nye studentar ved HVL er om lag likt, men det er stor skilnad i kor mange søkjarar det er til desse utdanningsområda samla sett for heile landet.

Dette gjev ulike utgangspunkt for rekruttering av studentar og krev ulike strategiar og rekrutteringsformer. Der det er ein stor marknad vil fokus vere på å få søkjarar til å velgje HVL framfor andre institusjonar, medan i ein liten marknad vil ein i tillegg måtte fokusere mykje på å få søkjarar til å velgje sjølve utdanningsområdet.

To av indikatorane SEFØ-modellen viser til for å måle etterspurnad er *tal på førstevalssøkjjarar og kvalifiserte førstevalssøkjjarar pr. studieplass*. Dette er indikatorar som kan reknast ut for både utdanningsområder og enkelte studieprogram. Her følgjer to figurar som viser omtrent dette over tid for HVL, der vi og kan sjå dei ulike utdanningsområda opp mot kvarandre. Indikatorane her er ikkje nøyaktig dei same som dei to nemnd over, men er vel så relevante. Den første viser talet på førstevalssøkjjarar pr. studieplass uavhengig av om søkjaren er kvalifisert eller ikkje. Det gjev eit meir realistisk bilete av interessa for HVL sine utdanningar innafør desse utdanningsområda. Den andre figuren viser kor stor prosentdel av førstevalssøkjjarane (den første figuren) som faktisk er kvalifisert. Sjå elles eigen tabell i vedlegg 8 der desse indikatorane er lista opp pr. studieprogram.



Figur 10 Førstevalssøkjjarar pr. studieplass på HVL fordelt på utdanningsområder, 2013-2020. Kjelde: Samordna opptak



Figur 11 Prosentdelen kvalifiserte søkjarar av fyrstevalsøklarar til HVL fordelt på utdanningsområder, 2013-2020. Kjelde: Samordna opptak

5.3.2 Masterutdanningar

Opptak til masterutdanning vert gjennomført lokalt på kvar enkelt institusjon. Ein og same søkjar kan difor få opptak til fleire masterutdanningar samtidig, noko som gjer talmaterialet for masterutdanningar meir krevjande å presentere. I samband med det nasjonale prosjektet som jobbar med samordning av masteropptak for heile landet er det samla og laga noko statistikk knytt til masterutdanningar. Denne statistikken har arbeidsgruppa fått tilgang til og gjev ein peikepinn på HVL sine prosentdelar i den nasjonale marknaden for masterutdanningar.

Til forskjell frå tabellen over som gjeld grunnutdanningar i tida 2017-2020, gjeld den følgjande tabellen berre for toårige masterutdanningar og berre for 2020. Det er også viktig å merke seg at ikkje alle masterutdanningar har opptak kvart år, slik at desse tala vil kunne variere meir i frå år til år.

Utdanningsområde master	Registrerte studentar nasjonalt	Registrerte studentar HVL	HVL andel nasjonalt	HVL rangering av alle UH
Matematisk-naturvitenskapelige fag	2490	45	2 %	11 av 13
Samfunnsvitenskap	2796	69	3 %	11 av 16
Økonomisk-administrativ utdanning	3279	94	3 %	12 av 13
Teknologi	1616	41	3 %	7 av 8
Helsefag	2787	416	15 %	1 av 17
Pedagogiske fag	1620	71	4 %	7 av 14
Historisk-filosofiske fag	1825	11	1 %	15 av 17
Idrettsutdanning	226	19	8 %	6 av 7
Maritim utdanning	69	53	77 %	1 av 2

Tabell 33 Nye studentar møtt til studiestart for toårige masterutdanningar i Noreg og HVL i 2020. Kjelde: Nasjonalt prosjekt for samordning av masteropptak

Sjølv om vi ikkje har lukkast å dele inn tala for grunnutdanning og masterutdanning i dei nøyaktig same kategoriane, er dei likevel like nok til at det er mogleg å samanlikne tabellane. Det mest tydelege som


kjem fram når vi gjer denne samanlikninga, er korleis utdanningsområda LÆRER og TEKNO skil seg frå HELSEFAG. På alle desse tre utdanningsområda er HVL blant dei tre største institusjonane i landet når det gjeld grunnutdanning, men når ein ser på masterutdanning gjeld dette berre for HELSEFAG. Sjølv om grunnskulelærarutdanningane ikkje er 2-årige masterutdanningar er det relevant å nemne at dei no er femårige integrerte masterutdanningar der første kullet med masterstudentar blir uteksaminert våren 2022. Dette vil for HVL sitt vedkommande vere ei vesentleg mengd kandidatar.

5.3.3 Demografi

Informasjon om kvar søkjarar kjem frå, alder, kjønn og så bortetter er demografiske opplysningar som vert presentert årleg i eigen rapport om studentopptak og rekruttering. Dette er i hovudsak stabile variablar for HVL sin del, men er likevel viktige opplysningar å ha med seg i vurderinga av studieportefølje.


Av alle nye studentar som møtte til studiestart på utdanningar utlyst gjennom Samordna opptak 2017-2019, hadde HVL 31 % av studentane frå Vestland og 11 % av studentane frå Rogaland. Dei store konkurrentane her er ikkje uventa UiB (33%) og UiS (38%). Det er også verdt å merka seg at 6 % av dei nye studentane frå Møre og Romsdal også vel HVL. Dersom vi bryt denne statistikken ned på kommunenivå vil vi sjå at også ein del studentar frå kommunar på andre sida av Langfjella er meir tilbøyelege til å velje HVL framfor andre institusjonar, noko som truleg heng saman med reisetid. Litt forenkla sagt ser vi at studentane ofte er villige til å ha reiseveg over éin fjellovergang eller eitt ferjesamband for å studere, men i mindre grad to.

Når det gjeld alder er litt over halvparten av studentane på HVL i aldersgruppa 25 år eller yngre. Legg vi til studentane opp til og med 29 år, utgjer gruppa nesten tre fjerdedelar av studentmassen. Følgjande figur viser korleis nye studentar fordeler seg ut ifrå alder for kvar av dei ulike utdanningsområda og -typene i utdanningar på HVL utlyst gjennom Samordna opptak.



Figur 12 Prosentvis fordeling av studenter møtt etter alder ved utdanninger på HVL utlyst gjennom Samordna opptak 2017-2020. Kjelde: Samordna opptak

Angående demografi er det særleg viktig for UH-institusjonar å vere klar over at ungdomskulla som kjem frå vidaregåande skule har hatt ein jamn nedgang over mange år. 2019 var første år med ein reell nedgang i talet på søkjarar i Samordna opptak, og hadde det ikkje vore for pandemien Covid-19, er det venta at nedgangen ville fortsett i 2020 og 2021. No aukar rett nok ungdomskulla litt igjen, men tala på elevar som byrjar på VG3 studieførebuande utdanningsprogram, er minkande (sjå figuren under). Vi må difor leggje til grunn at konkurransen om dei potensielle studentane vil auke i åra som kjem.



Figur 13 Elevar starta på VG3 studieførebuande utdanningsprogram pr. år. Kjelde: Utdanningsdirektoratet

5.4 Fyllingsgrad, venteliste og overskot – indikatorar nyttige for etterspurnad

For å kunne vurdere kva konkurransesituasjon HVL sine utdanningar er i og kva potensial det er for å rekruttere fleire studentar, vil *fyllingsgrad*, *venteliste* og *overskot* vere nyttige indikatorar:

- **Fyllingsgrad** er talet på nye registrerte studentar delt på talet på utlyste studieplassar uttrykt som prosent. Dette fortel i kva grad dei utlyste studieplassane er fylte ved studiestart.
- **Venteliste** er ei rangert liste over kvalifiserte søkjarar til den aktuelle utdanninga, som ikkje nådde opp i konkurransen om studieplass i starten på opptaket. Dersom det visar seg nødvendig å etterfylle er det søkjarane på ventelista som vil få tilbod om studieplass.
- **Overskot** er talet på kvalifiserte søkjarar til den aktuelle utdanninga/utdanningsområdet, som stod heilt utan tilbod om studieplass i hovudopptaket til alle institusjonane i Samordna opptak

Er fyllingsgraden lågare enn 100 % vil normalt alle kvalifiserte søkjarar til utdanninga ha fått tilbod om studieplass. Er fyllingsgraden høgare enn 100 % er dette det same som *overbooking*, noko som er både normalt og nødvendig fordi det alltid er fråfall av studentar undervegs i utdanninga. Fordi fyllingsgrad vert rekna ut frå to ulike faktorar, er det viktig å hugse på at begge faktorane kan påverke denne indikatoren. Teknisk sett vil vi difor kunne seie at låg fyllingsgrad kan skuldast både for få studentar og for mange studieplassar.

Når eit studietilbod har venteliste er det fleire søkjarar enn planlagde studieplassar. Storleiken på ei venteliste er difor ein god indikator på interessa for det aktuelle studietilbodet. No er det mange tilfeldige faktorar som påverkar etterspurnaden til eit studietilbod, men dersom det nesten alltid er venteliste kan vi vere relativ trygg på at det er mogleg å auke talet på studieplassar. Det er likevel viktig å merke seg at søkjarar på ei venteliste samtidig kan ha fått tilbod om og takka ja til ein annan studieplass, også internt på HVL. Før vi vel å leggje gode ventelister til grunn for ei auke i talet på studieplassar, er det difor viktig å skaffe seg mest mogleg kunnskap om kvar studentane på ventelista faktisk har enda opp. Eit godt døme er sjukepleiarutdanninga på HVL der Campus Bergen har lange ventelister. Det visar seg at ein god del av dei som står på venteliste i Bergen takkar ja til same utdanning i Førde og på Stord. Ei auke i talet på studieplassar Bergen vil med andre ord får negative konsekvensar for HVL sine eigne utdanningar på andre campus.

Normalt vil overskot tyde at utdanninga har venteliste. Utan andre tilbod om studieplass er det eit visst sannsyn for at i alle fall deler av desse søkjarane ville ha takka ja til eit tilbod om studieplass på eit tilsvarende eller liknande studietilbod, også ved andre studiestader i HVL. Motsett vil studieprogram utan overskot ikkje ha fleire 'ledige' potensielle studentar i marknaden og nye studentar må med andre ord rekrutterast i konkurranse med andre institusjonar. Fordi vi ikkje har nok

opplysningar om dei lokale opptaka ved andre institusjonar, er overskot berre mogleg å rekne ut for grunnutdanningane utlyst gjennom Samordna opptak.

Fyllingsgrad for grunnutdanningar er mogleg å rekne ut fordelt på utdanningsområde. Tabellen til høgre viser dette for HVL i tidsrommet 2017-2020. Merk at dette berre gjeld utdanningar utlyst gjennom Samordna opptak. TRESS og y-veg er difor ikkje inkludert her. Dei andre to indikatorane vert berre rekna ut på studieprogramnivå og det er store individuelle forskjellar mellom studieprogramma. Med eit slikt omfang er desse indikatorane berre presentert i vedlegg til rapporten (vedlegg 8). Det vedlagte talmaterialet er til gjengjeld laga slik at det er enkelt å filtrere ut ein skilde studieprogram.

5.5 Korleis vurdere etterspurnad

Tilbod og etterspurnad er kjende mekanismar frå økonomifaget. Med gratis utdanning i Noreg er ikkje «studietilbod» ei typisk vare, men mykje av teorien er likevel relevant. Sjølv om det ville vore nyttig, rekk diverre ikkje denne rapporten å gå nærare inn på teoriene knytt til dette, anna enn å understreke at *det som oftast er mange ulike faktorar som avgjer etterspurnad*. Og kanskje er det tilstrekkeleg med berre denne eine konklusjonen no i første runde, nettopp fordi det er lett å tenkje på «søkjalar» som ei stor og sjølv sagt gruppe som – sett på spissen – heilt av seg sjølv står og ventar på at høgskular og universitet skal opne opp opptaka sine. UH-sektoren er rett nok i ein særleg posisjon når det gjeld å få seld produkta sine, men når vi skal vurdere etterspurnaden etter studietilbod er det nødvendig å sjå på meir enn HVL sine eigne søkjartal dei siste åra. Utvalet av datagrunnlag i denne rapporten er difor gjort med mål om å sette lys på eitt av dei viktige prinsippa når ein skal vurdere etterspurnad; å sjå ting i samanheng.

Her er døme på tre ulike situasjonar studieprogram kan ha med tanke på fyllingsgrad:

- 1) Studieprogram A har 100 studieplassar og fyllingsgrad på 75 %
- 2) Studieprogram B har 20 studieplassar og fyllingsgrad på 75 %
- 3) Studieprogram C har 50 studieplassar og fyllingsgrad på 115 %

Det er lett å tenkje at A har størst utfordringar fordi der manglar det flest studentar, at B ikkje har så store utfordringar fordi dei berre manglar nokre få studentar og at C er i ein trygg posisjon. Dette kan likevel snu seg dersom ein ser fleire opplysningar i samanheng.

Utdanningsområde/-type	Fyllingsgrad			
	2017	2018	2019	2020
ESTETISK	71 %	70 %	35 %	63 %
HELSEFAG - BARNEVER	130 %	110 %	123 %	106 %
HELSEFAG - BIOING	110 %	112 %	107 %	98 %
HELSEFAG - ERGO	120 %	123 %	113 %	125 %
HELSEFAG - ERNÆRING	100 %	96 %	104 %	97 %
HELSEFAG - FYSIO	100 %	104 %	106 %	106 %
HELSEFAG - RADIO	143 %	113 %	118 %	115 %
HELSEFAG - SOSIONOM	122 %	110 %	123 %	130 %
HELSEFAG - SYKEPL	106 %	97 %	111 %	111 %
HELSEFAG - VERNEPL	104 %	123 %	127 %	132 %
HISTORIE	87 %	137 %	96 %	108 %
IDRETT	125 %	101 %	100 %	126 %
INFOTEKN	100 %	103 %	120 %	97 %
JUS	132 %	98 %	116 %	85 %
LÆRER - BHGLÆRER	97 %	99 %	104 %	106 %
LÆRER - FAGLÆRER	81 %	106 %	94 %	96 %
LÆRER - GRL1-7	75 %	81 %	87 %	95 %
LÆRER - GRL5-10	109 %	106 %	105 %	100 %
REALFAG	54 %	100 %	97 %	103 %
REISELIV	96 %	102 %	70 %	128 %
SAMFUNN	124 %	103 %	95 %	111 %
SPRÅK	106 %	96 %	90 %	106 %
TEKNO - ANNET	123 %	104 %	128 %	138 %
TEKNO - INGENIØR	77 %	69 %	71 %	81 %
TEKNO - MARITIM	100 %	95 %	105 %	97 %
ØKADM	134 %	127 %	123 %	125 %
I alt	101 %	95 %	99 %	104 %

Tabell 34 Fyllingsgrad for HVL sine utdanningar fordelt på utdanningsområder/-typar, 2017-2020. Kjelde: Samordna opptak

- 1) Studieprogram A har 100 studieplassar og fyllingsgrad på 75 %, *men er del av eit stort utdanningsområde nasjonalt der det er overskot av kvalifiserte søkjarar.*
- 2) Studieprogram B har 20 studieplassar og fyllingsgrad på 75 %, *men er del av eit lite utdanningsområde nasjonalt der alle kvalifiserte søkjarar får tilbod om studieplass.*
- 3) Studieprogram C har 50 studieplassar og fyllingsgrad på 115%, *men tømmer ventelista og har allereie ein fjerdedel av den nasjonale marknaden innafor eit lite utdanningsområdet.*

Første del av dette kapitlet fokuserer på utdanningsområda og omtalar HVL sin storleik på dei ulike områda i forhold til resten av UH-sektoren. Deretter vert det sett fokus på oppslutnaden rundt dei ulike studieprogramma ved å sjå på indikatorane fyllingsgrad, venteliste og overskot. Når alt dette vert sett på i samanheng kan vi som døma over syner, få ei større forståing for kva type posisjon HVL har og kva utfordringar dei ulike studietilboda til HVL står ovanfor. I vedlegg 8 er det ved bruk av filtrering, forholdsvis enkelt å hente fram desse opplysningane for kvart utdanningsområde, fakultet, institutt og studieprogram.

Med fleire kjelder til kunnskap aukar kvaliteten på vurderingane. Når det gjeld etterspurnad etter studietilbod er det særleg samfunnet rundt oss, både næringslivet og politiske føringar, som påverkar kva studietilbod som vert etterspurt. I kapittel 4.2 vert det mellom anna fokusert på arbeidslivet sitt kompetansebehov og korleis HVL kan få informasjon om dette. Elles er Statistisk sentralbyrå ei god kjelde til opplysningar for å kunne sjå ting i ein større samanheng. Under temaet «Arbeid og løn» finn vi til dømes både framskrivingar³⁴ og tal knytt til sysselsetting som kan filtrerast på både geografi og sektor³⁵.

I tillegg til å sjå opplysningar i samanheng og bruke ulike kjelder for å få eit breitt datagrunnlag, vil systematisk og strukturert vurdering over tid vere ein forsterkande faktor. Dei ulike statistikkane er det som regel mogleg å hente opp att og lage lengre tidsseriar på, men å kunne ha eit metaperspektiv på sjølve vurderingane – samanlikne korleis noko vert vurdert no med korleis det vart vurdert for ei tid tilbake – gjev verdifull lærdom om gode og mindre gode metodiske val og konklusjonar. Det er difor både nyttig og viktig at vurderingar og konklusjonar knytt til etterspurnad, også det som gjeld studietilbod av mindre omfang, vert dokumentert slik at det er mogleg å finne tilbake i dokumentasjonen på ein god måte.

5.6 Konsekvensar for arbeidet med studentrekruttering

Alt etter kor høg etterspurnaden er og kor stor marknaden er, vert ulike former for studentrekruttering nytta for å forsterke etterspurnaden etter studietilbod frå HVL. For å oppnå ein tilfredsstillande effekt kan det vere stor forskjell på kor ressurskrevjande dei ulike tiltaka er. Når ein vurderer om etterspurnaden er tilstrekkeleg for å starte opp eller halde fram med eit studietilbod, er det difor viktig å ha konsekvensane for arbeidet med studentrekruttering med i vurderingane.

Det er mange måtar å dele inn dei ulike studentrekrutteringsaktivitetane på, men eit viktig skilje i denne samanheng er om utfordringa er å overtida søkjarar til å velje eit fagområde eller om det er å få dei til å velje HVL framfor andre institusjonar. Studentar kan i mange tilfelle byte institusjon undervegs i utdanninga si utan å miste progresjon, men må som regel starte på nytt dersom dei må endre val av fagområde. I tillegg er val av fagområde for dei fleste eit meir grunnleggande val enn kvar

³⁴ <https://www.ssb.no/arbeid-og-lonn/artikler-og-publikasjoner/framskrivinger-av-arbeidsstyrken-og-sysselsettingen-etter-utdanning-mot-2040>

³⁵ <https://www.ssb.no/arbeid-og-lonn/statistikker/regsys>

dei skal ta utdanning. Dette gjer at det ofte er mykje meir ressurskrevjande å få søkjarar som er i tvil til å velje eit utdanningsområde dei kanskje ikkje hadde valt utan påverknad.

Særleg i dei tilfella der rekrutteringa er sviktande, er det viktig å ha realistiske vurderingar knytt til kva studentrekrutteringstiltak kan klare å oppnå og kva det vil krevje å gjennomføre dei. Her kan vi som regel legge til grunn at det frå før har vore gjennomført ei viss grad av tiltak, og at det i slike situasjonar difor ofte er naudsynt å tenkje nytt, gjere ein ny vri, bruke nye kanalar. Enkle tiltak kan til dømes vere meir annonsering eller flytting av søknadsfrist, men erfaring syner at slike tiltak i snitt gjev liten effekt og at årsakene til sviktande rekruttering ofte er samansette. Fellesnemnaren for utprøving av nye rekrutteringstiltak er at det er ressurskrevjande arbeid med erfaringsvis varierende grad av effekt på kort sikt. Gode resultat kjem som regel ikkje før ein har fått jobba systematisk med målretta rekruttering over fleire år.

Den årlege rekrutteringsundersøkinga til HVL syner at den viktigaste enkeltfaktoren for at søkjarar vel HVL er påverknad frå andre personar. Med andre ord er det ikkje berre søkjarane sjølv som utgjer målgruppa for rekrutteringstiltaka, men også dei som har tillit hjå søkjaren. Både familie, vener, kollegaer og arbeidsgjevar er døme på slike personar som ofte må støtte opp om val av utdanning for at søkjaren skal gjere valet. Dette er det i mindre grad fokusert på i rekrutteringsarbeidet så langt.

5.7 Rekruttering av eigne studentar til masterutdanning

Sidan opptak til masterutdanning skjer gjennom lokale opptak har vi ikkje tilgang på tal og statistikk frå andre institusjonar på same måte som i Samordna opptak. Gjennom det nasjonale prosjektet som jobbar med samordning av opptak til masterutdanning, har vi likevel fått tal som viser at 35 % av masterstudentane i landet tek masterutdanninga ved same institusjon om dei har tatt grunnutdanning. For HVL er snittet meir eller mindre det same, men vi ser at det er stor forskjell mellom institusjonane. Til dømes har UiB over 50%, UiT har 46% og NTNU har 42%. Fleire av dei mindre og spesialiserte institusjonane, slik som NiH, NHH og KiO har også over 40%. Tabellen under viser kor stor prosentdel av søkjarane og dei nye masterstudentane som har ei grad frå HVL.

I vedlegg 8 ligg tilsvarende tabell også med tal og ikkje berre prosent.

	CAMPUS	2018		2019		2020	
		Søkarar	Møtt	Søkarar	Møtt	Søkarar	Møtt
Master FHS	BERGEN	58 %	48 %	62 %	48 %	60 %	49 %
	FORDE	69 %	72 %	64 %	56 %	68 %	70 %
	HAUGESUND	69 %	54 %	68 %	69 %	67 %	48 %
	SOGNDAL						
	STORD	69 %	67 %				
Master FIN og FØS	BERGEN	59 %	51 %	56 %	40 %	60 %	44 %
	FORDE			56 %	53 %		
	HAUGESUND			62 %	52 %	73 %	78 %
	SOGNDAL	70 %	70 %	67 %	50 %	65 %	55 %
Master FLKI	BERGEN	83 %	79 %	83 %	49 %	83 %	68 %
	FORDE						
	HAUGESUND						
	SOGNDAL	77 %	58 %	71 %	62 %	68 %	62 %
	STORD	41 %	43 %	58 %	50 %	51 %	53 %
Internasjonale mastere	BERGEN					21 %	18 %
	HAUGESUND	38 %	33 %	41 %	38 %	41 %	44 %
	SOGNDAL	35 %	50 %	37 %	17 %	25 %	25 %

Tabell 35 Prosentdel av søkjarar til masterutdanning på HVL med fullført grad frå HVL blant alle søkjarar og søkjarar møtt til studiestart, 2018-2020. Kjelde: FS/Tableau

Fordi våre egne grunnutdanningsstudentar kjenner HVL og har ein etablert relasjon vil masterutdanning på HVL i utgangspunktet kunne stå sterkare enn eit meir ukjent alternativ det knyter seg meir uvisse til. Med nærast dagleg kontakt med studentar vil vi kunne flette inn omtale av og kjennskap til masterutdanningane på ein meir naturleg og kontinuerleg måte og på denne måten byggje meir sjølvsegte bruar mellom grunnutdanning og masterutdanning. Ein forsterkande faktor i eit slikt arbeid er at avsendaren er ein person studentane har ei viss grad av tillit til; førelesar, emneansvarleg, studentassistentar og så bortetter. Slik marknadsføring av masterutdanningane våre blant studentane på grunnutdanningar skjer nok i noko grad allereie, men ei meir systematisk tilnærming vil sannsynlegvis kunne gje betre effekt.

Kandidatundersøkinga frå Saman viser at ni av ti kandidatar frå HVL er i relevant jobb to år etter at dei fullførte utdanninga. Her står også at (side 103):

De aller fleste som valgte å studere videre, 67 prosent, tok en utdanning på masternivå. 24 prosent tok utdanning på lavere nivå enn bachelornivå, eksempelvis enkeltemner eller påbyggingsfag. (...) De aller fleste HVL-kandidater, 84 prosent, tok en utdanning som var innenfor samme fagfelt som graden de avla i 2018. En langt mindre andel tok utdanningen ved HVL – 65 prosent studerte videre ved en annen utdanningsinstitusjon.

Og på side 104:

Det fremstår som noe mer vanlig for kandidater med teknisk eller økonomiske/samfunnsvitenskapelig fagbakgrunn å studere videre, mens andelen er noe lavere for kandidater med helsefaglig utdanning eller lærerutdanning.

Når det gjeld det siste sitatet er det relevant å leggje til at innafor utdanningsområda HELSEFAG og LÆRER er det vanleg å vektleggje og/eller krevje relevant praksis for opptak til vidareutdanning og masterutdanning. Med andre ord er det sannsynlegvis viktigare for kandidatane frå FØS og FIN å ha masterutdanning for å få seg jobb, enn kandidatane frå FHS og FLKI.

5.8 Andre erfaringar 2017-2020

HVL gjer seg heile tida erfaringar frå arbeidet med studentrekruttering. Desse erfaringane vert årleg lagt fram i eigen styresak. Her følgjer eit utval av dei meir gjennomgåande erfaringane frå tida 2017-2020.

Med fem studiestader fordelt over heile Vestlandet er det viktig å vere klar over at like og liknande studietilbod på ulike campus i mange tilfelle vil konkurrere med kvarandre. Dette ser vi særleg tydeleg der det er utdanningar med ventelister. Søkjarar som står på venteliste til eitt studietilbod takkar ofte ja til tilbod om eit tilsvarande studietilbod på ein av dei andre studiestadane. Sjølv om dette prinsippet for så vidt ser ut til å gjelde uavhengig av geografi, så er det tydeleg at dei største byane i landet fortsett er dei mest populære studiestadane. Dette fører til at det er i desse byane ein ofte finn flest utdanningar med venteliste. Omsett til konkrete HVL-konsekvensar tyder dette at fleire av utdanningane på dei mindre studiestadane, særleg på Stord og i Førde som ligg nærast Bergen, er avhengig av søkjarar som ikkje kjem inn på førstevelet sitt i Bergen.

Det er tydeleg at UH-sektoren etter kvart må gje tilbod om meir fleksible utdanningsløp. Utdanningar som legg til rette for å kunne kombinerast med jobb skapar ofte stor interesse, men det har likevel vist seg at sjølv om interessa i utgangspunktet er stor er det mange søkjarar til slike utdanningar som fell frå undervegs fram mot studiestart. Mellom anna ser vi at dette kan skuldast manglande avklaring med arbeidsgjevar eller ei litt for sein erkjenning om at familielogistikken ikkje går opp. I

marknadsføringa av tilrettelagde utdanningar er det difor viktig med god informasjon – forventningsavklaring – spesielt retta mot studentar som er etablert med jobb og/eller familie slik at fråfallet vert minimert både før og ikkje minst etter studiestart.

5.9 Vurdering

HVL sine tal på studieplassar og nye studentar kategorisert i utdanningsområder, sett opp mot tilsvarande tal for resten av UH-sektoren, gjev eit nytt og nyttig perspektiv på landskapet HVL konkurrerer i. Dette sett saman med ventelister og overskot, eventuelt manglande fyllingsgrad, gjev ein tydeleg indikasjon på både etterspurnaden etter utdanning innafor dei ulike utdanningsområda og potensialet for å rekruttere fleire studentar og i kva grad denne rekrutteringa vil krevje ressursar. Dette utgjer eit faktagrunnlag som vil vere nyttig å ha med når ein skal vurdere etablering, vidareføring eller nedlegging av eit studietilbod. Sjølv om dette er tal henta frå grunnutdanningar vil storleiken på dei ulike utdanningsområda nasjonalt sett uansett vere ein tydeleg peikepinn på den relative interessa uavhengig av utdanningsnivå.

Når vi samanliknar HVL si studieportefølje for grunnutdanningar med porteføljen for masterutdanningar, ser det ut til å vere eit potensial for å etablere fleire masterutdanningar, særleg for FIN og FØS. Til forskjell frå FHS og FLKI der det er vanlegare med erfaringsbaserte masterutdanningar, er både FIN og FØS i stor grad innafor utdanningsområder der det er blitt meir nødvendig å ha mastergrad før ein kjem seg inn på arbeidsmarknaden. I tillegg tyder tal på at det er eit større potensial i å rekruttere våre eigne grunnutdanningsstudentar til masterutdanningane våre. Sjølv om HVL ligg om lag på gjennomsnittet for landet samla sett, er det andre både store og små institusjonar som lukkast i større grad, noko som tyder at dette også bør vere mogleg for HVL. Fleire relevante mastergrader vil sannsynlegvis også kunne styrke rekrutteringa til dei tilhøyrande grunnutdanningane.

I dei tilfella der eit utdanningstilbod har svak rekruttering er det viktig å gjere ei vurdering av grunnane til den svake rekrutteringa før ein planlegg og gjennomfører ekstra rekrutteringstiltak. Der det har vore nødvendig med ekstra marknadsføring på grunn av svak rekruttering viser erfaring at tiltak som flytting av søknadsfrist eller auka tradisjonell marknadsføring som til dømes annonsering, gjev liten effekt. Fellesnemnaren i desse tilfella har ofte vore at marknaden er liten. Med andre ord er ikkje utfordringa å nå ut med marknadsføringa – ofte er det berre ikkje mange nok som interesserer seg for fagområdet.

Det er forskjell på å rekruttere ein student som allereie er interessert i fagområdet samanlikna med ein som i utgangspunktet ikkje har denne interessa. Denne forskjellen er det viktig å vere merksam på når ein gjer vurderingar av eksistensen til eit utdanningstilbod. Å etablere etterspurnad – få fleire til å interessere seg – er med omsyn til både tid og ressursbruk, noko heilt anna enn å konkurrere om allereie interesserte søkjarar. Der vi av strategiske grunnar vel å etablere eller vidareføre eit utdanningstilbod der marknaden er liten, må vi difor kalkulere med ei meir oppsøkjande og langsiktig tilnærming til studentrekruttering – gjerne over fleire år.

I andre tilfelle opplev HVL god rekruttering til eit utdanningstilbod på éin studiestad, men svak rekruttering til tilsvarande utdanningstilbod på ein annan studiestad. I dei fleste av desse tilfella viser det seg at våre eigne studieprogram er i konkurranse med kvarandre. Til dømes har ein tydeleg del av dei nye studentane på Stord og i Førde ofte utdanningstilbod i Bergen på høgare prioritet i søknaden sin. Med andre ord vil ei auke i studieplassar der det er venteliste – noko som isolert sett kan vere ein god ting – kunne få direkte negative konsekvensar for tilsvarande utdanningar på andre av HVL sine

campus. Samtidig vil det sannsynlegvis også vere andre enn HVL-søklarar på ventelista, så dette må i alle tilfelle vere ei vurdering ut ifrå skjønn. Mykje av grunnane til kvifor søklarane vel som dei gjer er fortsett ikkje kartlagt, men ønskje om å studere i ein større by er truleg ein vesentleg faktor. Med berre eitt av fem campus plassert i ein større by er geografiske faktorar noko HVL bør skaffe seg meir kunnskap om.

I arbeidet med å rekruttere nye studentar har HVL jamt over mest fokus på tradisjonelle rekrutteringsaktivitetar som utdanningsmesser, skulebesøk og profilering på nettsider – marknadsføring som går direkte på den som vurderer å ta utdanning. Likevel er det viktig å merke seg at den mest avgjerande faktoren som dei nye studentane viser til når vi spør om kvifor dei valde utdanning på HVL, er tilråding frå andre personar dei stolar på; til dømes familie, vener, kollegaer og arbeidsgjevar. HVL har difor eit potensial i å fokusere meir på denne indirekte marknadsføringa. I tillegg til rekrutteringsaktivitetar innretta *mot* marknaden har HVL også eit potensial i å hente ut meir kunnskap *frå* marknaden. Ei meir systematisk tilnærming til bruk av eksterne datakjelder som til dømes SSB, årlege rapportar frå fylkeskommunar og tilbakemeldingar frå næringslivet, kan gjere det mogleg for HVL å vere meir proaktiv i utviklinga av studieporteføljen.

6. Studieporteføljen si økonomiske berekraft

6.1 Innleiing – strategisk forankring og forankring i SEFØ-modellen

SEFØ-modellen består av 4 prioriterte område med kriterium som skal vera styrande for utviklinga av studietilbod og studieporteføljen. 'Økonomi' er eitt av dei 4 områda.

I HVL sin strategi 2019-2023 finn vi måla høgskulen har satt seg for utvikling av studietilbod og studieportefølje. Fakulteta har utdjupa og konkretisert desse i sine strategiar for den same perioden. Like sentralt i høve til økonomisk berekraft er universitetsambisjonen, som mellom anna påverkar prioriteringar og kostnader ved auka kompetansenivå/auka løn og auka del forskningstid som betyr fleire årsverk knytt til dette. Sjølv om delar av forskinga har ekstern finansiering, vil vi alltid ha ein stor del eigenfinansiering av forskningstid. Balansen mellom kostnader til forskning og utdanning vil bli sentralt framover. Det vil bety auka fokus på studentrekruttering til studieprogramma og auka fokus på ressursbruk.

Pr i dag har vi rimeleg balanse i fakulteta sin økonomi, men det er viktig å understreke at dette er eit samla statusbilete. Vi har trekk ved studieporteføljen vår som ikkje bygger oppunder økonomisk berekraft, samstundes som vi har ressurskrevjande målsetjingar knytt til universitetsambisjonen.

6.2 Avgrensingar og operasjonisering

I denne vurderinga av økonomisk berekraft vurderer vi den porteføljen som HVL finansierer av KD sin budsjett-tildeling. Det er dette som er hovudmengda av HVL sin studieportefølje og som er mest kritisk om den ikkje er økonomisk berekraftig. Den eksternfinansierte porteføljen skal i høve vårt BOA-reglement ha ei fortjeneste. Om den ikkje har det, så er det i all hovudsak planlagt med eit bidrag. Det er ei kort omtale av den eksternfinansierte omsetnaden i avsnitt 6.3.

Skal vi vurdere økonomisk berekraft i den KD-finansierte delen av porteføljen må ein gjere forenklingar og legge forutsetningar til grunn i ein modell. I dette kapittelet er det lagt til grunn at: -resultatinntekt frå studiepoengproduksjon og kandidatproduksjon finansierer direkte utdanningskostnader (inkludert for eksempel betalt praksisoppfølging FLKI) -fakulteta sin del av HVL sine basisinntekter/finansierte studieplassar skal finansiere felleskostnader ved fakulteta, fagleg administrasjonstid, fagleg og pedagogisk fornying, eigenfinansiert FOU-tid.

Som vi ser vidare i dette kapittelet er fakulteta sin samansetnad av resultatinntekt og basisinntekt ulik.

I del 6.4 er det gjort vurderingar av dei finansierte studieplassane/basis og i del 6.5 vurderingar av resultatinntektene. I rapporten har vi ikkje gått inn på kostnader som blir dekkja felles ved institusjonen, som for eksempel husleige/drift, bibliotek, IT. Dette blir dekkja av basisinntektene for ein studieplass før fordeling til fakulteta. Dette vil også vera ein del av den samla prioriteringa av ressursar.

6.3 Eksternfinansiert studieportefølje

Tabell 3 viser oversikt over studieprogram og studenttal fordelt på finansieringsformene eigenfinansiert (KD) og eksternfinansiert (andre enn KD). Viser også til kapittel 4 om livslang læring.

I tabellen under ser vi omsetnaden i all eksternfinansiert aktivitet ved HVL i 2019 og 2020. Her er etter- og vidareutdanning (EVO) skilt ut. I 2020 hadde HVL ein samla omsetnad på 126,6 mill kr, der FLKI stod for 93,3 mill kr, FHS 16,6 mill kr, FIN 10,2 mill kr og FØS 6,3 mill kr. I sum hadde alle fakulteta fortjeneste på sin EVO-aktivitet. Omfanget på denne aktiviteten og det økonomiske resultatet må

sjåast i samanheng med den ordinære studieporteføljen, fagmiljøet og/eller anna aktivitet i fakulteta. Dette har størst effekt i FLKI.

Det som i tabellen under er "andre prosjekt" vil også kunne ha utdanningsrelatert innhald, men ikkje knytt til gjennomføring av utdanningsprogram.

Omsetning fordelt på prosjekttype - tall i 1000	FLKI	FHS	FIN	FØS	Totalt HVL
FoU-prosjekt 2020	30 191	24 675	39 167	6 793	100 826
FoU-prosjekt 2019	36 491	27 325	21 611	4 063	89 490
Endring FoU	- 6 299	- 2 650	17 556	2 729	11 336
EVO-prosjekt 2020	93 323	16 672	10 250	6 379	126 624
EVO-prosjekt 2019	84 774	11 024	9 621	7 795	113 214
Endring EVO	8 549	5 648	629	- 1 416	13 410
Andre prosjekt 2020	4 374	526	10 719	8	15 627
Andre prosjekt 2019	388	2 541	8 321	796	12 046
Endring "Andre"	3 985	- 2 014	2 398	- 788	3 581
Totalt BOA 2020	127 888	41 873	60 136	13 180	243 078
Totalt BOA 2019	121 653	40 890	39 553	12 655	214 750
%vis endring	5 %	2 %	52 %	4 %	13 %

Tabell 36 Oversikt over omsetning i 1000 kr for ulike eksternfinansiert aktivitet i 2019 og 2020.

6.4 Overordna styring av KD-finansiert studieportefølje

KD styrer utdanningsaktiviteten gjennom å tildele finansierte studieplassar til institusjonane, og stille krav til produksjon. Dei siste 8-10 åra har KD stilt strenge krav til studiepoengproduksjon knytt til finansierte studieplassar. Kvar studieplass som er finansierte skal fyllast med produksjon av 60 studiepoeng, dvs. 100% oppfylling. UH-sektoren må derfor ta opp fleire studentar enn finansierte studieplassar. Gjennomstrøyming vil vera avgjerande for om vi når KD sitt krav. Krav om 100% oppfylling har kome dei siste åra, slik at det er mange finansierte studieplassar vi ikkje har krav om 100% oppfylling i (vi skil ikkje på plassane). Krav om oppfylling kjem også i konflikt med KD sine krav til UH-institusjonar om kandidatmåltal. Desse måltala er lågare enn tal finansierte studieplassar for eit studieprogram. KD er difor ikkje konsistent i sin kommunikasjon og forventning.

KD gir UH-institusjonar nokså stor autonomi i disponering av finansierte studieplassar. Det er ein stor del av dei finansierte studieplassane som er tildelt som frie/strategiske studieplassar, som HVL kan disponere til studietilbod/fagmiljø etter eigne vurderingar av etterspurnad/behov. Innan kvart fakultet er det endå større moglegheit for fleksibilitet, då fagspesifikke studieplassar i utgangspunktet kan omdisponerast innan same fagområde. HVL har difor nokså stort handlingsrom og fleksibilitet i høve til studieporteføljen mellom fakultet og internt i fakulteta.

6.4.1 Bakgrunn : samanheng finansiering og studieportefølje

Som nemnd innleiingsvis i kapittelet får HVL ei resultattildeling og ei basistildeling frå KD. Finansiering av studieplassar er basisfinansiering. For å forstå dagens situasjon kring finansiering av studieplassar og faktisk studieportefølje, så er det nødvendig å sjå litt på historia til HVL.

Internt i HVL blir den delen av basismidlane som blir overført til fakulteta fordelt etter ein gjennomgang av dei KD-finansierte studieplassane frå 2002 fram til i dag. Fordelinga er gjort slik :

- Fagspesifikke studieplassar frå 2002 og oppover er fordelt til det fakultetet som har studieprogrammet (til dømes plassar til sjukepleie, ingeniør osv.).
- Dei studieplassane som i 2002 ikkje var spesifisert til noko studieprogram av KD er definert som frie/strategiske. Med mindre avvik per tidlegare institusjon, er dei frie studieplassane frå 2002 fordelt for å jamne ut avviket mellom fagspesifikke studieplassar og avdelingane/høgskulen si studieportefølje ved fusjonstidspunktet.
- I tillegg er det tildelt frie/strategiske studieplassar etter 2002 frå KD. Dette er i stor grad fordelt av institusjonane til spesifikke utdanningar, og i budsjettfordelingsmodellen også fordelt til dei fakulteta som har desse utdanningane.

HiB og HiSF hadde større studieportefølje enn det finansierte studieplassar frå KD skulle tilseie. Det er derfor ikkje eit 1-1-forhold mellom studieportefølje og finansierte studieplassar. I budsjettfordelingsmodellen er det KD-studieplassane som er styrande.


Til grunn for den vedtekne budsjettfordelingsmodellen ligg eit bevisst val om at basismidlane skulle fordelast etter KD-studieplassar, og at resultatdelen vart ivareteken av den resultatbaserte delen i finansieringssystemet – med inntekt frå studiepoengproduksjon og kandidatproduksjon. Dette for å ikkje gjera fordelinga til fakulteta endå meir resultatavhengig. Fakulteta blir tildelt 80% av inntekta frå studiepoengproduksjonen og kandidatproduksjonen – dette er også for å ikkje gjera fakulteta for resultatavhengige, og for å gi mest mogleg stabile rammer sjølv om aktiviteten endrar seg.

Per i dag ser fordelinga av finansierte studieplassar slik ut for fakulteta:

Fakultet	Finansierte studieplassar
FHS	3 657
FIN	3 199
FLKI	4 639
FØS	1 394
Sum	12 889

Tabell 37 Fordeling av finansierte studieplassar. Kjelde: Intern budsjettfordelingsmodell for HVL 2021.

Nye finansierte studieplassar som er tildelt HVL etter fusjonen er fordelt mellom fakulteta på følgjande måte:




Figur 14 Nye KD-finansierte studieplassar pr fakultet sidan fusjonen (akkumulerte tal). Kjelde: Orientering om statsbudsjettet for universitet og høøgskular 2017 – 2020.

Fakultet	2017	2018	2019	2020	2021	Sum
FHS	20	85	35	120	90	350
FIN	97	165	140	90	15	507
FLKI	8	30	15	21	344	418
FØS	0	0	40	95	80	215
Sum	124	280	230	326	529	1 489

Tabell 38 Nye KD-finansierte studieplassar pr fakultet sidan fusjonen (akkumulerte tal). Kjelde: Intern oversikt over studieplassar ved HVL.

Den store auken i studieplassar for FLKI i 2021 gjeld studieplassar til 5. året på GLU. Dette er 344 av 450 studieplassar dersom vi skal følgje same prinsipp som for alle andre utdanningar. I 2020/2021 får HVL tildelt fleire studieplassar i samband med tiltak knytt til covid-19, som FØS og FHS har fått mest av. I åra etter fusjonen er det FIN som har fått tildelt flest studieplassar (frå KD). Dette var i hovudsak dei siste åra med opptrapping av kapasitet på grunn av konjunktursituasjonen fram til ca. 2015 med stor etterspurnad etter ingeniørar. I desse åra har det derfor vore slik at studieplasstalet til FIN har auka, medan studiepoengproduksjonen samla ikkje har auka.

Figuren under viser både korleis studiepoengproduksjonen og tildeling av nye finansierte studieplassar har endra seg frå 2018 til 2020. Fakulteta har kvar sin farge. Her ser vi tydeleg at det er store skilnadar mellom fakulteta. FIN har fått flest nye studieplassar i perioden (395), medan studiepoengproduksjonen har gått ned med 190 60-studiepoengseiningar. Totalt sett har FIN 3 184 finansierte studieplassar i 2020 medan studiepoengproduksjonen er 2 249. For dei andre fakulteta er det større samsvar mellom nye studieplassar og endring i studiepoengproduksjon. Det er her viktig å presisere at det kan vere store skilnadar innad i kvart fakultet, på same måte som det er store skilnadar mellom fakulteta.



Figur 15 Akkumulert endring i finansierte studieplassar og studiepoengproduksjon frå 2017 til 2020. Kjelde: DBH og Orientering om statsbudsjettet for universitet og høøgskular 2017 – 2020.

I punkt 6.6. går vi inn på om det bør vere nokre grenser for kor langt faktisk studiepoengproduksjon i eit fakultet kan avvike frå finansierte studieplassar før det må gjerast ei omfordeling av finansierte studieplassar og budsjett. Det blir også trekt fram i punkt 6.6. om budsjettfordelinga skal endrast ved å ha ei anna %-tildeling enn 80% av inntekta for studiepoengproduksjon og kandidatproduksjon. Vurderinga er knytt til balansen mellom fleksibilitet og økonomisk stabilitet.

6.4.2 Studieplassar, produksjon og studieportefølje i dag

I tabellen og figuren under ser vi registrerte studentar (heiltidsekvivalentar) i høve til fordeling av finansierte KD- studieplassar. Her ser vi at det er store skilnader mellom fakulteta. Alle fakultet, bortsett frå FØS, ligg på om lag 100%. FØS ligg langt over, med sine 139%.

Biletet endrar seg når vi ser på faktisk studiepoengproduksjon i høve finansierte studieplassar, jamfør tabell under. Det er ulik gjennomføringsgrad som er årsaka til dette. Det er FHS (96%) og FØS (99%) som har ein produksjon som er mest lik dei finansierte studieplassane. FIN og FLKI har høvesvis 70% og 85% studiepoengproduksjon i høve til finansierte studieplassar. I høve til økonomisk berekraft er gjennomstrøyming svært viktig. Alle studentar krev ressursar/kostnader, men vi får inntekt berre for produserte studiepoeng.


Det kan vere fleire årsaker til ulik gjennomstrøyming ved fakulteta, men dette er trendar vi ser ved same type utdanningar ved andre institusjonar. Av erfaring kan vi difor ikkje forvente lik gjennomstrøyming for alle utdanningar og for kvart fakultet. I vurderingspunktet 6.6. blir dette trekt fram som eit argument, samtidig som gjennomstrøyming må vera eit viktig insitament for fakulteta.

Fakultet	Studentar	I % av finansierte studieplassar
FHS	4 004	109 %
FIN	3 118	97 %
FLKI	4 435	96 %
FØS	1 944	139 %
Sum	13 501	105 %

Tabell 39 Studentar i prosent av finansierte studieplassar (Studentar i denne tabellen er målt som eigenfinansierte heiltidsekvivalentar). Kjelde: DBH og intern oversikt over finansierte studieplassar ved HVL.

Fakultet	Studiepoengproduksjon 2020	I % av finansierte studieplassar
FHS	3 517	96 %
FIN	2 249	70 %
FLKI	3 931	85 %
FØS	1 384	99 %
Sum	11 081	86 %

Tabell 40 Studiepoengproduksjon i prosent av finansierte studieplassar (Studentar i denne tabellen er målt som eigenfinansierte heiltidsekvivalentar). Kjelde: DBH og intern oversikt over finansierte studieplassar ved HVL.



Figur 16 Eigenfinansierte studentar (heiltidsekvivalentar), studiepoengproduksjon og finansierte studieplassar pr fakultet i 2020. Kjelde: DBH og intern oversikt over finansierte studieplassar ved HVL.


Sidan fakulteta fyller opp studieplassane sine i ulik grad, så betyr det at resultatfinansieringa utgjer ein mindre del av finansieringa til dei fakulteta som har størst utfordringar med å fyller studieplassane. Dette blir illustrert i tabell 41 under som viser kor stor del av finansieringa basis og resultat utgjer for fakulteta. Forholdvis låg studiepoengproduksjon i høve til finansierte studieplassar på FLKI får ikkje same utslag som for FIN, spesielt på grunn av finansieringskategoriane (stor del D). Vedlegg 9 viser oversikt over fakulteta sine studieplassar fordelt på finansieringskategori, og KD sin generelle oversikt over plassering av utdanningar i kategoriane.

Fakultet	Basis	Resultat	Sum	
FHS		46 %	54 %	100 %
FIN		53 %	47 %	100 %
FLKI		47 %	53 %	100 %
FØS		47 %	53 %	100 %

Tabell 41 Fordeling av basis- og resultatfinansiering pr fakultet. Kjelde: Intern budsjettfordelingsmodell HVL.

Her ser vi at FHS, FLKI og FØS har ein resultatdel på 53-54%, medan resultatdelen utgjer 47% for FIN. Sidan finansieringa til fakulteta består av ein forholdsvis stor del basis, så blir effekten av fråfall og manglande oppfyljing av studieplassar dempa for fakulteta. I vår interne fordelingsmodell får fakulteta 80% av resultatinntektene frå studiepoeng og kandidatproduksjon. I ein fordelingsmodell der fakulteta hadde fått 100% av desse inntektene, så ville manglande oppfyljing av studieplassar hatt større konsekvensar for fakulteta. Ein slik modell hadde ført til ein omfordeling av midlar mellom fakulteta.

Samla sett har den faktiske/utlyste studieporteføljen blitt større enn det som HVL har basisfinansiering/finansierte studieplassar til. Dette heng saman med at det har lønt seg å etablere studietilbod når det har vore god tilgang på studentar. Då har resultatinntektene finansiert store delar av studietilbodet. Det beste dømet på det er kanskje FØS i Bergen. Der tilbyr HVL eit omfattande studietilbod innan økonomiske og administrative fag utan at høgskulen har blitt tildelt studieplassar til dette. I fordelinga av finansierte studieplassar mellom fakulteta i arbeidet med budsjettfordelingsmodellen, vart FØS tildelt ein høgare del frie/strategiske studieplassar enn dei andre fakulteta.



Figur 17 Studieportefølje i forhold til finansierte studieplassar pr fakultet. Kjelde: Studieportefølje HVL og intern fordeling av studieplassar ved HVL.

I punkt 6.6. blir denne utviklinga omtala, og korleis ein i vidare utvikling av studieporteføljen må vera strategisk bevisst på basisfinansiering, og driftsmessige og strategiske konsekvensar ved omdisponering.

6.5 Studieporteføljen si økonomiske berekraft

I denne delen vil vi vurdere den økonomiske berekrafta til studieporteføljen der vi vurderer direkte kostnader i høve til resultatinntekter vi genererer på bakgrunn av studiepoengproduksjon og kandidatproduksjon.

6.5.1 Berekraft – på kva nivå ?

Å vurdere studieporteføljen sin økonomiske berekraft kan gjerast på ulike nivå i organisasjonen – på institusjonsnivå, fakultetsnivå, instituttnivå, studieprogramnivå eller emnenivå. I stor grad dreier dette seg om fullmakts- og ansvarsnivå i organisasjonen. I HVL har dekan ansvar for å ha ei samla studieportefølje og anna aktivitet som i sum er i økonomisk balanse. På fakulteta varierer fullmakter og ansvar, men i hovudsak er dette ansvaret delegert vidare til institutt-leiar. I all hovudsak er det slik at fakulteta og institutta har ei samansett portefølje av emne knytt til studieprogram som er eller ikkje er økonomisk berekraftig. Fakulteta har ulike ressursmodellar (kva ressursar som blir planlagt nytta pr. emne/studieprogram etc.) som gjer at graden av å hente ut gevinstar i emne med mange studentar – til emne med få studentar – varierer. Bruk av gevinstar i emne med mange studentar vil også vera del av vi samla prioritering i fakulteta.

6.5.2 Økonomisk resultat på studieprogram og emnenivå

På fakultetsnivået og instituttnivået kan rekneskapa vise det økonomiske resultatet samla sett. I høve til å vurdere økonomisk berekraft i eit fakultet sin studieportefølje må vi inn på emne og studieprogram. Regnskapet er ikkje bygd opp rundt desse einingane med inntekt og kostnad. I ei vurdering av økonomisk berekraft må vi sette saman data frå ulike kjelder. Det mest sentrale er :

- Tal studentar og gjennomføringsgrad – som vil vera avgjerande for stipulert inntekt for studiepoengproduksjon og (evt.) kandidatproduksjon – data frå FS-studentsystem og inntekt etter satsar frå KD
- Ressursmodellar pr. fakultet – modellar kvart fakultet har laga som fastset rammer for ressursbruk for emne/studieprogram
- Faktisk ressursbruk pr. fakultet – kor mykje ressursar blir faktisk planlagt nytta pr emne/studieprogram – data frå datasystemet TE-plan som er HVL sitt ressurs- og personalplanlegging-verktøy

Fakulteta har kvar sine ulike **ressursmodellar** som seier kor mange arbeidstimar eit emne/studieprogram skal tildelast for undervisning/oppfølging osv. Vi veit at ressursmodellane som er ein “plan” ikkje alltid stemmer med det som faktisk blir brukt/blir lagt inn i TE-plan. I mange tilfelle blir det brukt langt fleire/færre timar enn ressursmodellen tilseier. I mangel på fullt implementert TE-plan har vi nytta ressursmodellane til fakulteta for å rekne ut eit økonomisk resultat for ein gitt emnestørrelse. Dette er ei teoretisk utrekning der vi har gjort ei rekkje føresetnader. Det vil bli langt betre analyser når HVL sitt ressurs- og personalplanleggingsystem er fullt implementert. Ut frå dette systemet skal vi kunne ta ut timetalet kvart emne og dermed kvart studieprogram faktisk brukar.

I analysen har vi sett på talet timar emne skal bruke, utifrå ressursmodellane. Dette har vi sett opp mot inntektene frå studiepoeng- og kandidatproduksjonen som emne genererer med føresetnader om gjennomføringsgrad. Vi har teke omsyn til gjennomsnittlege driftskostnader inkl.

praksiskostnader og ulike finansieringskategoriar pr fakultet. Med mange føresetnader er ikkje dette ei eksakt økonomisk analyse av det økonomiske resultatet på det enkelte studieprogram eller emne, men det gjev **eit grovt bilde på tal studentar som skal til for at det blir balanse mellom inntektene og kostnadane.**

Tal studentar som startar er ofte utgangspunkt for ressursplanlegging/bruk. Gjennomføringsgraden for studentane er avgjerande for studiepoengproduksjonen og kandidatproduksjonen og dermed inntektene. (Sjå vedlegg 10 for utvikling i studiepoeng- og kandidatproduksjon pr fakultet 2018-2020)

Tal studentar og gjennomføringsgraden har derfor stor betydning for økonomien. Ved fråfall blir det brukt ressursar på studentar som ikkje genererer inntekter. Sjølv emne eller studieprogram med god studiepoeng- og kandidatproduksjon kan ha hatt uforholdsmessig store kostnader med mange studentar som ikkje har generert inntekter.

Prosent studentar på bachelorutdanning som gjennomfører på normert tid (nasjonal styringsparameter) har dei siste åra lagt rundt 58 % for HVL totalt sett, medan gjennomsnittet for statlege institusjonar har lagt på mellom 47,89 og 50,72 (2018-2020) . På masterutdanningane har det vore større variasjonar, men i perioden 2018-2020 var prosent studentar som fullførte på normert tid høvesvis kring 65%, 55% og 53%, medan gjennomsnittet for statlege institusjonar var kring 53%, 55% og 52% . På begge nivåa har det vore store variasjonar mellom fakulteta. Ein god del studentar fullfører i løpet av nokre få semester etter normert tid. Ser vi til dømes på dei som etter normert plan skulle vore ferdige i 2018, finn vi at tre semester seinare er gjennomføringsgradane ved fakulteta følgjande:

Gjennomføringsgrad: Normert ferdig 2018 + 3 semester	Bachelor	Master
FHS heiltid	78 %	93 %
FIN heiltid	66 %	75 %
FLKI heiltid	63 %	78 %
FØS heiltid	59 %	54 %

Tabell 42: Gjennomføringsgrad pr fakultet (normert + 3 semester). Kjelde: Felles Studentsystem.

I analysen vår har vi forutsett ein gjennomføringsgrad på 70%, som er om lag snittet for gjennomføring på normert tid pluss tre semester. Dei fleste studieprogram/emne vil då vere i økonomisk balanse når det er ein plass mellom 20 og 35 studentar som startar på studieprogrammet. Generelt må bachelorutdanningane ha nokon fleire studentar enn masterutdanningane. I hovudsak skuldast dette at inntektene frå kandidatproduksjonen kan delast på to år for masterutdanningane, medan tre år for bachelorutdanningane. Emne/studieprogram som har lågare gjennomføringsgrad enn snittet på 70% må ta opp fleire studentar for å få ein tilsvarande studiepoeng- og kandidatproduksjon og dermed komme i økonomisk balanse. Motsett for emne/studieprogram som har høgare gjennomføringsgrad.

20 studentar, som er omtalt i SEFØ-modellen, er for lågt i forhold til økonomisk berekraft.

6.5.3 Tal studentar pr emne – avgjerande for økonomisk berekraft

Tal studentar som gir økonomisk balanse er avgjerande når det skal gjerast økonomiske vurderingar på studieprogram og emnenivå. Som nemnd tidlegare i kapittelet er det gjort mange føresetnader for å komme fram til kor mange studentar ein må ha for å komme i balanse.


Ressursmodellane til fakulteta er svært ulike. Det varierer mykje korleis modellane tek omsyn til tal studentar, om ressursane aukar i takt med inntektene, eller om det er planlagt med gevinstar ved emne/studieprogram med mange studentar.

Når vi har forutsett ein gjennomføringsgrad på 70% vil, som nemnd ovanfor, dei fleste studieprogram/emne vere i økonomisk balanse når det er ein plass mellom 20 og 35 studentar som begynner på studieprogrammet.

I ordinære vurderingsemne³⁶ er det meir ressurskrevjande (pr student) med undervisning i små grupper. Når det gjeld praksisemne eller emne knytt til bachelor-/master-oppgåver blir det berre tildelt ressursar pr student, noko som gjer desse emna like ressurskrevjande om det er få eller mange studentar. Det er reint teknisk ein del emne med få studentar som er registrert på praksisemne eller bachelor-/masteroppgåve. I og med at ressursane blir gitt pr student er det like ressurskrevjande om det er få eller mange studentar, og vil derfor ikkje vera like relevant å vurdere i omtalen av emne med få studentar som ikkje er økonomisk berekraftig. Vi har ikkje gått inn på denne problemstillinga i rapporten, men praksisoppfølging og oppgåveoppfølging er ressurskrevjande, og vil som enkeltstående emne ofte ikkje vera økonomisk berekraftig. Årsaka til at praksisemna ikkje er tatt ut av dei påfølgjande oversiktene, er at FLKI har ein del emne som er kategorisert som vurderingsemne, men som har praksis inkludert.

Om vi ser på kor mange studentar som har bestått på ulike emne (inkludert praksisemne og oppgåveemne) som har hatt undervisning eller rettleiing i 2020 (uavhengig av campus, heiltid/deltid eller undervisningseiningar/-terminar), er det stor variasjon. Figurane under viser fordelinga på emne med ulike intervall med studentar bestått i 2020 på høvesvis bacheloremne inkludert årsstudium og masteremne.

På grunn av mykje felles undervisning, særleg på FØS, for studentar på årsstudium og bachelorstudium er den grafiske framstillinga her gjort samla³⁷. På bachelorstudium (inkludert årsstudium) er det ei knapp overvekt av emne med 35 eller færre studentar bestått i 2020.




Figur 18 Tal emne på bachelorstudium (inkl. årsstudium) pr intervall med beståtte studentar. Kjelde: Felles Studentsystem.

Om ein bryt desse tala ned på fakultetsnivå utan å bryte dei ned på campus, ser vi at FHS skil seg ut med å ha ein større del emne med 36 studentar eller fleire bestått enn dei andre fakulteta. Om vi hadde tatt ut praksisemna, hadde både FHS og FLKI hatt atskillig færre emne med 35 studentar og

36 I FS har alle emne ein emnetypekode som enten er «vurdering» eller «praksis».


37 FØS har mykje undervisning på årsstudium felles med undervisninga for bachelorstudentar (felles emnekode og ressurstildeling). Frå hausten 2022 er all undervisning planlagt felles. Ved FLKI er ein del av undervisninga felles, men dei har ikkje felles emnekode, og vil derfor framkomme med fleire emne med få studentar enn det som er reelt.

færre. FHS og FLKI har derimot ein større del emne med undervisning i to terminar i 2020 enn FIN og FØS, så om vi hadde tatt omsyn til det, ville det hatt motsett verknad.




Figur 19 Tal emne på bachelorstudium (inkl.årsstudium) pr intervall med beståtte studentar pr fakultet. Kjelde: Felles Studentssystem.

På erfaringsbasert master (Master i organisasjon og leiing) var det i overkant av 30% av emna som hadde færre enn 26 studentar bestått i 2020, medan tilsvarande tal på 2-årig master var om lag 70% av emna og i overkant av 50% av emna på 5-årig master.



Figur 20 Tal emne på master pr intervall beståtte studentar. Kjelde: Felles Studentssystem.


Om vi bryt desse tala ned på fakultetsnivå utan å bryte dei ned på campus, ser vi at FIN er det einaste fakultetet som ikkje har emne med over 50 studentar bestått i 2020.



Figur 21: Tal emne på master pr intervall beståtte studentar pr fakultet. Kjelde: Felles Studentsystem.

Ein stor del av emna ved HVL har færre enn 15 studentar bestått på master og 25 studentar bestått på bachelor i 2020. Sjølv om ein god del av desse er utgåande emne eller emne som er samkøyrte, er det framleis ein god del emne med «få» studentar.


Ein stor del emne blir dessutan undervist i ved fleire campus, noko som er meir ressurskrevjande³⁸. På bachelor/årsstudium er det campus Bergen som har den største delen emne med 36 eller fleire studentar bestått i 2020, medan campus Stord ikkje har emne med over 100 studentar bestått.



Figur 22: Tal emne på bachelor/årsstudium pr intervall beståtte studentar pr campus. Kjelde: Felles Studentsystem.

På master er det berre campus Bergen og campus Sogndal at det er emne med fleire enn 50 studentar bestått i 2020, og berre i Bergen at det er emne med fleire enn 100 studentar bestått i 2020.

³⁸ Der det blir gitt undervisning på tvers av campus kan det vere feilkjelder knytt til kor studentane er registrert.



Figur 23: Tal emne på master pr intervall beståtte studentar pr campus. Kjelde: Felles Studentsystem.

Det er ikkje gjort ei samla vurdering av heile porteføljen pr. fakultet, men det er grunn til å anta at basisfinansieringa er med på å dekke direkte utdanningskostnader der det er stor del emne med forholdsvis få studentar.

6.6 Nye vurderingspunkt økonomisk berekraft

Det er nødvendig å utvide evalueringpunkta i SEFØ-modellen under punktet "økonomi", og delvis ha eit skilje mellom evaluering av portefølje og nyetablering. Her er forslag til områder som bør konkretiserast nærare og gå inn i SEFØ-modellen :

Nyetablering:

- Er fakultetet i økonomisk balanse ved siste rapportering til styret? Dersom ikkje, er det emne/studieprogram som kan omstrukturast el.l. ?
- Er det samsvar mellom budsjettutvikling og utviklinga i studieporteføljen? (resultatinntekt kjem to år etter aktivitet)
- Finansierte studie plassar gir fakulteta for eksempel grunnfinansiering til FOU-tid og administrasjonstid for fagmiljøa. Korleis skal studietilbodet få denne grunnfinansieringa? Kor kjem studie plassane frå? Nye eller omprioritert? Ved omprioritering, kva konsekvensar får det for ressursar/drift i fakultetet?
- Forventa tal studentar, gjennomstrøyming

Evaluering:

- Økonomisk balanse knytt til direkte kostnader/inntekter til emne/studieprogrammet : Når TE-plan er oppdatert kan vi ta ut opplysningar om faktisk timebruk på emne/studieprogram og sjå dette opp mot inntektene frå studiepoeng- og kandidatproduksjonen emne genererer.
- Alternativt :
 - Kor mange studentar er det på emne/studieprogrammet som produserer studiepoeng og kandidatar. Er dette innanfor eit intervall med økonomisk berekraft ?
 - Korleis er gjennomstrøyminga? Gjennomstrøymingsgrad er den dårlegare enn snittet? (dårleg gjennomstrøyming krev høgare studenttal)

6.7 Vurdering

Finansierte studieplassar og fleksibilitet i studieporteføljen

Det er eit mål å kunne nytte KD si finansiering best mogleg for å gi eit studietilbod som er etterspurt av studentar og samfunn. Trendar og konjunkturar vil påverke kva utdanningar som har størst etterspurnad, og det er viktig at HVL har høve til å møte slike endringar. Det er også viktig for HVL å oppnå resultat i form av studiepoengproduksjon og kandidatproduksjon som KD krev av oss.

Skal vi nå desse måla kan vi ikkje ha for stort avvik mellom finansierte studieplassar/basisfinansiering og den studieporteføljen som HVL tilbyr.

Det er difor viktig strategisk å ha mekanismar som gjer det mogleg å ha ein viss fleksibilitet når det gjeld fordeling av finansierte studieplassar/basisfinansiering internt på fakultetsnivå og mellom fakultet.

Fleksibiliteten kan for eksempel vera knytt til grenser for kor langt studiepoengproduksjonen i eit fakultet kan avvike frå dei finansierte studieplassane før det må gjerast ei omfordeling av finansierte studieplassar/basisfinansiering. Her må det også vurderast om gjennomstrøyming på fakulteta må sjåast i samheng med nasjonale tal innanfor fagområda. Avveginga vil vera kor sterk kopling det skal vera mellom basisfinansiering og studiepoengproduksjon. Viss vi omfordelar finansierte studieplassar så snart det er ein ubalanse mot studiepoengproduksjon, så blir basisfinansieringa i praksis gjort om til resultatbasert finansiering. Det må difor vere ein toleranse for at det er skilnader mellom studiepoengproduksjon og studieplassar.

Det kan også vera ei vurdering om budsjettfordelinga skal endrast ved å ha ei anna prosenttildeling til fakulteta enn 80% av inntekta for studiepoengproduksjon og kandidatproduksjon. Dette vil også kunne gi større fleksibilitet og større resultatavhengigheit. Spørsmålet er om desse to elementa i sum gir for lite fleksibel drift.

Dette er også ei problemstilling på instituttnivå, ikkje berre mellom fakultet. Det kan vere store skilnadar innad i eit fakultet korleis studiepoengproduksjonen er i høve til finansierte studieplassar, og omfanget på studiepoengproduksjonen.

Fleksibiliteten og dei fordelane det har i høve til etterspurnad, så vil det internt kunne få store økonomiske og driftsmessige konsekvensar. Til dømes vil dagens budsjettfordelingsmodell gje ei omfordeling på 3,7 MNOK ved omfordeling av 100 studieplassar i kat. E frå eitt fakultet til eit anna. Dette vil mest truleg bety nedlegging av enkelte studietilbod og driftsmessige konsekvensar i form av tilsette som mister oppgåvene sine. Dette kan til dømes bety omplassering av tilsette, eller i ytterste konsekvens oppseiingar. Andre fagmiljø vil kunne byggast ut.

Auka fleksibilitet må vegast opp mot desse konsekvensane, og når ein er villig til å ta desse.

Slik omtala i dette kapitlet viser utfordringane og situasjonen i dag ulik for fakulteta, der FIN har størst skilnad mellom finansierte studieplassar og studiepoengproduksjonen. I 2017-20 fekk fakultetet auka tal finansierte studieplassar, men utan auke i studiepoengproduksjonen i perioden. KD si auke i finansierte studieplassar skuldast i all hovudsak opptrapping som følge av konjunktursituasjonen tidlegare på 2010-talet.

På grunn av god tilgang på studentar og ei god finansiering gjennom studiepoengproduksjon (og dei seinaste åra kandidatar), var det nok ei bevisst utvikling ved dei tidlegare høgskulane (no HVL) at omfanget på studieporteføljen auka meir enn dei finansierte studieplassane, dvs tilhøyrande basisfinansiering. Det vil aldri vere eit 1-1-forhold mellom finansierte studieplassar og

studentar/studiepoengproduksjon, men HVL må vera bevisst på om vi skal halde fram å auke studieporteføljen utan finansierte studieplassar. Fakulteta har behov for basisfinansiering for å finansiere forskning og utviklingsarbeid og ha eit godt fagmiljø knytt til utdanninga. Det er difor utfordrande å starte studietilbod utan basisfinansiering i botn, dersom ein ikkje har anna basisfinansiering som kan omdisponerast. Desse vurderingane vil vera ulike frå fakultet til fakultet, evt som omtala over – omdisponering mellom fakultet.

Når studietilbod blir godkjent er det viktig å få fram dei driftsmessige konsekvensane, og gjera vurderingar av blant anna finansierte studieplassar/basisfinansiering og konsekvensar for fagmiljøa.

Økonomisk berekraft i studieporteføljen

Dagens studieportefølje er vurdert i høve til økonomisk berekraft knytt til direkte utdanningskostnader og direkte resultatinntekter basert på studiepoengproduksjon og kandidatproduksjon. Dei sentrale variablane er :

- ressursmodellane som fakulteta nyttar for å fastsette direkte utdanningskostnader
- tal registrerte studentar
- gjennomstrøymingsgrad

Ressursmodellane er ulike ved fakulteta og gjennomstrøyming er ulik. Med fleire føresetnader kan ein grovt seie at 20-35 studentar krevst for økonomisk balanse på bachelornivå og masternivå. Fakulteta har stor del emne som har færre enn desse studenttala. Det er FHS som skil seg ut med å ha svært få emne med få studentar. Elles har dei andre fakulteta ein nokså høg del emne med studentar under desse grensene. Noko av dette blir finansierte av emne med mange studentar. Det er viktig å få fram at i tal emne er det enkelte som er utfasa, nokre er planlagt utfasa og ein del emne blir samkøyrde (men blir definert som ulike emne på dei ulike campus). Det er likevel slik at dette viser eit bilete/trend.

Ressursmodellane ved fakulteta er i denne evalueringa sett opp mot kvarandre, men er ikkje vurdert. Modellane og ressursbruken er ulik – noko som er naturleg utifrå studieprogramma sin art, samansetnad og finansieringskategori. Det er likevel slik at ein internt mellom fakulteta kunne dra nytte av erfaringsutveksling og å vurdere innretninga på modellane, og korleis dei blir nytta reint praktisk. Det er store ressursar knytt til utdanningsverksemda. Modellane tek i ulik grad høgde for stordriftsfordelar med store kull, og skjønsmessig økonomiske fordelingar til institutt med lågare studenttal som blir vurdert strategisk viktig i høve til SEFØ-modellen. Intern budsjettfordeling og styring av dette varierer mellom fakulteta, men vil då også ha betydning for utvikling av studieporteføljen.

I kapitelet er fakulteta sine emne vist i høve til kor mange studentar som gjennomførte dei ulike emna. Det er interessant å sjå samansetnaden av emne/studenttal for fakulteta. Fakulteta har, med unntak av FHS, mange emne med eit studenttal som ikkje er økonomisk berekraftig. I eit strategisk og økonomisk perspektiv er det viktig å vurdere porteføljen, og spesielt tal retningar og tal valfag der studenttalet blir lågt. Låge studenttal er også knytt til campusnivå. Desse vurderingane må takast og løysingane kan vera fleire, organisering og å nytte moglegheitene som fusjonen har gitt, vil framover også bli sentralt.

I dei årlege gjennomgangane av studieporteføljen ser vi at emne med få ferdige studentar er viktig å vurdere, i tillegg til heile studieprogram med få ferdige kandidatar. Då kan vi fange opp problemstillingar knytt til omfang av valemne og studieretningar.

7. Vurdering og oppsummering

Føremålet med den periodiske evalueringa er å gje styret eit grunnlag for å vedta langsiktige prinsipp for vidare strategisk utvikling av den samla studieporteføljen ved HVL.

Ut frå mandat og tidsramme har prosjektgruppa gjort ei avgrensing både av tema (breidde) og nivå (dybde) av evalueringa.

Under vert det gitt ei vurdering av dimensjonar ved studieporteføljen som prosjektgruppa meiner styret bør ha eit særleg fokus på framover gitt funn i kartlegginga som no er gjort.

Avslutningsvis gir prosjektgruppa også ei kort oppsummering av nokre erfaringar frå den periodiske evalueringa.

7.1 Prosjektgruppa sine tilrådingar

Kvart av kapitla 3 – 6 har eit avsluttande vurderingskapittel. Vi gjentek ikkje desse vurderingane i dette kapitlet. Kapitla tar for seg ulike indikatorar frå SEFØ modellen – og gjennomgangen viser at desse til dels er overlappende, og at dei enkeltvis kan stå i motsetnad til kvarandre. I slike høve er det ikkje laga ei prioritering av indikatorane, men det må brukast skjønn. Her er lenker direkte til dei aktuelle vurderingskapitla:

- [Kapittel 3 - Gjennomgåande utdanningsløp](#)
- [Kapittel 4 - Korleis svarar HVL på regionalt og nasjonalt utdanningsbehov i lys av livslang læring](#)
- [Kapittel 5 - Studentrekruttering: HVL sin konkurranseposisjon regionalt og nasjonalt](#)
- [Kapittel 6 - Studieporteføljen si økonomiske berekraft](#)

I denne evalueringa har gjennomgåande utdanningsløp vore eit overordna tema. Dette er sentralt med tanke på universitetsambisjonen, men og for at HVL sin profil skal vere tydeleg. Kapittel 3 syner at dei aller fleste studentar som startar på ei bachelorutdanning ved HVL kan gå vidare i utdanningsløpet til og med ph.d. på HVL – men at det varierer i kva grad eit masterløp er profesjonsretta eller har ei breiare innretning. Vi ser og at nokre av løpa er meir sårbare enn andre når det gjeld rekrutteringsveggar og studenttilgang og at i ei vidare utvikling av porteføljen, enten ved å legge ned eller etablere nye studietilbod, må ein ha merksemd på rekrutteringsgrunnlag for ph.d.-utdanningane. Det er sentralt for universitetsambisjonen at det er god kopling mellom ph.d.-utdanningane og program på høgare nivå når det gjeld å uteksaminere tilfredsstillande tal kandidatar. Dette handlar også om å sikre eit godt samspel mellom FoU- og utdanningsverksemda ved HVL.

Ei utvikling av porteføljen mot meir profesjonsspesifikke mastertilbod – enten som eigne utdanningsprogram eller som studieretningar, eller smale bachelorprogram – kan utfordre den økonomiske berekrafta for enkeltprogram. Her vil strategiske omsyn knytt til vår profil som ein profesjons- og arbeidslivsretta institusjon måtte vurderast opp mot økonomisk berekraft. Fakultet og institutt kan ha andre studieprogram som går med overskot og det kan planleggjast for berekraft i ein større del av porteføljen enn for eit program. Det kan vere aktuelt å utvikle ei sjekklister som kan vere støtte i utgreiingsfasen.

Dei same vurderingane må gjerast knytt til å svare på forventningar om å tilby utdanning i lys av livslang læring. Det er ei målsetjing å svare på regionale utdanningsbehov, men vi må i vurderingane også ta omsyn til økonomisk berekraft og tilstrekkeleg tal studentar. Det gjeld både om det er eksternt eller internt finansierte tilbod. Vi ventar og på avklaring nasjonalt om finansiering av denne reforma.

Kandidatundersøkingar syner at det er etterspørsel etter dei kandidatane HVL utdannar. I vår

samhandling med omgjevnadene ser vi likevel og at det er behov vi ikkje i stor nok grad svarer på - i prosjekt livslang læring er det peika på korleis HVL kan arbeide vidare med dette.

Talet på studieprogram på masternivå varierer mellom fakulteta, på nokre område må vi vurdere om det å etablere fleire mastergradar kan vere med å auke rekrutteringa til bachelorstudia. Det kan vere meir attraktivt å søkje seg til ein institusjon der det er eit tydeleg løp fram til mastergrad, dette gjeld særleg FIN og FØS.

Rapporten gir nokre døme på tverrfakultært samarbeid. Prosjektgruppa understrekar også betydninga av samarbeid mellom fagmiljø i og mellom fakultet og campus i den vidare utviklinga av studieporteføljen.

Når campusperspektivet vart tona ned i denne evalueringa er det på bakgrunn at studieporteføljen ved dei fem campusane våre står sentralt i campusutviklingsprosjekta. For å sikre god kunnskapsoverføring i HVL er det viktig at denne evalueringa vert nytta i det vidare arbeidet med campusutvikling.

I arbeidet med å utvikle nye studieprogram ved HVL er det viktig med ei systematisk tilnærming til bruk av eksterne datakjelder som til dømes SSB, årlege rapportar frå fylkeskommunar og tilbakemeldingar frå næringslivet, som kan gje betre kunnskap om rekrutteringsgrunnlaget.

Utover dette tilrår arbeidsgruppa at HVL på bakgrunn av kunnskapsgrunnlaget i rapporten arbeider vidare med å:

- Vurdere om forholdet mellom utdanningsprogram og studenttal på ulike utdanningsnivå er slik ein ønskjer
- Fastsette prinsipp for kva rolle årsstudium skal ha i gjennomgåande utdanningsløp
- Avklare tilhøve mellom fleksible utdanningar og heiltidsutdanningar på campus sett i lys av behov både i arbeidslivet og hos potensielle studentar. Her er det behov for meir kunnskap.
- Gjere ei utgreiing av om eit gitt tal/del av basisfinansierte studieplassar skal nyttast til kortare og meir tidsavgrensa utdanningstilbod for å svare utdanningsbehovet i lys av livslang læring
- Utvikle prinsipp/retningslinjer for flytting av basisfinansierte studieplassar mellom fakultet
- Stimulere til samarbeid mellom fagmiljø på tvers av fakultet og institutt om utvikling av utdanningstilbod, og innpass og sambruk av emne på tvers av utdanningsprogram
- Auke målretta innsats for rekruttering av eigne bachelorstudentar til HVL sine masterprogram.
- Ha fokus på rekrutteringsstrategien og dei årlege planane for rekruttering.

7.2 Erfaringar med gjennomføring av den periodiske evalueringa

Det er første gong høgskulen gjennomfører ei periodisk evaluering av samla studieportefølje. SEFØ-modellen er lagt til grunn for evalueringa.

Prosjektgruppa er av den oppfatning at SEFØ-modellen har vore eit godt verktøy i dette arbeidet.

Evalueringa viser at det kan vere behov for ei justering av modellen, mellom anna innanfor området økonomisk berekraft. Når ein bør gjere ei slik justering må sjåast i lys av andre prosessar både ved HVL og nasjonalt.

I denne evalueringa vart det av ulike grunnar, m.a. grunna tidsramma for prosjektet, gjort ein del avgrensingar. Vår erfaring er at høgskulen i tilsvarende evalueringar i framtida også bør gjere eit utval

av prioriterte område/indikatorar i SEFØ- modellen som skal leggest til grunn for evalueringa. Eit alternativ kan vere meir avgrensa, tematiske evalueringar.

Resultata frå høgskulen sitt kvalitetsarbeid skal inngå i kunnskapsgrunnlaget ved vurdering og strategisk utvikling av institusjonen si samla studieportefølje³⁹. Oppfølging av etablerte studieprogram skjer i årlege og periodiske prosessar (kvart femte år). Årshjulet for oppfølging av etablerte studieprogram⁴⁰ legg til rette for diskusjonar og vurderingar knytt til følgjande tema i løpet av året: Rekruttering, opptak og studiestart - Opplevd kvalitet - Resultat og gjennomstrøyming - Internasjonalisering - Fagmiljø - Praksis - Læringsmiljø – Relevans.

Systematisk innhenting av slikt datagrunnlag over tid og dokumentasjon på oppfølging er også verdifull informasjon inn i ei samla periodisk evaluering

Avslutningsvis vil prosjektgruppa understreke at periodiske evalueringar av samla portefølje er ressurskrevjande og det må setjast av god tid til slike evalueringar, for å legge til rette for medverknad internt og eksternt. I rammeverket er det sagt at HVL skal ha ei slik evaluering i kvar styreperiode, det bør gjerast ei vurdering av om ein bør ha lengre tidsintervall mellom evalueringane. Når neste periodiske evaluering skal vere må også sjåast i lys av arbeidet med universitetssøknaden.

Mandat og organisering må forankrast godt, både på institusjons- og fakultetsnivå.

³⁹ [Studietilsynsforskipta § 4-1 \(6\)](#)

⁴⁰ [Sak i Utdanningsutvalet 19/20 Oppfølging av etablerte studieprogram](#)

Figurliste

Figur 1 Studentar og studieprogram på HVL sine campus våren 2021.	10
Figur 2 Inn- og utreisande studentar med opphald over 3 månadar i perioden 2017-2020	12
Figur 3 Studieprogram ved HVL på fordelt på bachelor-, master og doktorgradsnivå vår 2021.....	17
Figur 4 Prosentvis fordeling av studieprogram og tal studentar fordelt på bachelor-, master- og doktorgradsnivå vår 2021.	18
Figur 5 Utvikling i tal studieprogram på bachelor-, master og doktorgradsnivå 2018-2021.....	19
Figur 6 Utvikling i tal studentar på bachelor-, master og doktorgradsnivå 2018-2021.....	19
Figur 7 Fordeling av studieprogram, heiltidsstudentar, avlagte kvalifikasjonar og produserte 60-studiepoengs-einingar på bachelor- og masternivå (2-årig master) i 2020.	20
Figur 8 Del fleksible studieprogram av studieporteføljen.	60
Figur 9 Tal studentar på fleksible studieprogram.	60
Figur 10 Fyrstevalsøklarar pr. studieplass på HVL fordelt på utdanningsområder, 2013-2020.	65
Figur 11 Prosentdelen kvalifiserte søklarar av fyrstevalsøklarar til HVL fordelt på utdanningsområder, 2013-2020.	66
Figur 12 Prosentvis fordeling av studentar møtt etter alder ved utdanningar på HVL utlyst gjennom Samordna opptak 2017-2020.	68
Figur 13 Elevar starta på VG3 studieførebuande utdanningsprogram pr. år	69
Figur 14 Nye KD-finansierte studieplassar pr fakultet sidan fusjonen (akkumulerte tal).....	79
Figur 15 Akkumulert endring i finansierte studieplassar og studiepoengproduksjon	80
Figur 16 Eigenfinansierte studentar (heiltidsekvivalentar), studiepoengproduksjon og finansierte studieplassar pr fakultet i 2020.....	81
Figur 17 Studieportefølje i forhold til finansierte studieplassar pr fakultet.	82
Figur 18 Tal emne på bachelorstudium (inkl. årsstudium) pr intervall med beståtte studentar.	85
Figur 19 Tal emne på bachelorstudium (inkl.årsstudium) pr intervall med beståtte studentar pr fakultet.....	86
Figur 20 Tal emne på master pr intervall beståtte studentar.....	86
Figur 21 Tal emne på master pr intervall beståtte studentar pr fakultet.....	87
Figur 22 Tal emne på bachelor/årsstudium pr intervall beståtte studentar pr campus.	87
Figur 23 Tal emne på master pr intervall beståtte studentar pr campus.....	88

Tabelliste

Tabell 1 Prosjektorganisering.....	7
Tabell 2 Døme på nasjonale og institusjonelle rammer for utvikling av studieporteføljen ved HVL.	8
Tabell 3 Fordeling av eigenfinansierte og eksternfinansierte studieprogram på fakultet.	11
Tabell 4 Fordeling av studentar og program med og utan praksis	12
Tabell 5 Nøkkeltal HVL og sektorbildet	13
Tabell 6 KD si fordeling av frie/strategiske studieplassar og fagspesifikke studieplassar	15
Tabell 7 Kandidatmåltal for HVL 2021.	16
Tabell 8 Etablering av nye studieprogram frå 2017 og fram til i dag ved FHS.....	22
Tabell 9 Fordeling studieprogram ved FHS fordelt på bachelor-, master og doktorgradsnivå vår 21..	23
Tabell 10 Etablering av nye studieprogram frå 2017 og fram til i dag ved FIN.....	25
Tabell 11 Studieprogram ved FIN fordelt på bachelor-, master og doktorgradsnivå vår 2021.....	25
Tabell 12 Etablering av nye studieprogram frå 2017 fram til i dag ved FLKI.	27
Tabell 13 Studieprogram ved FLKI fordelt på bachelor-, master og doktorgradsnivå vår 2021.....	28
Tabell 14 Etablering av nye studieprogram frå 2017 fram til i dag ved FØS.	30

Tabell 15 Studieprogram ved FØS fordelt på bachelor-, master og doktorgradsnivå vår 2021	30
Tabell 16 Bachelorprogram som kvalifiserer for opptak til meir generelle masterprogram ved HVL..	31
Tabell 17 Rekrutteringsgrunnlag vidare frå masterprogram til doktorgradsprogram.....	33
Tabell 18 Bachelor- og masterutdanningar med tilbod på tvers av campus våren 2021	37
Tabell 19 Årsstudium ved FØS.	39
Tabell 20 Opptekne studentar og gjennomførte studieprogram på årsstudium på FØS.	39
Tabell 21 Opptekne studentar og gjennomførte studieprogram på årsstudium på FLKI.....	41
Tabell 22 Oversikt over årsstudium ved FLKI.	42
Tabell 23 Døme på utdannings samarbeid med andre institusjonar om gradsutdanningar	43
Tabell 24 Alt i alt, korleis opplever du din nåverande jobbsituasjon?	55
Tabell 25 For deg som har relevant jobb, korlang tid tok det frå du avla din siste eksamen til du fekk tilbod om din første relevante jobb?	55
Tabell 26 Innan kva for ein sektor er din nåverande stilling? Kilde: Kandidatundersøkelsen 2020	55
Tabell 27 Heimstad før studia og arbeidsstad no Kilde: Kandidatundersøkelsen 2020	56
Tabell 28 Arbeidsløyseprosent blant nyutdanna masterkandidatar eit halvt år etter eksamen.....	57
Tabell 29 Tal på studieplassar og nye studentar møtt til studiestart for grunnutdanningar pr. utdanningsområde, 2017-2020.	63
Tabell 30 Tal på studieplassar og nye studentar møtt til studiestart for grunnutdanningar pr. utdanningstype i utdanningsområdet HELSEFAG, 2017-2020.	64
Tabell 31 Tal på studieplassar og nye studentar møtt til studiestart for grunnutdanningar pr. utdanningstype i utdanningsområdet LÆRER, 2017-2020.	64
Tabell 32 Tal på studieplassar og nye studentar møtt til studiestart for grunnutdanningar pr. utdanningstype i utdanningsområdet TEKNO, 2017-2020.	64
Tabell 33 Nye studentar møtt til studiestart for toårige masterutdanningar i Noreg og HVL i 2020...	66
Tabell 34 Fyllingsgrad for HVL sine utdanningar fordelt på utdanningsområder/-typar, 2017-2020.	70
Tabell 35 Prosentdel av søkarar til masterutdanning på HVL med fullført grad frå HVL blant alle søkarar og søkarar møtt til studiestart, 2018-2020.....	72
Tabell 36 Oversikt over omsetning i 1000 kr for ulike eksternfinansiert aktivitet i 2019 og 2020.....	77
Tabell 37 Fordeling av finansierte studieplassar.....	78
Tabell 38 Nye KD-finansierte studieplassar pr fakultet sidan fusjonen (akkumulerte tal).	79
Tabell 39 Studentar i prosent av finansierte studieplassar	80
Tabell 40 Studiepoengproduksjon i prosent av finansierte studieplassar.....	81
Tabell 41 Fordeling av basis- og resultatfinansiering pr fakultet.....	82
Tabell 42 Gjennomføringsgrad pr fakultet (normert + 3 semester).	84

Vedleggoversikt

1. [Mandat for Prosjekt periodisk evaluering av samla studieportefølje – vedtatt av rektor 22.1.21](#)
2. [Mandat for og samansetnad av arbeidsgruppe Etterspurnad \(E\)](#)
3. [Mandat for og samansetnad av arbeidsgruppe Økonomisk berekraft \(Ø\)](#)
4. [Samla oversikt over endringar i gradsutdanningar ved HVL 2017-2021](#)
5. [Oversikt over kategorisering og teljing av studieprogram](#)
6. [Gjennomgåande utdanningsløp ved dei fire fakulteta ved HVL](#)
7. [Kunnskapsgrunnlag om kompetansebehov](#)
8. [Datagrunnlag for kapittel 5 om studentrekruttering](#)
9. [Oversikt over finansierte studieplassar fordelt på fakultet og kategori](#)
10. [Oversikt over studiepoengproduksjon og kandidatproduksjon](#)